



DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

# **Ot.prp. nr. 41**

(2006–2007)

---

Om lov om endringar i opplæringslova  
og friskolelova



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> . . . . .	5	<b>6</b>	<b>Forslag om endringar i føresegnene om fag- og yrkesopplæringa opplæringslova</b> . . . . .	24
1.1	Hovudinnhaldet i proposisjonen . . . . .	5	6.1	Fylkeskommunens ansvar for fag- og yrkesopplæringa . . . . .	24
1.2	Bakgrunnen for lovforslaget . . . . .	5	6.1.1	Gjeldande rett . . . . .	24
1.3	Høringane . . . . .	6	6.1.2	Forslag frå lovarbeidsgruppa . . . . .	26
<b>2</b>	<b>Forslag om lovregulering av reklame i skolen</b> . . . . .	8	6.1.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	26
2.1	Gjeldande rett . . . . .	8	6.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	28
2.2	Framand rett . . . . .	8	6.2	Område for samarbeid mellom arbeidslivet og fylkeskommunen . . . . .	29
2.3	Forslaget i høringsbrevet . . . . .	8	6.2.1	Gjeldande rett . . . . .	29
2.4	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	8	6.2.2	Forslag frå lovarbeidsgruppa . . . . .	31
2.5	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	9	6.2.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	32
<b>3</b>	<b>Forslag om lovregulering av skoleeigarane sitt ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring</b> . . . . .	11	6.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	33
3.1	Gjeldande rett . . . . .	11	6.3	Lærebedriftene, inkludert opplæringskontora og opplæringsringane . . . . .	37
3.2	Forslaget i høringsbrevet . . . . .	11	6.3.1	Gjeldande rett . . . . .	37
3.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	12	6.3.2	Forslag frå lovarbeidsgruppa . . . . .	40
3.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	14	6.3.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	41
<b>4</b>	<b>Forslag om innføring av ei føresegn i opplæringslova om godkjenning av vidaregåande skolar basert på mellomstatlege avtalar</b> . . . . .	16	6.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	42
4.1	Gjeldande rett . . . . .	16	6.4	Rettane og pliktene for lærlingen og lære kandidaten . . . . .	45
4.2	Forslaget i høringsbrevet . . . . .	16	6.4.1	Gjeldande rett . . . . .	45
4.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	16	6.4.2	Forslag frå lovarbeidsgruppa . . . . .	47
4.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	17	6.4.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	48
<b>5</b>	<b>Forslag om innføring av ei føresegn i opplæringslova og friskolelova om kollektiv ulykkesforsikring</b> . . . . .	18	6.4.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	49
5.1	Gjeldande rett . . . . .	18	<b>7</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga</b> . . . . .	51
5.2	Forslaget i høringsbrevet . . . . .	18	<b>8</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget</b> . . . . .	52
5.3	Synspunkt frå høringsinstansane . . . . .	19	8.1	Endringar i opplæringslova . . . . .	52
5.4	Vurderingar og forslag frå departementet . . . . .	22	8.2	Endringar i friskolelova . . . . .	57
				<b>Forslag til lov om endringar i opplæringslova og friskolelova</b> . . . . .	58





DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 41

(2006–2007)

## Om lov om endringer i opplæringslova og friskolelova

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 30. mars 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Denne proposisjonen inneheld forslag om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova).

Det blir foreslått følgjande endringar:

- lovregulering av reklame i skolen (kapittel 2)
- lovregulering av skoleeigarens ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring (kapittel 3)
- innføring av ei føresegn i opplæringslova om godkjenning av vidaregåande skolar basert på mellomstatlege avtalar (kapittel 4)
- innføring av ei føresegn om kollektiv ulykkesforsikring (kapittel 5)
- endringar i føresegnene i opplæringslova om fag- og yrkesopplæringa (kapittel 6)

#### 1.2 Bakgrunnen for lovforslaget

Forslaga i proposisjonen har ulike bakgrunn.

Bakgrunnen for forslaget om lovregulering av reklame i skolen er regjeringa si uttalte målsetjing

i Soria Moria-erklæringa om å motarbeide kommersialisering av undervisningssektoren og å avgrense kommersialiseringa av det offentlege rom.

I statsbudsjettet for 2007 har regjeringa føljt opp målet i Soria Moria-erklæringa om gratis læremiddel for elevane i vidaregåande opplæring. Formålet med forslaget om lovfesting av at skoleeigaren har ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel, er å forankre dette ansvaret i opplæringslova og friskolelova.

Bakgrunnen for forslaget om innføring av ei føresegn som opnar for godkjenning av vidaregåande skolar basert på mellomstatlege avtalar, er m.a. at slike tilbod kan vere viktige bidrag til internasjonalt samarbeid innanfor kultur, språk, utdanning og næringsliv.

Spørsmålet om forsikringsdekning av elevane ved ulykker er teke opp med jamne mellomrom, også av Stortinget. Bakgrunnen for forslaget om å innføre ei føresegn om kollektive ulykkesforsikringar er m.a. utgreiinga NOU 2004:3 *Arbeidsskadeforsikring* frå Yrkesskadeutvalet, der det m.a. er foreslått lovpålagd kollektiv ulykkesforsikring for elevane. Det er ikkje fastsett noko endeleg tidspunkt for oppfølging av denne NOU-en, men regjeringa

foreslår at forslaget om kollektiv ulykkesforsikring for elevar blir behandla uavhengig av dei andre forslaga frå utvalet. Formålet med forslaget om å innføre ei føresegn om kollektiv ulykkesforsikring er å lovfeste at alle elevar, uavhengig av bustad, skal ha forsikringsmessig dekning ved ulykker. Forslaget inneber ei innskjerping i høve til dagens situasjon, der slik kollektiv ulykkesforsikring er frivillig.

Bakgrunnen for forslaga om endringar av føresegnene om fag- og yrkesopplæringa i opplæringslova er m.a. innføringa av Kunnskapsløftet i grunnopplæringa. Formålet med forslaga til lovendringar er å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa gjennom forenkling av føresegnene og tilpassing til behova i dag, m.a. knytte til kva for oppgåver partane i arbeidslivet skal ha i det offentlege opplæringsystemet regionalt, og korleis deltakinga frå partane skal organiserast.

I Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) *Om lov om endringar i friskolelova* blir det mellom anna foreslått å endre tittelen på lova frå lov om frittstående skolar (friskolelova) til lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova). I denne proposisjonen brukast nemninga friskolelova. Dette gjeld likevel ikkje i lovutkastet.

### 1.3 Høringane

Høringsbrev vedlagt rapport med forslag til endringar av føresegnene i opplæringslova om fag- og yrkesopplæringa vart sendt ut 15. mai 2006 med frist for fråsegner 15. september 2006. Høringsbrev med dei andre forslaga om lovendringar vart sende ut 30. oktober 2006 med frist for fråsegner 9. januar 2007, og 17. november 2006 med frist for fråsegner 17. januar 2007.

Synspunkta frå høringsinstansane er nærmare omtalte i tilknytning til dei enkelte forslaga i proposisjonen.

Følgjande instansar har kome med realitetsfråsegner:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet  
 Barne- og likestillingsdepartementet  
 Helse- og omsorgsdepartementet  
 Justis- og politidepartementet  
 Kommunal- og regionaldepartementet  
 Utanriksdepartementet  
 Aust-Agder fylkeskommune  
 Akershus fylkeskommune  
 Buskerud fylkeskommune  
 Finnmark fylkeskommune  
 Hedmark fylkeskommune  
 Hordaland fylkeskommune  
 Møre og Romsdal fylkeskommune

Nordland fylkeskommune  
 Nord-Trøndelag fylkeskommune  
 Oppland fylkeskommune  
 Rogaland fylkeskommune  
 Sør-Trøndelag fylkeskommune  
 Telemark fylkeskommune  
 Troms fylkeskommune  
 Vestfold fylkeskommune  
 Vest-Agder fylkeskommune  
 Østfold fylkeskommune  
 Fylkesmannen i Aust-Agder  
 Fylkesmannen i Buskerud  
 Fylkesmannen i Finnmark  
 Fylkesmannen i Hordaland  
 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag  
 Fylkesmannen i Oslo og Akershus  
 Fylkesmannen i Rogaland  
 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag  
 Fylkesmannen i Vestfold  
 Fylkesmannen i Østfold  
 Bergen kommune  
 Drammen kommune  
 Gjesdal kommune  
 Horten kommune  
 Kongsberg kommune  
 Kristiansand kommune  
 Larvik kommune  
 Lierne kommune  
 Moss kommune  
 Oppegård kommune  
 Oslo kommune  
 Sarpsborg kommune  
 Suldal kommune  
 Vik kommune  
 Ålesund kommune  
 Universitetet i Tromsø  
 Vitenskapsakademiet  
 Universitets- og høgskolerådet  
 Samordna opptak  
 Norges Handikapforbund  
 Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV)  
 Maskinentreprenørenes forbund  
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
 Norges fiskarlag  
 Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndigheitene  
 Skolenes landsforbund  
 Norges Bondelag  
 Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY)  
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)  
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)  
 Utdanningsforbundet  
 KS  
 Faglig råd for design og håndverksfag  
 Faglig råd for elektrofag

Faglig råd for bygg og anlegg	Forbrukarombodet
Faglig råd for naturbruk	Næringsmiddelbedriftenes Landsforening
Faglig råd for helse- og sosialfag	Barnevakten
Sametinget	Kreativt Forum
Innvandrerens landsorganisasjon (INLO)	Hwang Flater Analyse
Arbeidsgiverforeningen NAVO	Norsk lektorlag
Faglig råd for service og samferdsel	Mediebedriftenes Landsforening
Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (Unio)	Abelia Kunnskaps- og teknologibedriftene i NHO
Norsk gartnerforbund	Søraas Bok DA
Elevorganisasjonen (EO)	Statens råd for funksjonshemma
Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)	Kristelig Gymnasium
Musikernes fellesorganisasjon (MFO)	Elev og Lærlingombudet i Nord-Trøndelag
Norsk skolelederforbund	Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Framtiden i våre hender	IKT-Norge
Forbrukarrådet	Dysleksiforbundet
Barneombodet	International Society for Augmentative and Alternative Communication (isaac) Norge
Annonsørforeningen (ANFO)	Den Norske Forleggerforening
Kristne Friskolers Forbund	Bokhandlerforeningen

## 2 Forslag om lovregulering av reklame i skolen

### 2.1 Gjeldande rett

---

Verken opplæringslova eller forskrifta til opplæringslova har i dag noko direkte forbod mot reklame i lærebøker eller andre læremiddel. Det er skoleeigaren sitt ansvar å vurdere kvaliteten av lærebøkene. Det ligg likevel implisitt i føresegna om rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring, jf. § 2–15, at det ikkje kan stillast krav om motytingar i samband med gåver til skolen. Spørsmålet om reklame i lærebøker og andre læremiddel er heller ikkje regulert i friskolelova.

### 2.2 Framand rett

---

Ingen av dei andre nordiske landa har lovregulering av reklame i skolen, men fleire har retningslinjer eller rettleiingar om marknadsføring i og spon-sing av skolen. Finland og England har retningslinjer som gjeld både skolen og bedrifter som ønskjer å sponse skolar. Formålet er å oppnå ei etisk og restriktiv holdning hos sponsorane og hos skolelei-arane. Forbrukarombodet i Finland har utarbeidd retningslinjer som tek utgangspunkt i lovverket for forbrukarrettar og marknadsføring. Retningslin-jene omhandlar m.a. den plikt skolen har til å informere og be om samtykke frå foreldre ved spon-sing, korleis elevane skal lærast opp til å skilje mel-lom informasjon, reklame og underhaldning, og rettleiing om partnerskap mellom skole og næringsliv.

I Danmark har Forbrugerstyrelsen gitt ut ei rettleiing som i hovudsak vender seg til bedrifter som ønskjer å sponse skolar. Denne omtaler m.a. betydninga av at foreldre gir samtykke dersom skolen skal sponsast, omfanget av sponsornamn i undervisningsmaterieell, og grenseoppgangar mel-lom spon-sing, reklame og oppmodingar om kjøp av produkt.

I Sverige har Konsumentverket, i samarbeid med Skolverket og Svenska Kommuneförbundet, laga ei rettleiing om utarbeiding av lokale retningslinjer for spon-sing i skolen. Rettleiinga skisserer kva lokale retningslinjer for skolen eller kommunen bør innehalde, kva krav desse bør stille til

sponsorar, og praktiske forslag til skriftlege avtalar med næringslivet.

### 2.3 Forslaget i høringsbrevet

---

I høringa foreslo departementet ein ny § 9–6 *Om reklame i skolen* i kapittel 9 i opplæringslova. Etter føresegnene skal skolen sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar. I høringa viste departementet til at føresegnene spesielt bør regulere reklame på skolen sitt område, i lærebøker og læremiddel. Dette er heilt sentrale element i skolekvardagen for elevane.

Etter forslaget skal føresegnene i opplæringslova gjelde både den offentlege grunnskole- og vidaregåande opplæringa, og skolar som er offentleg godkjende etter opplæringslova. Av den grunn må det visast til § 9–6 i opplæringslova § 2–12 tredje ledd, som m.a. fastset kva for føresegner i lova som gjeld for private skolar godkjende etter opplæringslova. Det blir også foreslått å ha ei slik føresegn i ny § 7–1a i friskolelova, jf. forslag om endringar i friskolelova som vart sendt på alminnelig høring 10. oktober 2006. Ein slik § 7–1a i friskolelova skal ikkje gjelde for skoler som blir drivne etter kap. 6A.

### 2.4 Synspunkt frå høringsinstansane

---

67 instansar har uttalt seg om dette forslaget. Av desse er 63 positive til at det kjem ei lovregulering av reklame i skolen.

Somme høringsinstansar støttar forslaget med enkelte særmerknader. Det gjeld *KS, Fylkesmannen i Finnmark, Telemark fylkeskommune* og *Drammen kommune* som støttar lovforslaget, men foreslår at omgrepet *skole* i lovforslaget blir bytt ut med *skoleeigar*. Dette blir gjort for å vise ansvaret for oppfølginga til skoleeigaren, som igjen må ha høve til å løyse oppgåva innanfor sitt interne delegeringssystem.

*KS* seier m.a.:

«Til den utsendte lovteksten vil KS ellers påpeke at departementet presiserer i merkna- den til lovforslaget at det er skoleeier som har det formelle ansvaret for å vurdere hvilke rekla- meformer som er akseptable eller ikke. KS mener at skoleeiers ansvar må tydeliggjøres i lovteksten og foreslår prinsipielt at «Skolen» byttes ut med «Skoleeier». Dette vil også sikre bedre likebehandling i den enkelte kommune/ fylkeskommune.»

Når det gjeld utarbeiding av ei rettleiing, hev- dar fleire av høringsinstansane at dette ikkje er til- strekkeleg. Dei meiner at retningslinjer som skal regulere handhevinga av reklameforbodet, bør fastsetjast i forskrift. Dette gjeld m.a. *Utdannings- forbundet, LO, Fremtiden i våre hender, Forbruker- ombudet, Forbrukerrådet og Barneombudet.*

*Barneombudet* seier m.a.:

«For det første vil skoleledelsen stå overfor enkelte utfordringer når de etter skjønn skal vurdere hva som er skadelig, eventuelt ikke skadelig reklame. Barneombudet setter spørsmålstegn ved hvordan departementet har tenkt å sette standarden for hva som er kommersielt press, når departementet skriver «i stor grad kun påvirke haldningar, åtferd og verdiar.» Å gjenkjenne hva som er reklame er relativt lett, men å ha en felles forståelse for hva som er ska- delig/ikke skadelig reklame er en større utfordring. Dette er i utgangspunktet problemstilling- ger som det hersker uenighet om, selv innenfor faglige kretser. Barneombudet synes på nåvæ- rende tidspunkt at dette er uklart og kan slik det nå fremstår ikke finne noen gode nok grun- ner til at skolens ledelse skal ha kompetanse til å vurdere den eventuelle skadeligheten på de enkelte markedsføringsiltakene på en god nok måte.»

Somme av høringsinstansane, m.a. *Fylkesman- nen i Akershus*, meiner lovforslaget er for vagt og kan by på problem for gjennomføringa av oppgåva.

*Fylkesmannen i Rogaland og Forbrukarombudet* ønskjer ikkje ein skjønnsbasert lovtekst.

Fire høringsinstansar går imot forslaget: *Fylkes- mannen i Rogaland, Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Annonserforeningen.* Annonserforeningen og Hordaland og Rogaland fylkeskommunar viser til at det vil vere tilstrekke- leg å utarbeide ei rettleiing.

## 2.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Barn og unge blir i dag eksponerte for kommersi- elt press på ulike måtar og er i aukande grad gjen-

stand for merksemd frå kommersielle aktørar. Reklame i skolen har ved fleire høve vore oppe til debatt, i den samanheng også behovet for lovregu- lering. Skolen er kanskje i dag den einaste arena i livet til barn og unge der det offentlege framleis har eit monaleg handlingsrom for å leggje premis- sar for oppvekstmiljøet, og reelt er skolen ein arena mindre prega av kommersialisering enn mange andre arenaer for barn og unge. Kunnskapsdepar- tementet er oppteke av at det skal vere slik i fram- tida også, og meiner at lovregulering av reklame i skolen vil vere eit eigna verkemiddel for dette.

I høringsnotat 10. juli d.å. foreslo Barne- og likestillingsdepartementet eit nytt kapittel i mar- knadsføringslova om marknadsføring retta mot barn. Forslaget vil likevel ikkje vere eit tilstrekke- leg verkemiddel med sikte på å demme opp for kommersielt press i skolen. Marknadsføringslova er ei generell lov, og ho seier ikkje noko om kvar eller på kva for arenaer reklame er tillate. Lovregu- lering av reklame i skolen hører derfor heime i opplæringslova og friskolelova.

Departementet meiner likevel det er viktig å være realistisk i dette spørsmålet: heller ikkje sko- len kan bli fullstendig fri for kommersiell påverk- nad. Ei variert og aktuell opplæring krev i dag hjel- pemiddel som aviser, magasin, tidsskrifter og Internett, der det vil vere reklame. Eit for katego- risk og altomfattande forbod mot reklame i skolen er derfor uaktuelt. Det vil by på problem å avgrense ei slik føresegn, og det kan også leggje uønskte avgrensingar på samarbeidsrelasjonane mellom skole og lokalt arbeids- og næringsliv.

Departementet har vurdert om det bør vere eit direkte reklameforbod avgrensa til lærebøker, men meiner at dette vil vere ei lite formålstenleg lovregulering. Omgrepet *læremiddel* er delvis i ferd med å erstatte omgrepet *lærebøker*. Utviklinga på området har ført til at det tilrettelagde fagstoffet no anten blir publisert i eit anna medium enn lære- boka, eller ofte er ein «pakke» som kan innehalde både lærebok, arbeidsbok, lærarrettleiing og nett- baserte ressursar. For dei store fellesfaga i både grunnskole og vidaregåande opplæring er det siste vanleg. Eit avgrensa lovforbod mot reklame i lære- bøker vil derfor – ut frå dagens røyndom – ramme berre ein liten del av dei totale læremidla. Dessu- tan er det konstatert at det i dag reelt sett er svært lite reklame i lærebøker.

Departementet er oppteke av å få ei lovregule- ring som i størst mogleg grad skjermar elevane mot uønskt reklame og uønskt påverknad, og som samtidig gir skolen høve til å bruke ulike læremid- del og læringsarenaer og å samarbeide med ulike partar i nærmiljøet. Ei formålstenleg lovregulering

vil derfor vere ei føresegn som pålegg skolen plikt til å sørgje for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdier, m.a. på skolens område, i lærebøker og læremiddel elles. Skoleleiarar og lærarar er dei nærmaste til å gjere vurderingar av kva som er uønskt og skadeleg påverknad på elevane. Slike vurderingar kan vere ulike, avhengig av alderen til elevane. Samtidig er dette eit tema som bør drøftast med elevane, i rådsorgana til skolane og i samarbeid med foreldra.

Med *reklame* meiner departementet kommersielle ytringer. Departementet vil presisere at føresegna i praksis betyr at det ikkje vil vere tillate med noka form for reklame som skolen meiner vil ha uheldig påverknad på elevane, samtidig som det framleis vil vere mogleg med reklameplakatar frå lokalt kulturliv om konsertar, utstillingar eller andre kulturelle opplevingar.

På dette området vil det likevel kunne oppstå spørsmål om kva som er akseptabelt eller ikkje. Det blir foreslått ei lovføresegn der skolen må utøve skjønn i det konkrete tilfellet. For å medverke til at skjønnet ikkje skal bli vilkårleg, er det formålstenleg at lovføresegna blir supplert med ei rettleiing om reklame, sponsing og andre salsfremjande tiltak i skolen. Rettleiinga vil kunne gi sentrale retningslinjer og få ein viktig funksjon ved praktiseringa av føresegna. For at rettleiinga skal bli utforma på ein god måte og fungere etter formålet, vil representantar for brukarane, interesseorganisasjonar og næringslivet bli inviterte til å delta i arbeidet med å lage ho.

På bakgrunn av det ovannemnde meiner departementet at ei skjønsmessig lovføresegn kombi-

nert med ei rettleiing vil vere mest formålstenleg for å motverke kommersielt press i skolen.

Til merknadene frå enkelte høringsinstansar om at det i lovteksten bør heite *skoleeigar* i staden for *skole*, vurderer departementet det slik at det er meir formålstenleg å bruke *skoleeigar* enn *skole* i lovteksten i opplæringslova. Departementet foreslår derfor at denne lovteksten blir endra i samsvar med dette.

Departementet står fast på den foreslåtte lovteksten med den endringa som er nemnd ovanfor. Arbeidet med å utarbeide ei rettleiing vil skje i samarbeid med skoleeigarar, arbeidstakarorganisasjonar og andre aktuelle samarbeidspartar. Dersom det viser seg at forbodet vanskeleg lèt seg handheve med støtte i ei rettleiing, vil departementet vurdere å utarbeide ei forskrift. Lovteksten gir heimel for dette.

Eit anna verkemiddel er bevisstgjerjing av elevane. Gjennom opplæringa skal skolen hjelpe elevane til medvit om og kritisk evne i høve til reklame og marknadsføring. Skolen har her ei viktig oppgåve i å formidle kunnskap og bevisste holdningar til forbruk, kommersialisering og kjøpepress alleie frå skolestart.

Departementet har også vurdert om lovforslaget reiser spørsmål under Grunnloven § 100 eller etter menneskerettsloven § 2. Departementet finner det klart at lovforslaget ikke kommer i konflikt med verken Grunnloven eller menneskerettsloven. Kommersielle ytringer nyter generelt et svakere vern enn andre ytringer, og i dette tilfellet rekker ikke lovforslaget lenger enn hva som er nødvendig for formålet.

### 3 Forslag om lovregulering av skoleeigarane sitt ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring

#### 3.1 Gjeldande rett

Hovudregelen er at vidaregåande opplæring i skole og bedrift er gratis. Dette inneber at fylkeskommunen ikkje kan krevje at elevar, lærlingar, lære kandidat eller vaksne betaler for utgifter i samband med opplæringa. Det er likevel gjort unntak for læremiddel og utstyr til eige bruk som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Dette er regulert i opplæringslova §§ 3–1 siste ledd og 4A–3 fjerde ledd.

Unntaksføresegnene inneber at fylkeskommunen kan påleggje eleven, lærlingen, lære kandidaten eller den vaksne å dekkje kostnadene ved for eksempel lærebøker, kladdebøker og lommekalkulatorar. Fylkeskommunen kan også ta betalt for kopiert undervisningsmaterieil.

I forarbeida er det presisert at lovføresegna er meint å omfatte utstyr og materieil som ordinært må skaffast, og som det i dag er forventa at elevane sjølv held seg med. Når det gjeld berbar pc til individuelt bruk, må fylkeskommunen i det enkelte tilfellet gjere ei konkret vurdering av om slikt utstyr, som følgje av ein pedagogisk grunnleggitt overgang til digitale læremiddel og arbeidsformer, oppfyller kravet til nødvendig utstyr som det er forventa at eleven sjølv held seg med. Dersom fylkeskommunen kjem fram til at så er tilfelle, er departementet si tolking at det ikkje er i strid med opplæringslova å påleggje elevane å halde seg med berbar pc, føreset at elevane ikkje får større utgifter til skolematerieil og utstyr enn dei elles ville ha hatt.

Føresegnene i §§ 3–1 siste ledd og 4A–3 fjerde ledd gjeld for alle som blir tekne inn i offentleg vidaregåande opplæring, også personar som ikkje er omfatta av retten til vidaregåande opplæring etter § 3–1 eller § 4A–3, og personar som blir tekne inn ved vidaregåande skolar som er drivne av staten eller kommunar.

Frittstående vidaregåande skolar som får stats-tilskot som ikkje dekkjer alle driftsutgiftene, kan krevje at elevane (eller dei vaksne) betaler skolepengar etter friskolelova § 6–4 tredje ledd. Dei frittstående vidaregåande skolane har ikkje høve til å

krevje noko slag eigenbetaling frå elevar, foreldre eller vaksne utover det som går fram av § 6–4 tredje ledd. Dei frittstående vidaregåande skolane kan sameleis som dei offentlege vidaregåande skolane krevje at elevane (og dei vaksne) har undervisningsmaterieil og utstyr til eige bruk som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Når det gjeld vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar, viser departementet til friskolelova § 6A–8 tredje ledd.

#### 3.2 Forslaget i høringsbrevet

Departementet meiner at det ansvar skoleeigarane har for læremiddel, bør forankrast gjennom lovregulering i opplæringslova og friskolelova, på lik linje med andre plikter.

I omtalen av ordninga i St.prp. nr. 1 (2006–2007) heiter det at fylkeskommunen får ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel. Dette omfattar også kopiert materieil.

I tillegg til det fylkeskommunale ansvaret får elevane eit ikkje-behovsprøvd stipend som skal medverke til å dekkje utgifter dei har til «andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr». Denne stipendordninga er nærmare omtalt i eit eige høringsbrev frå departementet av 18. oktober 2006 om forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for skoleåret 2007/08 (dvs. støtte gjennom Lånekassa). Det ikkje-behovsprøvd stipendet skal medverke til å dekkje utgifter elevane har til «andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr». Med dette er meint for eksempel kladdebøker, lommekalkulator, påkledning i yrkesfag o.l. Stipendordninga omfattar ikkje lærlingar og lære kandidat.

Enkelte fylkeskommunar har vedteke at elevane i vidaregåande skole må halde seg med berbar pc. I departementet si lovfortolking av ordninga slik ho er i dag, er det lagt til grunn at dette ikkje er i strid med opplæringslova så lenge dei utgiftene

elevane har til læremiddel og utstyr, totalt sett ikkje stig.

Å kunne bruke digitale reiskapar er ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i alle læreplanane for fag. Alle læreplanane i Kunnskapsløftet inneheld kompetansemål der elevane skal bruke digitale reiskapar, hjelpemiddel eller kjelder i læringsarbeidet. I høringsbrevet sa departementet at det er føresetnaden at skoleeigarane har plikt til å ha det digitale utstyret som er nødvendig for at elevane kan nå dei kompetansemåla i læreplanane som er knytte til digitale dugleikar. At elevane har berbare pc-ar er likevel ingen nødvendig føresetnad for å nå kompetansemåla.

Det er ikkje løyvd ekstra midlar til berbare pc-ar i samband med at skoleeigarane får ansvaret for å halde elevane i vidaregåande opplæring med nødvendige trykte og digitale læremiddel. Dersom skoleeigaren vel å organisere opplæringa på ein slik måte at elevane må ha berbar pc, føreset departementet at skoleeigaren vil ha mindre utgifter til andre læremiddel og til stasjonære pc-ar. I høringsbrevet la departementet til grunn at utgiftene til pc-ar, uavhengig av om dei er stasjonære eller berbare, heilt ut skal dekkjast av fylkeskommunen og den frittstående skolen. Departementet foreslo at det høvet skoleeigarane har hatt til å krevje at elevane held seg med berbar pc, ikkje lenger skal gjelde, og at det heller ikkje skal vere høve til å krevje delfinansiering frå elevane.

Opplæringslova § 3–3 opnar for at heile eller større delar av opplæringa kan skje i bedrift. Hovudmodellen for yrkesfaglege utdanningsprogram er to år i skole og to år i bedrift. Departementet la til grunn at skoleeigaren har ansvaret for tilsvarende læremiddel for dei elevane/lærlingane som har ein større del av opplæringa i bedrift enn det som følgjer av læreplanen.

I høringsbrevet foreslo departementet at opplæringslova § 3–1 siste ledd blir endra til:

Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel samt digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkja nokon del av utgiftene til dette. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Tilsvarende foreslo departementet endringar i opplæringslova § 4A–3 og i friskolelova § 6–2.

### 3.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Av dei høringsinstansane som har gitt realitetsfråsegner, støttar eit fleirtal forslaget om lovfesting av gratis læremiddel. Mange høringsinstansar peiker likevel på at dei støttar forslaget under den føresetnad at ordninga blir fullfinansiert av staten.

Svært mange høringsinstansar har uttalt seg særskilt om berbare pc-ar og fordelinga av kostnader mellom skoleeigaren og eleven. Fylkeskommunane og KS gir sterkt uttrykk for at dei ikkje deler departementet sitt syn på at berbare pc-ar ikkje er ein nødvendig føresetnad for å nå kompetansemåla. Dei går også imot forslaget om at skoleeigarane ikkje lenger skal kunne krevje at elevane sjølv held seg med berbar pc, eller at skoleeigarane skal kunne krevje delfinansiering frå elevane.

Argument for dette er at

- utgifter til digitale læremiddel og pc-ar i stor grad kjem i tillegg til trykte læremiddel, og at fylkeskommunane ikkje er kompenserte for denne utgifta
- berbar pc er nødvendig, alle elevar må ha eigen berbar pc
- elevane bør eige og medverke til å betale for pc-en for å medverke til at dei tek meir ansvar for og betre vare på maskinen

KS seier m.a. i høringsfråsegna:

«Hovedinnvendingen er at det i utkast til endringer i opplæringsloven legges til grunn at det ikke er nødvendig at den enkelte elev har sin egen bærbare pc. Ut fra denne forutsetningen vil fylkeskommunene ikke kunne påberope seg å ha utgifter til bærbare pc-er, og det blir ikke anledning for fylkeskommunene til å pålegge elevene å anskaffe slike. I praksis vil den nye lovteksten dermed gjøre det umulig å sikre at alle elevene har sin egen bærbare pc til bruk på skolen – noe de fleste fylkeskommunene ser som helt nødvendig for å nå kompetansemålene i Kunnskapsløftet – med digital kompetanse som én av fem grunnleggende ferdigheter. Her forutsettes det at digital kompetanse skal prioriteres i alle fag og at IKT skal være en integrert del av alt skolearbeid. For å oppnå dette, må alle elever og lærlinger i videregående opplæring ha den nødvendige tilgangen til pc – noe som er en forutsetning for pedagogisk IKT-bruk. KS vil understreke enigheten om at pc for den enkelte elev er en nødvendighet.

Videre vil det at elevene eier sin egen pc, bidra til en forsiktig og påpasselig bruk av utstyret og dermed en lengst mulig levetid. Hvis fylkeskommunene får et samlet ansvar for

utlån og service på pc-ene, vil kostnadene knyttet til administrering også bli betydelige. Man har så langt ikke gode beregninger på hva dette vil koste.

Elevenes pc-er bør finansieres som en del av stipendordningen til gratis læremidler i Statens lånekasse for utdanning – eventuelt i form av en verdisjekk spesielt for dette formålet.»

Eksempel på høringsfråsegner frå fylkeskommunane er fråsegnene frå Nordland og Nord-Trøndelag.

*Nordland fylkeskommune* seier m.a.:

«Fylkesrådet i Nordland er glad for at det nå innføres ordninger med gratis læremidler til elever i videregående opplæring.

Fylkesrådet konstaterer imidlertid at mange fylkeskommuner og Kunnskapsdepartementet har ulikt syn i når det gjelder bruk av bærbar datamaskin. Problemet synes å ha oppstått som en følge av at de ambisiøse målene i Kunnskapsløftet ikke harmonerer med de formuleringene Kunnskapsdepartementet foreslår i ny opplæringslov, at de økonomiske vurderingene i liten grad samsvarer med realitetene for fylkeskommunene og at det er ulik forståelse mellom Kunnskapsdepartementet og Nordland fylkeskommune om hvilken betydning eierskap av bærbar datamaskin har for sosial utjamning og livslang læring.

Gjennom å definere datamaskin som nødvendig utstyr mener fylkesrådet at vilkårene for læring blir mer lik for elever i videregående skole. Fylkesrådet tilrår derfor at dette blir gjort mulig ved å øke stipendtildelingen til elevene i videregående opplæring i framtidige statsbudsjett.

Fylkesrådet gjør i sin uttalelse oppmerksom på at de digitale arbeidsformene påfører fylkeskommunen nye oppgaver og utgifter. Det blir derfor ikke riktig å påstå, slik det blir gjort i høringsnotatet, at fylkeskommunene sparer penger ved at elevene eier egen datamaskin.

Fylkesrådet i Nordland er svært tilfreds med at det nå innføres ordninger med gratis læremidler for elever i videregående opplæring.

Fylkesrådet i Nordland vil imidlertid på det sterkeste frarå den foreslåtte endringen av opplæringslova der fylkeskommunen pålegges å »...halde elevane med ...digitalt utstyr» Fylkesrådet foreslår at datamaskin defineres inn under «...anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.»

For å oppnå likeverdige læringsforhold og sosial utjamning må alle elevene eie bærbar datamaskin. Deler av kostnadene elevene får, dekkes

av stipend. Fylkesrådet ber departementet vurdere å øke stipendtildelingen til elevene i videregående opplæring i framtidige statsbudsjett.

Kunnskapsdepartementet oppfordres til å intensivere forsknings- og utviklingsarbeid i tilknytning til ordninga med gratis læremidler, slik at fylkeskommunene og staten får bygd opp ei ordning som lar seg forbedre etter hvert som en vinner erfaring.»

*Nord-Trøndelag fylkeskommune* seier m.a.:

«Fylkesrådet i Nord-Trøndelag er sterkt uenig i at pc-er for elevene holdes utenfor statlige støtteordninger og at det ikke skal være mulig for fylkeskommunene å pålegge elevene en viss egenbetaling for pc-er. Vilråene for en viss egenbetaling er at elevene ikke påføres utgifter ut over det de ellers ville ha til utstyr og lærebøker. Videre er fylkesrådet uenig i departementets vurderinger, når det sies at bærbare pc-er ikke er nødvendig for å realisere læreplanenes krav til digital kompetanse og digitale ferdigheter. [...]»

*Kristne Friskolers Forbund* seier i fråsegna m.a.:

«Vi ser imidlertid store fordeler med at elevene selv eier lærebøker, eventuelt egen PC. Vårt syn er derfor at man i stedet for ensidig å finansiere læremidlene over skolens budsjetter, bør lage ordninger der elevene mottar stipend for selv å kunne kjøpe, og dermed eie, nødvendige læremidler som lærebøker og PC.»

Desse uttaler vidare at

«Å eie sin egen PC og sine egne lærebøker gir en god, pedagogisk gevinst. Elevene lærer seg å forvalte penger og opptre på en økonomisk fornuftig måte. Det å eie selv stimulerer eleven til å ta bedre vare på lærebøkene. Noen vil kanskje selge dem brukt, mens andre elever vil ta vare på lærebøkene for å ha noe å slå opp i når man senere i livet søker informasjon. Skal man selge og har behandlet tingene bra lærer man at man får mer igjen for dem.»

Andre høringsinstansar nyanserer synet på om bærbare pc-ar er ein føresetnad for å nå kompetansemåla, m.a. Utdanningsforbundet, fylkesmannen i Østfold og elevombodet i Nord-Trøndelag.

*Utdanningsforbundet* seier i fråsegna m.a. at

«Utdanningsforbundet støtter også merknaden om fylkeskommunen og friskolen også har ansvaret for pc-er som er nødvendige for opplæringa. [...] Vi er enige med departementet i at bærbare pc-er ikke er en nødvendig forutsetning for å nå kompetansemålene knyttet til digitale ferdigheter.»

*Fylkesmannen i Østfold* uttaler m.a. at

«Departementet forutsetter at et krav fra skoleeier overfor den enkelte elev om å holde seg med bærbar PC, må resultere i reduserte utgifter til andre læremidler og utstyr. Fylkesmannen støtter opp om departementets vurderinger, men ser at dette ikke er en NÅ-situasjon. Vi tror det vil ta tid før skolene har tilegnet seg en ny pedagogisk tilnærming og en mer helhetlig bruk av digitale læremidler. De fleste opplever at digitalt utstyr og digitale læremidler kommer i tillegg til behovet for trykte læremidler.»

*Elevombodet i Nord-Trøndelag* seier m.a.:

«[...]Slik jeg ser denne saken så har NT-fylke i sin iver etter å være et foregangsfylke, tatt en del snarveier som de nå må ta konsekvensene av. Elevene i fylket er svært misfornøyde med ordningen. Dette går ikke på at man må stille med pc, men på bruken av denne. Når det stilles krav om å ha pc må det også finnes gode pedagogiske argumenter om å opprettholde denne ordningen. De sier ikke at man ikke skal satse på digitale læremidler, tvert imot så mener de at den ikke utnyttes godt nok. Problemet er at det er de som får regningen med satsingen.

[...] pc ikke blir brukt på den måten som var planlagt, mest på grunn av at lærerne ikke har gode nok kunnskaper til å gjennomføre de reformene som er tenkt. Dette viser klart at man ikke har behandlet denne saken godt nok i Fylket. Det vil si at man har gått litt for fort frem.»

*Elevorganisasjonen* seier i høringsfråsegna m.a.:

«Fylkeskommunene oppgir grunnferdigheten som omhandler digital kompetanse som grunn for å innføre kravet om obligatoriske bærbare pcer. Elevorganisasjonen mener at digital kompetanse er en svært viktig del av dagens videregående opplæring. For at elevene skal være best mulig rustet til livet etter videregående må de få godt innføring i bruken av digitale verktøy. Likevel mener Elevorganisasjonen at det er uakseptabelt at elevene blir sittende igjen med regningen for en reform som skal styrke deres egen utdanning. Skolen reproducerer i dag sosiale ulikheter. Å legge inn utgifter på flere tusen kroner bidrar ikke til å snu denne trenden. Innføring av obligatoriske pc-er på elevenes regning i noen fylker vil øke forskjellene fylkene imellom.»

### 3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår at det blir lovfesta i opplæringslova §§ 3–1 og 4A–3 og i friskolelova § 6–2 at skoleeigarane har ansvaret for å halde elevane i vidaregåande opplæring med nødvendige trykte og digitale læremiddel og nødvendig digitalt utstyr. Føresegna i opplæringslova fører vidare prinsippet om at offentleg vidaregåande opplæring er gratis, dvs. at skoleeigarane ikkje kan krevje skolepengar.

Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane, lærekandidatane og dei vaksne å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Elevane får eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Lånekassa, som skal medverke til å dekkje utgifter elevane har til andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr. Stipendordninga omfattar ikkje læringar og lærekandidatar, jf. forskrifta om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2007/08.

Ordninga skal gjelde for Vg2 frå hausten 2007, Vg3 frå hausten 2008 og Vg1 frå hausten 2009.

#### *Særleg om berbare pc-ar*

I dei nye læreplanane etter Kunnskapsløftet, som trede i kraft hausten 2006, er grunnleggjande dugleikar i bruk av digitale reiskapar integrerte – på lik linje med andre grunnleggjande dugleikar – i kompetansemåla for alle fag. Departementet held fast ved standpunktet om at ein personleg eigd pc ikkje er ein føresetnad for at elevane skal nå kompetansemåla i læreplanane. Pc-dekninga i vidaregåande skole er i dag relativt god. Ei spørjeundersøking i vidaregåande skolar, attgitt i *Utdanningsspeilet 2006*, viser eit gjennomsnitt på 2,5 elevar per pc med Internett-tilkopling. For enkeltskolar varierer maskinkapasiteten mellom 0,74 og 8,4 elevar per pc. Når det gjeld elevar per nett-tilkopla pc, varierer det mellom 0,79 og 8,8 elevar.

Når ordninga med gratis læremiddel i vidaregåande opplæring blir innført f.o.m. hausten 2007, meiner departementet at dersom skoleeigaren vel å organisere opplæringa på ein slik måte at kvar elev må ha berbar pc, må det samtidig kunne føresetjast at pc-en blir brukt slik at han delvis erstattar tradisjonelle trykte læremiddel og behovet for stasjonære pc-ar. Dette vil kunne gi skoleeigaren ei innsparing som må inngå i finansieringa av berbare pc-ar. Fleire av høringsinstansane, m.a. nokre fylkeskommunar, peiker på at dette vil vere mogleg på sikt, men at det ikkje er realistisk at ei slik innsparing er mogleg allereie no. Departementet meiner at den foreslåtte lovendringa, som avgrensar at

skoleeigaren kan krevje at eleven dekkjer kostnader til berbar pc, ikkje inneber noka endring av dagens vilkår om høvet til å velje løysingar som føreset at alle elevar har berbar pc. I departementet si lovfortolking av ordninga i dag er det lagt til grunn at pålegg om berbar pc ikkje er i strid med opplæringslova, så lenge dei utgiftene elevane har til læremiddel, totalt sett ikkje blir større. Dette inneber at skoleeigarane heller ikkje i dag står fritt til å påleggje elevane å skaffe berbar pc.

Departementet føreset at skoleeigarar som vel å organisere opplæringa på ein slik måte at alle elevane må ha berbar pc, kan ha ei innsparing knytt til m.a. trykte læremiddel og stasjonære pc-ar. Men departementet ser også at elevar som har berbar pc, kan ha lågare utgifter til anna individuelt utstyr. Departementet foreslår derfor å opne for at fylkeskommunen kan krevje eigendel frå eleven for å dekkje delar av kostnaden for berbar pc. Høvet til å krevje ein slik eigendel føreset at elevane vil få ei innsparing knytt til utgifter til for eksempel kalkulator, kladdebøker o.l. Det er også føresett at eleven får behalde pc-en etter vidaregåande skole. Elevane får eit årleg ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Lånekassa, som skal medverke til å

dekkje utgifter dei har til andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr. Departementet meiner at det er rimeleg at den øvre grensa for eigendelen ligg under den lågaste stipendsatsen i det årlege ikkje-behovsprøvd læremiddelstipendet. Departementet vil fastsetje maksimalt nivå på eigendelen i forskrift.

Departementet meiner at ei ordning der eleven dekkjer delar av kostnaden ved berbar pc og får behalde pc-en etter vidaregåande skole, også kan medverke til at elevane tek meir ansvar for og betre vare på maskinen.

Forslaget er ikkje til hinder for at skoleeigarane kan opprette eller føre vidare andre kjøps-/leasingordningar for berbare pc-ar. Men skoleeigarane kan ikkje *krevje* at elevane deltek i ordningar som føreset eigenbetalingar utover det som er fastsett i forskrift. Skoleeigarane må derfor sørgje for utlån av berbare pc-ar til elevar som av ulike grunnar ikkje ønskjer å vere med på slike ordningar. Departementet understrekar at lån av pc da må vere eit reelt alternativ, og at elevane må få informasjon om dette høvet til val. Lovforslaget er heller ikkje til hinder for at elevar som allereie har eigen berbar pc, kan bruke denne.

## 4 Forslag om innføring av ei føresegn i opplæringslova om godkjenning av vidaregåande skolar basert på mellomstatlege avtalar

### 4.1 Gjeldande rett

Det går fram av opplæringslova § 2–12 at private grunnskolar må vere godkjende av departementet, og at grunnskolar som oppfyller minimumskrava i føresegna, har rett til slik godkjenning. Opplæringslova § 2–12 opnar for godkjenning av norske, internasjonale og utanlandske skolar, under dette ein kombinasjon av desse. På vidaregåande nivå er det fri etableringsrett. Det er likevel berre vidaregåande skolar som driv verksemda etter opplæringslova eller friskolelova, som kan setje standpunktarakterar og utferde vitnemål for fullført og bestått vidaregåande opplæring.

I påvente av ny privatskolelov er det innført ein stans i godkjenninga av nye friskolar etter friskolelova. I friskolelova slik ho lydde før den mellom-bels lova tredde i kraft i juni 2006, var det heller ingen heimel for å godkjenne eit privat vidaregåande tilbod basert på eit anna lands læreplan, eller ein kombinasjon av norsk læreplan og eit anna lands læreplan. Det er såleis ikkje heimel i opplæringslova eller friskolelova for å godkjenne eit slikt tilbod. Det er ikkje foreslått at den nye privatskolelova skal opne for slik godkjenning, jf. høringsbrevet om forslag til endringar i friskolelova datert 10. oktober 2006.

Godkjenning av eit vidaregåande skoletilbod basert på eit anna lands læreplan eller ein kombinasjon av norsk læreplan og eit anna lands læreplan, slik at skolen kan utferde norsk vitnemål, kan på denne bakgrunn ikkje givast med heimel i gjeldande lovverk.

### 4.2 Forslaget i høringsbrevet

I høringsbrevet viste departementet til at det kan vere ønskeleg å leggje til rette for godkjenning etter opplæringslova av enkelte tverrkulturelle vidaregåande skoletilbod som er baserte på bilaterale mellomstatlege avtalar. Departementet la vekt på at eit slikt tilbod vil kunne opne for at elevane

etter fullført skolegang får både norsk vitnemål og vitnemål frå vedkommande land.

Departementet uttalte i tillegg at heimelen bør avgrensast til dei tilfelle der det er inngått ein bilateral mellomstatleg avtale. Det vart peikt på at det store fleirtalet av norske barn og unge skal få si opplæring i offentlege skoler som avspeglar mangfaldet i det norske samfunnet. Departementet meinte likevel at etablering av eit avgrensa tal tverrkulturelle tilbod som står opne for både utanlandske og norske barn og unge, er viktige i høve til internasjonalt samarbeid innanfor kultur, språk, utdanning og næringsliv.

Departementet foreslo derfor i høringsbrevet at det blir etablert heimel i opplæringslova for offentlig godkjenning av tilbod på vidaregåande skolenivå, basert på bilaterale mellomstatlege avtalar, slik at skolen også kan setje standpunktarakterar og utferde norsk vitnemål for fullført og bestått vidaregåande opplæring.

### 4.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av dei høringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget. Eit klart fleirtal av fylkeskommunane støttar, eller har ingen merknader, til forslaget. *Buskerud fylkeskommune* uttaler:

«Fylkesutdanningssjefen støtter departementets syn i at det med bakgrunn i internasjonalt samarbeid er viktig å gi mulighet for etablering av tverrkulturelle tilbud som er åpne for både norske og utenlandske elever, og at det samtidig gis muligheter for både norsk og utenlandsk vitnemål.

Samtidig støtter fylkesutdanningssjefen de avgrensningene som ligger i departementets vurderinger. For å avgrense den frie etableringsretten, ser vi det samtidig som nødvendig at hjemmelen begrenses til tilfeller der det er inngått en bilateral mellomstatlig avtale.»

*Nord-Trøndelag fylkeskommune* støttar ikkje forslaget og uttaler:

«Fylkesrådet i Nord-Trøndelag ønsker ingen utvidelse av adgangen til å godkjenne private skoler ut over de mulighetene som inngår i lovforslaget som Kunnskapsdepartementet sendte ut 10. oktober i år.»

Dei kommunane som har gitt realitetsfråsegn til forslaget, gir det full støtte. Av dei fylkesmannsembeta som har gitt høringsfråsegn, støttar eit klart fleirtal forslaget.

*Sametinget* støttar ikkje avgrensinga i forslaget og meiner at den nye føresegna i opplæringslova § 3–11 i tillegg må omfatte etablering av offentlege, fellesnordiske vidaregåande tilbod for samar.

*Landsorganisasjonen (LO)* og *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* støttar forslaget. *NHO* uttaler m.a.:

«NHO slutter seg til departementets forslag om å innføre en bestemmelse i opplæringsloven om godkjenning av videregående skoler basert på bilaterale mellomstatlige avtaler. Vi har registrert at ønsket om å legge til rette for godkjenning av enkelte tverrkulturelle videregående tilbud som er basert på bilaterale mellomstatlige avtaler, er begrunnet i at det vil kunne åpne for at elevene etter fullført skolegang får både norsk vitnemål og vitnemål fra vedkommende land. Vi har også registrert at i både Sverige og Finland er det etablert en slik ordning i samarbeid med den tyske stat. Den stadig økende globaliseringen gjør det ønskelig å åpne for samme muligheter i Norge.»

*Eleveorganisasjonen* støttar forslaget. Det same gjer *Utdanningsforbundet*, som uttaler:

«Vi viser til vår høringsuttalelse om forslag til endringer i friskolelova. Utdanningsforbundet har i denne høringa gitt støtte til at privatskolelova kan åpne for internasjonale grunn- og videregående skoler i Norge. Med en slik åpning i privatskolelova, kan det stilles spørsmål ved behovet for en hjemmel i opplæringslova for å godkjenne et begrenset antall videregående skoler med internasjonalt grunnlag etter opplæringslova. På den annen side er tverrkulturelle tilbud basert på bilaterale avtaler noe annet enn skoler som skal drive etter internasjonale læreplaner der undervisningsspråket ikke er norsk eller samisk. Utdanningsforbundet vil derfor støtte at det åpnes for et begrenset antall tverrkulturelle tilbud som er åpne for

både utenlandsk og norsk ungdom. Det må være en klar forutsetning for slik godkjenning at det er inngått en bilateral mellomstatlig avtale om skoleoprettelsen og skoledriften.»

#### 4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet merkjer seg at eit klart fleirtal av dei instansane som uttaler seg, støttar forslaget. Departementet finn likevel grunn til å kommentere nokre fråsegner særskilt.

Til innvendinga frå *Nord-Trøndelag fylkeskommune* vil departementet uttale at lovendringsforslaget er avgrensa til å omfatte private vidaregåande skolar som er baserte på mellomstatlege avtalar. Forslaget vil berre opne for eit avgrensa tal tverrkulturelle tilbod som vil medverke til internasjonalt samarbeid innanfor kultur, språk, utdanning og næringsliv. Forslaget er såleis i samsvar med den klare hovudregelen om at det store fleirtalet skal få si opplæring i offentlege skolar.

Til fråsegna frå *Sametinget* vil departementet vise til arbeidet med å utarbeide ein nordisk samekonvensjon og tilføye at konvensjonen ikkje er slutført.

Departementet meiner sameleis som fleirtalet av høringsinstansane at det er ønskeleg å leggje til rette for godkjenning av enkelte tverrkulturelle vidaregåande tilbod som er baserte på mellomstatlege avtalar etter opplæringslova. Med eit tverrkulturelt vidaregåande tilbod er meint skolar som tilbyr opplæring etter ein læreplan som er basert på ein kombinasjon av to nasjonale læreplanar. Eit slikt tilbod vil kunne opne for at elevane etter fullført skolegang får både norsk vitnemål og vitnemål frå vedkommende land. Elevar i slike tilbod nyttar retten sin til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1.

Departementet viser elles til vurderingane i høringsbrevet og foreslår at det blir innført ei føresegn i opplæringslova som opnar for at departementet kan godkjenne private vidaregåande skolar der det ligg føre ein mellomstatleg avtale om å opprette eit slikt tilbod. Forslaget er foreslått teke inn i opplæringslova kapittel 3, som ny § 3–11.

## 5 Forslag om innføring av ei føresegn i opplæringslova og friskolelova om kollektiv ulykkesforsikring

### 5.1 Gjeldande rett

Elevar i offentleg grunnskole og vidaregåande skole er i dag obligatorisk yrkesskadedekte etter folketrygdlova § 13–10. Vidare er barn i skolefritidsordninga (SFO) omfatta, men ikkje barn i barnehage. Dei fleste skoleslaga er omfatta, jf. folketrygdlova § 13–10. Folketrygdlova set m.a. vilkår om at skaden skjer i undervisningstida og på undervisningsstaden. Dekninga gjeld også på skoleturar, ekskursjonar og på idrettsdagar i skolens regi. Ho gjeld ikkje den tida elevane ferdast til/frå skolen, bortsett frå når dei får skoleskyss i regi av skolen, f.eks. med skolebuss.

Det følgjer av folketrygdlova § 5–25 at dekninga er avgrensa til full utgiftsdekning, f.eks. til lege, tannlege, legemiddel, formålstenlege hjelpemiddel til å avbøte skadefølgja og heimtransport. Det blir ikkje ytt eiga yrkesskadedekning utover ordinær utgiftsdekning. Dersom det skjer ei stor ulykke, slik at eleven f.eks. får nedsett framtidig inntektsevne og blir ufør, kan uførepensjon givast etter reglane i folketrygdlova dersom eleven er over 18 år.

Elevar er ikkje omfatta av lov 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskadeforsikring (yrkesskadeforsikringslova). Ordninga, som er obligatorisk, gjeld personskadar påførte arbeidstakarar i teneste hos arbeidsgivarar. Elevar blir etter lova ikkje vurderte som arbeidstakarar i teneste for skolen eller skoleeigaren, heller ikkje der dei får yrkesopplæring på skolen. Elevar som er yrkesutplasserte, lærlingar og lære kandidatlar er likevel rekna som å utføre arbeid for den bedrifta dei er utplasserte i. Da er elevane omfatta av arbeidstakaromgrepet i yrkesskadeforsikringslova og av reglane om yrkesskadeforsikring på lik linje med andre arbeidstakarar. Unntak kan gjelde for enkelte heilt kortvarige arbeidsforhold, f.eks. i tilknytning til *Operasjon dagsverk*.

Det er også etter reglane i folketrygdlova mogleg å få meinerstatning. Dette er regulert i folketrygdlova § 13–17 om meinerstatning ved yrkesskade. Eit vilkår er at ein blir påført varig og betydeleg skade av medisinsk art. Meinerstatninga er

avgrensa til ei årleg utbetaling på 3/4 G. Men ho gjeld for livstid og kan kapitaliserast opp og utbetalt som eit eingongsbeløp.

Det er i dag ingen føresegner i opplæringslova eller friskolelova som regulerer ulykkesforsikring for skoleelevar.

### 5.2 Forslaget i høringsbrevet

I høringsbrevet peiker departementet på at spørsmålet om forsikringsdekning for elevar ved ulykker med jamne mellomrom er teke opp, m.a. av Stortinget, som følgje av konkrete skadetilfelle. I 1996 bad Stortinget departementet greie ut om det var mogleg å lovfeste ei lik forsikringsordning ved ulykke for alle elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring. Bakgrunnen for oppmodinga var mangearta. For det første vart det framheva at mange elevar ikkje var dekte av noka ulykkesforsikring. For det andre vart det påstått at erstatningsutbetalingane under dei eksisterande ordningane var låge, spesielt ved uføre. For det tredje vart det hevda at det var store forskjellar i erstatningsutbetalingane i fylkeskommunane og kommunane. Forskjellane verkar urettferdige og bryt med prinsippet om likebehandling av skoleelevane i landet. Dei bryt også med Stortinget sitt ønske om at alle elevar skal vere tilfredsstillande forsikra. Eit tilleggsomsyn for ei slik ordning kan vere å verne skolen og lærarane mot å komme i erstatningsansvar.

Saka vart følgd opp i Innst. O. nr. 70 (1997–98) om opplæringslova, der KUF-komiteen bad departementet følgje opp saka og finne ei tilfredsstillande ordning. Departementet gjorde diverse undersøkingar i saka, m.a. gjennom ei spørjeskjemaundersøking i fylkeskommunar, kommunar m.m. for å klarleggje omfanget av kollektive forsikringsordningar. Kartlegginga viste m.a. at alle fylkeskommunane og ca. 85 % av kommunane hadde kollektiv ulykkesforsikring for elevar. Forsikringsordninga er kjenneteikna ved at det ved ulykke blir utbetalt ein eingongs forsikringssum ved dødsfall og uføre. Ved uføre har uføregraden betydning for

storleiken på forsikringssummen. Behandlingsutgifter blir dekte innanfor fastsette beløp.

På grunnlag av det ovannemnde prøvde departementet i første omgang å få til ei frivillig ordning i staden for ei pliktig ordning gjennom lov. I nært samarbeid med KS vart det prøvd å påverke alle kommunar til å etablere ei slik forsikringsordning. I dialogen vart det framheva at ein felles framstøyt frå fleire fylkeskommunar og kommunar kunne ha ein premiedempande effekt. Vidare vart det gitt klare signal om kva nivå forsikringsbeløpa burde liggje på. Initiativet overfor kommunane gav ikkje dei ønskete resultatane. Saka vart så teken opp gjennom eit privat lovforslag i Stortinget. Forslaget lydde slik: «*Stortinget ber Regjeringen lovfeste en lik forsikringsordning ved ulykker for alle elever i grunn- og videregående skole utover reglene i lov om folketrygd. Forsikringen må også omfatte ulykker og skader som skjer på skoleveien.*»

I den etterfølgjande stortingsdebatten om dette lovforslaget viste departementet til oppnemninga av Yrkesskadeutvalet. Departementet foreslo å sjå ei mogleg forsikringsordning i lys av dei forslaga utvalet ville komme med. Utgreiinga frå utvalet (NOU 2004:3 *Arbeidsskedeforsikring*) vart lagd fram for Sosialdepartementet 30. januar 2004.

I utgreiinga er det foreslått at ei ny arbeidsskedeforsikring skal erstatte dei reglane om yrkesskadedekning vi i dag har i folketrygdlova. Skoleelevar vil etter forslaget ikkje vere omfatta av dei nye reglane om arbeidsskedeforsikring. Utvalet foreslår at elevar i staden blir dekte gjennom ei lovpålagd kollektiv ulykkesforsikring.

Utgreiinga vart send på høring 25. februar 2004 og er i dag til behandling i Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Det er ikkje fastsett noko tidspunkt for framlegging av ein odelstingsproposisjon om forslaga frå yrkesskadeutvalet.

I høringsfråsegna frå Kunnskapsdepartementet 16. juni 2004 heiter det:

«Departementet støtter utvalgets forslag om å innføre en lovfestet plikt for kommuner, fylkeskommuner og andre (for eksempel statlige og private skoler) til å tegne kollektiv ulykkesforsikring for elevene i grunnsopplæringen. Utvalget har foreslått å lovfeste denneplikten til å tegne kollektiv ulykkesforsikring for skoleelever i Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringsloven) § 13–3b. Dette slutter departementet seg til. [] Vi vil imidlertid presisere at det bør fastsettes like forsikringssummer for same type skade/ulykke, uavhengig av hvor eleven bor i landet. Eksempelvis kan forsikringen kobles mot grunnbeløpet i folketrygdloven, jf. folke-

trygdloven § 1–4. Det er ønskelig med en minstestandard når det gjelder forsikringssummer, og at disse justeres i takt med folketrygdens grunnbeløp. Forsikringssommene bør imidlertid være på samme nivå med forsikringssummer for øvrig i samfunnet.»

Skadepotensialet er stort når det gjeld talet på skadar, særleg hos dei yngre elevane, med hyppige tannskadar. Oftast fører skadane berre til krav om dekning av behandlingsutgifter. Slike utgifter blir i dag dekte av folketrygda, bortsett frå dersom ulykka skjer på skolevegen.

Utløyser ulykkene krav om utbetaling av beløp utover behandlingsutgiftene, blir slike krav ikkje dekte dersom ein skoleelev er busett i ein kommune utan forsikringsordning. At bustadkommune er avgjerande for om ein får erstatning eller ikkje, blir av mange opplevd som urettferdig.

For å innføre ei lovpålagd ordning med ulykkesforsikring for alle elevar raskast mogleg, foreslår derfor departementet at dette forslaget blir behandla uavhengig av dei andre forslaga frå utvalet, og uavhengig av kva for endringar som eventuelt seinare blir gjorde i folketrygdlova.

### 5.3 Synspunkt frå høringsinstansane

75 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget. 33 av dei er positive utan å kommentere forslaget om innføring av ei føresegn om ulykkesforsikring. 26 høringsinstansar kommenterer forslaget og støttar det utan atterhald, medan 15 støttar det med atterhald eller tilleggskommentarar. Berre ein høringsinstans går imot forslaget.

Dei 26 høringsinstansane som kommenterer forslaget og støttar det utan atterhald, er *Barne- og likestillingsdepartementet (BLD)*, fylkesmannsembeta i Østfold, Rogaland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag, fylkeskommunane Nord-Trøndelag, Hordaland, Akershus, Buskerud og Rogaland, ti kommunar, *LO*, *YS*, *Barneombodet*, *Utdanningsforbundet*, *Norges skolelederforbund* og *Musikernes Fellesorganisasjon (MFO)*.

*BLD* viser i høringsfråsegna til at lovforslaget «vil styrke den sosiale profilen til like rettigheter/sikkerhetsnett for alle barn og unge». Andre høringsinstansar framhevar det same og peiker på betydninga av at ein gjennom forslaget prøver å oppnå likskap med same dekningsnivå for alle, at ein held oppe dagens dekningsnivå etter reglane i folketrygdlova om yrkesskadar, og at ein med forslaget unngår ulikskap og urettferd på området. Ein høringsinstans har peikt på barnekonvensjonen, som understrekar at alle barn innanfor rikets

jurisdiksjon skal ha dei same rettane. Andre framhevar omsynet til tryggleik for elevane og foreldra, og at ei obligatorisk ordning vil medføre at elevar og føresette ikkje er prisgitt økonomiske og andre forhold i den enkelte kommunen. Fleire uttrykkjer seg positivt til at det blir utarbeidd utfyllande forskrifter om dekningsnivå, minstestandardar, indeksregulering og dekningsomfang, f.eks. at også ulykker som skjer på skolevegen skal vere dekte. Fleire meiner det vil vere mogleg å få reduserte forsikringspremiar, kanskje med lågare premiar enn mange kommunar har i dag, dersom fleire fylkeskommunar og kommunar samlar seg i ei og same ordning.

Dei 15 høringsinstansane som støttar forslaget med atterhald eller tilleggskommentarar, er *Justis- og politidepartementet (JD)*, *Kommunal- og regionaldepartementet (KRD)*, *Telemark fylkeskommune*, *Fylkesmannen i Hordaland*, to kommunar, mellom desse *Oslo, KS*, *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)*, *Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)*, *Skolenes landsforbund*, *Elevorganisasjonen* og fire faglege råd.

*Telemark fylkeskommune* meiner at meirkostnader som følgje av ei slik føresegn må reknast ut før ei føresegn eventuelt blir innført. Det same uttaler *KS*, som i tillegg ønskjer at det i samband med forskriftsarbeidet blir etablert eit prosjekt som skal vurdere dei ulike økonomiske og administrative sidene ved ordninga, og at *KS* skal delta i prosjektet på vegner av kommunesektoren. Dette er støtta av *KRD*.

Somme instansar påpeiker at også kommunar som i dag har forsikringsordning, kan få auka kostnader, og at dette i alle fall er mogleg så lenge ein ikkje veit kva dekningsnivå forsikringane kjem til å liggje på.

Fleire av høringsinstansane støttar forslaget under den føresetnad at utgiftene til nyordninga blir kompenserte gjennom auka overføringar til kommunane gjennom rammetilskotet frå staten.

Somme framhevar det som positivt at ordninga vil skape orden og også i ein del tilfelle verne lærarane og skolen mot å komme i erstatningsansvar. Andre gir forslaget si prinsipielle støtte, men meiner det må greiast ytterlegare ut. Somme høringsinstansar uttaler at forsikringssummane må regulerast i takt med grunnbeløpet i folketrygda (G-regulering).

Fleire høringsinstansar har peikt på at elevane må vere forsikra ikkje berre når dei er på skolen, men også i dei periodane dei er utplasserte for kortare eller lengre periodar i arbeidslivet. Det blir vist til at dette må gjelde også i dei tilfelle der periodane er så kortvarige at eleven ikkje fell inn under den

obligatoriske yrkesskadeforsikringa som arbeidsgivarar skal ha for sine tilsette, f.eks. under elevdeltaking i *Operasjon dagsverk*.

Ein høringsinstans har peikt på behovet for å peike ut ein upartisk kontaktperson som foreldre/elevar kan bruke når dei skal vende seg til eit forsikringsselskap i ei konkret sak. Ein annan høringsinstans har påpeikt at det bør opprettast ei sentral og frittstående oppgjerseining for alle forsikringsselskapa, for å sikre lik behandling av skadar for alle elevar, og slik at avgjerda i oppgjerseininga blir bindande for partane.

Ein høringsinstans foreslår at ei ny føresegn om ulykkesforsikring i opplæringslova seinare bør vurderast flytta til den eventuelle nye lova om arbeidsskadeforsikring, slik at alle reglar om same tema blir plasserte i same lov. Det blir uttalt at det er viktig å sjå ei ny føresegn om ulykkesforsikring i nær samanheng med føresegnene om yrkesskadeforsikring, slik at ein ikkje risikerer at somme tilfelle fell utanfor og ikkje blir dekte av nokon av føresegnene.

Når det gjeld yrkessjukdommar spesielt, uttaler *JD*:

«Vi er noe i tvil om argumentene om at elever sjelden kan oppleve sykdommer som en følge av skolegangen, eller at forsikringsselskapene kan bli presentert for ufunderte krav, er gode nok for å la forsikringsordningen omfatte kun skader. Det kan kanskje fremstå mindre rimelig at tap som oppstår som følge av skade skal dekkes, men ikke tap som følge av sykdom. At skadefrekvensen er lav, kan anføres som et argument for at de få uheldige bør være beskyttet av forsikring. Justisdepartementet ser argumentet om at barns allergi og luftveislidelser kan lede til krav som foranlediger kompliserte helseutredninger, jf. NOU 2004: 3 side 209. Vi er likevel i tvil om dette er grunn god nok til at de som har lidt tap ikke skal få dekket det. Det er etter vårt skjønn også grunn til å stille spørsmål ved hvorfor elevene har vern mot yrkesykdommer når de er i yrkespraksis, men ikke når de er i skolen».

Vidare heiter det frå *JD*:

«Justisdepartementet støtter forslaget om å særregulere spørsmålet om forsikring i opplæringsloven og friskoleloven. Fremgangsmåten er anbefalt i NOU 2004: 3 som den «mest naturlige løsning», se punkt 10.6.3 side 208. På et senere tidspunkt kan det eventuelt være grunn til å vurdere å overføre reglene om forsikring av eleven til den nye loven om arbeidsskadeforsikring når den foreligger. En fordel ved en slik løsning er at elevens forsikringsdekning reguleres samlet på ett sted slik at en unngår van-

skelige grensedragninger. Uansett er det viktig å sikre at (ulykkes)forsikring etter yrkesskade-forsikringsloven og etter de foreslåtte bestemmelsene utfyller hverandre, slik at det ikke oppstår situasjoner der ingen av ordningene dekker tilfellet. En slik situasjon vil for eksempel kunne foreligge der en ulykke inntrer under en svært kortvarig yrkesutplassering som for eksempel «Operasjon dagsverk».

*JD* påpeiker også at det i dag er fylkeskommunane som har ansvaret for opplæring av innsette i fengsel. Ordninga med kollektiv ulykkesforsikring må også omfatte vaksne som får grunnopplæring, dvs. grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, i fengsel eller som deltakarar i anna opplæring i regi av skolen i fengsla.

*Eleveorganisasjonen* meiner det er uheldig dersom elevar som får yrkesskadar, skal falle utanom ordninga. Organisasjonen hevdar at elevar kan utvikle rygg- og nakkeplager som følgje av ikkje-tilpassa arbeidsplass og asbest- eller astmaplager som følgje av skolebygg i for dårleg stand. Det blir sett på som uheldig om slike sjukdommar ikkje skal ha forsikringsdekning, særleg sidan dette blir hevda å vere brott på skolemiljøforesegner i opplæringslova.

Dersom forsikringsordninga blir avgrensa mot yrkesskadar slik det er foreslått i høringsbrevet, framhevar éin høringsinstans at dette i så fall må komme klart fram av kommentarane til lova.

*Oslo kommune* har i høringsfråsegna synspunkt på yrkesskade-forsikring for elevar som har praksis i bedrift. Det heiter her at fleire bedrifter ønskjer at skoleeigaren skal teikne egne forsikringar for elevar når dei er utplasserte. Ønsket er grunnleggjande med at det trengst administrasjon til å inngå og forvalte forsikring for utplasserte elevar. Reint økonomisk kan dette løysast ved at bedriftene får refundert dei forsikringsutgiftene som kan relaterast til dei utplasserte elevane. Men ikkje alle kommunar tilbyr ei slik refusjonsordning, og ikkje alle bedrifter aksepterer dette som ei tilfredsstillande løysing.

*Oslo kommune* ber departementet foreslå ei lovending slik at alle elevar er ulykkesforsikra også når dei er utplasserte i bedrift. Fleire høringsinstansar påpeiker at elevar utplasserte i bedrift må vere like godt sikra som arbeidstakarar, og at dette må vere heilt klart etter gjeldande føresegner. Eit par høringsinstansar er opptekne av at det blir gitt god informasjon dersom ordninga blir innført.

Berre éin høringsinstans, *Kristne Friskolers Forbund*, går imot forslaget. Forbundet meiner det bør vere ei statleg oppgåve å sørgje for slik ulykkesforsikring. Det blir uttalt at ei eventuell føre-

segn på området derfor bør takast inn i folketrygdlova eller anna lov der det statlege ansvaret blir understreka, ikkje i skolelovgivinga.

Høringsinstansane er bedne om å uttale seg spesielt om fylkeskommunen eller kommunen som sjølvassurandør kan vere eit tilfredsstillande alternativ til pliktig ulykkesforsikring gjennom eit forsikringsselskap.

15 høringsinstansar har uttalt seg om dette, 11 positivt med eller utan atterhald, og 4 negativt. Mange som har uttalt seg positivt, har gjort dette utan nærmare grunngeving. Frå dei som har grunnleggjande standpunktet sitt, blir det framheva at kommunen sjølv må få velje ei sjølvassurandørordning som ikkje gir elevane dårlegare dekning enn ei forsikringsordning, at det i så fall må vere eit regelfesta alternativ til ulykkesforsikring, og at det er problemfritt der erstatningsbeløpa er små. Sjølvassurandøren må heller ikkje kunne fråvike dei minimumskrava som blir fastsette gjennom ordninga.

Det er også påpeikt som uheldig dersom heile ordninga blir leidd over til private forsikringsselskap, og at fylkeskommunar og kommunar derfor må kunne velje den ordninga som dei finn best for egne elevar.

Dei som har uttalt seg negativt om sjølvassurandøralternativet, har påpeikt faren for at det kan vere uføreseieleg, faren for ulikskap som følgje av variable forsikringsutbetalingar frå år til år, at somme elevar vil kunne få problem med å få same dekning som gjennom ei forsikringsordning, mogleg forskjell i tilbodet kommunane imellom, store økonomiske konsekvensar for ein liten kommune dersom det skjer ei stor ulykke, og auka søksmålrisiko ved store erstatningsbeløp.

Høringsinstansane vart også bedne om synspunkt på om det bør innførast ei tilsvarende ordning med ulykkesforsikring for friskolane. 18 høringsinstansar har uttalt seg om dette, alle positivt. Éin høringsinstans, *Kristne Friskolers Forbund*, har likevel gitt si støtte med dei føresetnadene at ei slik ordning blir innført også for offentlege skolar, og at kostnadene ved å innføre ei slik ordning for friskolane blir dekte 100 % av statstilskot. Fråsegnene er generelt lite grunnleggjande. Det blir hevda at alle elevar i grunnopplæringa, uavhengig av skoletilhør, bør sikrast lik behandling, og det blir vist til at noko anna vil gi ei ugrunna forskjellsbehandling. Det blir vidare hevda at nettopp private skolar bør ha ei forsikringsordning, sidan desse er meir sårbare økonomisk enn offentlege skolar. Det blir også framheva at elevar i private skolar bør ha det same vern som elevar i offentlege skolar.

## 5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Når det gjeld innføring av ei ordning med ulykkesforsikring som omfattar alle, har Stortinget ved fleire høve påpeikt det urettferdige ved ordninga slik ho er i dag. Obligatorisk ulykkesforsikring kan kjennast tryggare og meir føreseieleg for elevar og foreldre, og samtidig hindre at dei er prisgitt økonomiske og andre tilhøve i den enkelte kommunen og fylkeskommunen. Dersom det blir innført obligatorisk ulykkesforsikring for alle elevar, må det vere tilnærma same dekningsnivå for alle for å oppnå rettferd. Dekningsnivået kan vere på same nivå som i dag etter reglane om yrkesskadar i folketrygdlova, f.eks. til dekning av behandlingsutgifter og meinerstatning. Føresegner om dekningsnivået bør givast i forskrifter saman med m.a. føresegner om minimumsbeløp og mekanismar for regulering av forsikringssummane. Det same gjeld dekningsomfanget. Ei lovpålagd ulykkesforsikring bør f.eks. også gjelde skadar som skjer på skolevegen. Dette vil innebere ei utviding i høve til føresegnene om yrkesskadar i folketrygdlova § 13–10.

Departementet reknar med at forsikringspremiene kan bli reduserte dersom mange eller alle kommunar samlar seg i ei og same forsikringsordning.

Departementet ser det som svært viktig å få ei ordning med ulykkesforsikring som tilfredsstillar føresegnene i barnekonvensjonen, som slår fast at alle barn innanfor rikets jurisdiksjon skal ha same rettar. I tillegg vil departementet gjennom denne ordninga slutte seg til det private lovforslaget som er omtalt frammanfor.

Departementet har ikkje innvendingar mot seinare å vurdere om ei ny føresegn i opplæringslova mest formålstenleg bør flyttast til ei eventuell ny lov om arbeidsskadevorsikring.

Ei ordning med ulykkesforsikring kan på eit seinare tidspunkt også tenkjast innført for vaksne som får grunnopplæring, barn i SFO, barn i barnehage, vaksne som får grunnopplæring i fengsel og eventuelt elevar i andre skoleslag. Forslag om dette har ikkje vore emne for høring. Ordninga blir ikkje foreslått innført for desse gruppene i denne omgang.

Forsikringsordningar mot ulykker dekkjer normalt ikkje yrkessjukdommar. Det er mogleg å utvide ordninga til også å dekkje slike. Til dette vil departementet seie at det i dag er sjeldan at det hos elevar oppstår sjukdom som kan relaterast til skadeleg eksponering på skolen. Elevar kjem sjeldan eller aldri i kontakt med stoff eller prosessar som er eigna til å framkalle slike sjukdommar. Når sko-

leelevar blir plaga av luftvegsinfeksjonar og allergiar, kjem det sjeldan av skolesituasjonen. Dessutan går elevane berre eit avgrensa tal år på den aktuelle skolen, noko som kan gjere det vanskeleg å avklare årsakssamanhengar. Dersom yrkessjukdommar skulle inkluderast i ordninga med ulykkesforsikring, vil det vere fare for at uforholdsmessig mange skadar, karakteriserte som yrkessjukdommar, ville bli melde til forsikringsselskapa og krevje kompliserte utgreiningar om helse- og årsakstilhøve. Det er mogleg det vil vere eit fåtal slike tilfelle, noko som kan vere eit argument for å ta dei med. Det kan også hevdast at det er urimeleg at tap som følgje av ulykker skal dekkjast, men ikkje tap som følgje av sjukdom. Enda om det kan verke urimeleg at elevane har vern mot yrkessjukdommar når dei er i yrkespraksis, men ikkje når dei er på skolen, kan departementet ikkje sjå desse omsyna som avgjerande. Departementet held fast ved at berre få sjukdomstilfelle vil relatere seg til ein skolesituasjon. Vidare ser departementet det som nyttig i første omgang å hauste røynsler med korleis ei ordning med forsikring ved ulykker vil verke. På denne bakgrunn blir ordninga ikkje foreslått innført for yrkessjukdommar.

Elevar som er yrkesutplasserte, lærlingar og lære kandidatatar vil ha dekning for yrkessjukdommar gjennom yrkesskadevorsikringslova. Departementet reknar med at enkelte svært kortvarige arbeidsforhold vil falle utanfor denne yrkesskadevorsikringa, f.eks. der ein skoleelev er med i *Operasjon dagsverk*. Det er derfor viktig at ei ny ordning med ulykkesforsikring også dekkjer slike unntaksvis tilfelle, for å unngå at elevar fell utanfor to ordningar utan dekning etter nokon av dei. I desse tilfella må ein sjå eleven som verande på skolen, ikkje som utplassert i yrkeslivet. Denne presiseringa må det takast tilbørleg omsyn til i forskriftsarbeidet når det skal fastsetjast nærmare føresegner om dekningsomfanget. Elles synest det klart at elevar utplasserte i bedrifter er dekte av den obligatoriske yrkesskadevorsikringa som arbeidsgivarar teiknar for dei tilsette. At bedrifter av eige tiltak nektar utplasserte elevar å vere ein del av ei slik ordning, kan ikkje akseptrast. Slike elevar skal vere like godt sikra som arbeidstakarar, og lova om yrkesskadevorsikring er obligatorisk for arbeidsgivarar med arbeidstakarar i teneste.

Det finst i dag mange kollektive forsikringsordningar for fylkeskommunar og kommunar. Ei ordning som vil omfatte alle desse, bør derfor ikkje innebere noka arbeidskrevjande eller kostbar nyordning for forsikringsbransjen. Bransjen har allereie etablert system for behandling av slike saker.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, vil departementet foreslå innført ei ordning med ulykkesforsikring som omfattar alle elevar. Så lenge det ikkje finst noka eiga lov om arbeidsskadeforsikring, bør føreseigna takast inn i opplæringslova.

Når det gjeld spørsmålet om fylkeskommunar og kommunar kan velje å stå som sjølvassurandør, viser departementet til grunngevinga i høringsbrevet for ønsket om å innføre ei ulykkesforsikringsordning for skoleelevar, tidlegare også uttalt av Stortinget: For det første vart det framheva at mange elevar ikkje var dekte av noka ulykkesforsikring. For det andre vart det påstått at erstatningsutbetalingane under dei eksisterande ordningane var låge, særleg ved uføre. For det tredje vart det hevda at det var store forskjellar i erstatningsutbetalingane i fylkeskommunane og kommunane. Forskjellane står som urettferdige og bryt med prinsippet om likebehandling. Dei bryt også med Stortinget sitt uttrykte ønske om at alle elevar skal være tilfredsstillande forsikra. Omtalen i høringsbrevet viser at poenget med ei nyordning først og fremst må vere at alle, uavhengig av bustad, skal vere forsikra. Vidare skal alle vere sikra visse minimumsbeløp, og forskjellane i forsikringsutbetalingane skal vere minst mogleg.

I forslaget i høringsbrevet er det vidare lagt opp til at ei lovføresegn må utfyllast av forskrifter på området. Desse skal ta sikte på å sikre dei andre omsyna som er nemnde ovanfor, nemleg at det blir nokolunde same nivå på forsikringsutbetalingane i ulike fylkeskommunar og kommunar, og at det blir sikra visse minstestandardar for erstatningsutbetalingane.

Eit forsikringsselskap vil neppe behandle eit krav frå ein skoleelev annleis enn ein fylkeskommune eller kommune som får eit krav retta mot seg som sjølvassurandør. Det er hevda at søksmålsrisikoen vil vere større dersom eit krav blir retta mot ein fylkeskommune eller kommune, i alle fall dersom kravet er betydeleg. Og det er grunn til å tru at krav, særleg dersom dei utgjer betydelege beløp, vil føre til forhandlingar mellom den skadelidne og motparten, uansett om motparten er ein fylkeskommune, ein kommune eller eit forsikringsselskap.

Dersom det blir innført ei ordning der alle må teikne forsikring, får forsikringsbransjen eit lovsikra monopol. Dette kan medføre høge forsikringspremiar. På den andre sida kan mange fylkeskommunar og kommunar i ei og same ordning ha ein premiedempande effekt.

Dersom alle eller svært mange er tilslutta same forsikringsordninga, kan det tenkjast at situasjonen vil vere noko meir føreseieleg for elevane enn for elevar som er omfatta av andre forsikringsordningar eller er viste til ein fylkeskommune/kommune som er sjølvassurandør. Men denne faren for det uføreseielege kan reduserast gjennom forskrifter som fastset dekningsnivå, minimumsutbetalingar, regulering i samsvar med G-beløpet i folketrygda, dekningsomfang osv. I tillegg vil det at fylkeskommunar og kommunar har høve til å velje ei sjølvassuranseordning, opne for kommunal handlefridom til å velje den ordninga som er gunstigast for eigne elevar og mest økonomisk for den enkelte skoleeigaren.

Departementet går på denne bakgrunn inn for at det blir opna for valfridom for den enkelte fylkeskommune og kommune, dvs. at det kan veljast ei sjølvassurandørordning som ikkje fråvik dei minimumsvilkåra som blir fastsette i forskrifts form.

Dersom formålet er at alle skoleelevar skal stillast likt, uavhengig av skoletilknytning, bør den same plikta også påleggjast friskolar og private grunnskolar godkjend etter opplæringslova § 2–12. Det vil sikre at alle elevar i grunnopplæringa blir behandla likt, uavhengig av skoletilhør. Friskolar og private grunnskolar godkjend etter opplæringslova § 2–12 har stort behov for vern mot erstatningsansvar som kan følgje av å vere uforsikra. Den økonomiske situasjonen for slike skolar er meir sårbar enn for skoler åtte av fylkeskommunar og kommunar. Elevar i friskolar og private grunnskolar godkjend etter opplæringslova § 2–12 har det same behovet for vern som elevar i offentlege skolar. Noko anna ville innebere ei ugrunna forskjellsbehandling.

Departementet foreslår ei tilsvarande forsikringsordning innført for friskolane og private grunnskolar godkjend etter opplæringslova § 2–12.

## 6 Forslag om endringar i føresegnene om fag- og yrkesopplæringa i opplæringslova

I 2005 etablerte departementet ei breitt samansett arbeidsgruppe som skulle gjennomgå føresegnene i opplæringslova om fag- og yrkesopplæring og foreslå endringar der det vart vurdert nødvendig, for å få forenkling av reglane og tilpassing til behova på området slik dei er i dag. Departementet sende rapporten frå gruppa med forslag til lovendringar til høring. Når det i dette kapitlet blir vist til forslaga frå lovarbeidsgruppa, er det forslaga til endringar i opplæringslova frå denne gruppa det er sikta til.

Regelverket om fag- og yrkesopplæringa er i stor grad presisert i forskrift. Av omsyn til den heilskaplege forståinga av lovforslaga er derfor reglar i forskrift også omtalte. Om ikkje anna er uttalt, er det reglane i forskrifta til opplæringslova 23. juni 2006 nr. 724 som blir refererte. Der det blir vist til paragrafar utan nærmare referanse, er det reglane i opplæringslova som er omtalte.

Der omgrepa «læreplan» og «læreplanverket» er nytta i kapitlet, blir det sikta til Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Forskrifta til opplæringslova kapittel 24 har føresegner om innføringstakten for Læreplanverket for Kunnskapsløftet og overgangsordningar frå Reform 94 til Kunnskapsløftet. For lærlingar og lære kandidatlar som etter desse føresegnene ikkje følgjer Læreplanverket for Kunnskapsløftet gjeld i staden læreplanane i Reform 94 og tidlegare nemningar som er fastsette etter denne reforma, jf. forskrifta § 24–12.

### 6.1 Fylkeskommunens ansvar for fag- og yrkesopplæringa

#### 6.1.1 Gjeldande rett

##### 6.1.1.1 *Det generelle ansvaret for opplæring i skole og bedrift*

Opplæringslova § 13–10 første ledd gjer greie for fylkeskommunens overordna, heilskaplege ansvar. Fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskrifta til lova blir oppfylte, og plikt til å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal bli oppfylte. Ansvaret omfattar m.a. å oppfylle retten til vidaregåande

opplæring for dei som er busette i fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 13–3 første ledd. Når det gjeld fag- og yrkesopplæringa, omfattar ansvaret både opplæring i skole og opplæring i bedrift. Dette gjeld også for dei som har rett til slik opplæring som vaksne etter kapittel 4A i lova, sjå § 4A-4 første ledd. Ifall det blir gitt opplæring til elevar som ikkje er heimehörande i fylket (gjesteelevar) er det reglar om refusjon av utgifter i forskrifta kapittel 19. Av lova § 13–3 tredje ledd følgjer at fylkeskommunen også kan påleggjast å setje i gang tilbod som omfattar søkjarar frå andre fylke.

Fylkeskommunen er skoleeigar for offentlege vidaregåande skolar i fylket, jf. § 13–3 sjette ledd. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet under omsyn til m.a. «nasjonale mål, ønska til søkjarane og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper (...)», sjå § 13–3 femte ledd. I denne samanheng viser departementet til at fylkeskommunen som skoleeigar har plikt til å gjennomføre både rapportering og evaluering av opplæringsverksemda etter forskrifta kapittel 2, jf. lova § 14–1 fjerde ledd.

Lova oppgir normalordninga for fag- og yrkesopplæringa som «to års opplæring i skole og eitt års opplæring i bedrift. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år», sjå § 3–3 tredje ledd. Samtidig opnar den same føresegna for at fylkeskommunen i enkelttilfelle kan «godkjenne lærekontrakt/opplæringskontrakt som fastset at heile opplæringa, eller ein større del av opplæringa enn det som følgjer av læreplanen, skal skje i bedrift».

##### 6.1.1.2 *Fylkeskommunens ansvar når det gjeld yrkesopplæringsnemnda (y-nemnda)*

Etter opplæringslova § 12–3 første ledd nemner fylkeskommunen opp ei yrkesopplæringsnemnd som utfører oppgåver knytte til fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemndene har sju medlemmer og skal vere breitt samansette med fire medlemmer frå partane i arbeidslivet, ein lærling- eller

lære kandidatrepresentant, og to andre medlemmer som skal ha innsikt i nærings- og sysselsetjingsspørsmål og skolespørsmål, sjå § 12–3 andre ledd. Ein representant for fylkesarbeidskontoret og ein representant for fylkeskommunen har møte- og talerett, og rett til å få meininga si protokollert, sjå § 12–3 tredje ledd.

Fylkeskommunen har instruksjonsmynde over nemnda i alle spørsmål unnateke faglege spørsmål, jf. § 12–3 fjerde ledd. Det er også fylkeskommunen som peiker ut leiaren og nestleiaren i nemnda for to år om gongen, sjå § 12–3 andre ledd siste punktum. Fylkeskommunen er klageinstans for enkeltvedtak i yrkesopplæringsnemnda, sjå § 15–2 siste ledd.

Etter § 12–3 femte ledd i lova skal fylkeskommunen stille eit sekretariat med leiar til disposisjon for nemnda. På vegner av yrkesopplæringsnemnda utfører sekretariatet dei daglege arbeidsoppgåvene som er lagde til nemnda, jf. forskrifta § 11–10.

Oppgåvene for yrkesopplæringsnemnda er gitt i §§ 4–3, 4–5, 4–6 og 12–4 i lova, og er presiserte i forskrifta kapittel 11 og i enkelte føresegner i kapittel 4 og 6. Etter § 12–4 sjuande ledd kan fylkeskommunen påleggje nemnda andre oppgåver i tilknytning til fagopplæringa. I tilknytning til enkelte av oppgåvene for yrkesopplæringsnemnda har fylkeskommunen lovfesta ansvar. Der heile opplæringa, eller større delar av ho enn det som følgjer av læreplanen, skal skje i bedrift, er det fylkeskommunen som i det enkelte tilfellet kan godkjenne slike lærekontraktar eller opplæringskontraktar, sjå § 3–3 tredje ledd og forskrifta § 6–40. Det er vidare fylkeskommunen som må godkjenne avvik frå opplæringsordninga for den enkelte lærlingen eller lærekandidaten, jf. forskrifta § 11–12, og som etter vilkåra i forskrifta §§ 11–14 flg. kan godskrive tidlegare gjennomgådd teoriopplæring og praksis, sjå forskrifta § 11–13 andre ledd.

Det er yrkesopplæringsnemnda si oppgåve å formidle læreplassar til elevane. Dette går fram av § 12–4 andre ledd og forskrifta §§ 6–37 til 6–39. I dei tilfella da fylkeskommunen gjennom yrkesopplæringsnemnda ikkje klarer å gi opplæring i bedrift til dei som ønskjer det, er det fylkeskommunen sitt ansvar å gi også bedriftsdelen av opplæringa i skole, sjå § 3–3 fjerde ledd. Elevane har da etter gjeldande rett eit reelt høve til å få avslutta bedriftsdelen av opplæringa i skole, slik at dei kan framstille seg for fag- og sveineprøve.

Det følgjer av særskilde reglar for fagopplæringa i forskrifta kapittel 4 at yrkesopplæringsnemnda utfører ei rekkje oppgåver for fylkeskommunen i samband med dokumentasjonskrav, fag- og sveineprøve og kompetanseprøveavvikling. Det

er likevel fylkeskommunen som har det overordna ansvaret for vurdering, dokumentasjon og eksamen etter lova §§ 3–4 første ledd og 4A-4 femte ledd, jf. forskrifta § 4–46. Når det gjeld retten til realkompetansevurdering for vaksne, følgjer ansvaret av forskrifta § 6–27, jf. lova § 4A-3.

### 6.1.1.3 Fylkeskommunens ansvar for kvalitetssystem og tilsyn – det statlege tilsynet

I pkt. 6.1.1.1 er det gjort greie for fylkeskommunens heilskaplege ansvar i § 13–10 første ledd. I den same føresegna andre ledd er fylkeskommunen pålagd å ha eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging. Det er krav om eit system som vurderer om krava i lov og forskrift blir oppfylte, og krav om eit system som følgjer opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar departementet gjennomfører med heimel i § 14–1 fjerde ledd.

Ved sida av fylkeskommunens ansvar etter § 13–10 har yrkesopplæringsnemnda ein eksplisitt heimel i lova § 12–4 for å føre tilsyn med den opplæringa som skjer i bedrift. I forskrifta § 11–5 er det presisert at det er fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda der lærebedrifta er lokalisert som skal føre tilsynet. Føresegna i § 12–4 gir ikkje heimel for å gi lærebedriftene pålegg, men yrkesopplæringsnemnda kan etter forskrifta § 11–4 trekkje tilbake godkjenninga av bedrifter.

I forskrifta er det med heimel i § 14–1 fjerde ledd gitt reglar om den plikt skolen og lærebedrifta har til å evaluere eiga opplæringsverksemd (§ 2–1) og den plikt fylkeskommunen har til å medverke ved innsamling av nødvendige data om opplæringsverksemda (§ 2–2). Forskrifta § 2–1 uttaler at «skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.» Den same regelen legg ansvaret for at vurderingane blir tilfredsstillande gjennomført, til fylkeskommunen.

Det ansvaret fylkeskommunen har etter lova § 13–10 og det tilsynsansvaret fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda har etter lova § 12–4, må sjåast i samanheng med det statlege tilsynet. Reglar om statleg tilsyn og kontroll med kommunalforvaltninga finst både i kommunelova og i opplæringslova. Tilsyn med andre skoleeigarar er lovregulert berre i opplæringslova (§ 14–1) og i friskolelova (§ 7–2). Kommunelova § 59 fastset at staten kan utføre lovlegkontroll av kommunale og fylkeskommunale avgjerder av eige tiltak (§ 59

nr. 5), eller der minst tre medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget ber om det (§ 59 nr. 1). Lovlegkontrollen inneber ei rettsleg overprøving av vedtaket. Dersom det er gjort feil som bryt med kommunelova § 59 nr. 4, slik at avgjerda er ugyldig, kan staten oppheve avgjerda. Staten kan ikkje avgjere saka på ny. I tillegg til lovlegkontrollen er det i kommunelova § 60 gitt heimel for statleg kontroll med og godkjenning av økonomiske forpliktingar. Tilsynet etter kommunelova er delegert til fylkesmannen.

Etter opplæringslova § 14–1 andre ledd skal departementet føre tilsyn etter lova. Myndet er delegert til Utdanningsdirektoratet i rundskriv og vidare til fylkesmennene i delegeringsbrev. Tilsynet gjeld all verksemd etter opplæringslova, under dette fagopplæring i bedrift. Det følgjer av lova at staten i samanheng med tilsyn skal ha tilgjenge til skoleanlegg og dokumentasjon. I praksis er det likevel yrkesopplæringsnemnda med heimel i § 12–4 første ledd som står for tilsynet med opplæringa i bedrift, men staten kan velje å bruke tilsynsheimelen etter § 14–1 andre ledd. I så fall kan det givast pålegg «dersom det blir oppdaga forhold som står i strid med denne lova eller med forskrifter gitt med heimel i lova», jf. § 14–1 tredje ledd.

### 6.1.2 Forslag frå lovarbeidsgruppa

Lovarbeidsgruppa foreslår at omgrepet *tilsyn* berre skal nyttast som nemning på det statlege tilsynet med at kommunen, fylkeskommunen og andre skoleeigarar oppfyller opplæringslova med forskrifter, under dette føresegnene om fag- og yrkesopplæringa. Gruppa vurderer det slik at dette er ei formålstenleg løysing, og viser til at det er i samsvar med NOU 2004:17 *Statlig tilsyn med kommunesektoren*. Fylkesmannen har etter § 14–1 i lova heimel for å føre tilsyn med all verksemd etter opplæringslova, og lovarbeidsgruppa meiner det er viktig at framtidig statleg tilsyn også omfattar fag- og yrkesopplæringa.

Lovarbeidsgruppa foreslår at fylkeskommunen får ansvar for å rettleie og følgje opp korleis lærebedrifter, og bedrifter som er ein del av eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, organiserer og gjennomfører opplæringa. Det blir m.a. vist til at dette vil presisere det heilskaplege ansvaret fylkeskommunen har, både for at retten til vidaregåande opplæring blir oppfylt og for det overordna kvalitetsarbeidet. Gruppa foreslår samtidig at yrkesopplæringsnemndene skal ha ei sentral rolle i planlegginga av kvalitetssystemet, og medverke til å utforme prinsipp og rammer for rettleiinga for og

oppfølginga av bedriftene og skolane og for samarbeidet dei imellom.

Lovarbeidsgruppa foreslår at fylkeskommunen skal ha ansvar for å sjå til at lærebedrifta har eit internt system for kvalitetssikring, og at lærebedrifta skal rapportere til fylkeskommunen. Gruppa meiner at fylkeskommunens kontakt med lærebedriftene bør gå gjennom fagleg leiar i bedrifta.

### 6.1.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Dei fleste høringsinstansane uttrykkjer generell støtte til forslaga frå lovarbeidsgruppa om endringar som gjeld fylkeskommunens ansvar for samanheng og heilskap i fag- og yrkesopplæringa. Det blir i stor grad peikt på at forslaga vil gjere ansvaret for fag- og yrkesopplæringa tydelegare og innebære betre kvalitet i opplæringa. Konkret gir fleire av høringsinstansane støtte til forslaget om fylkeskommunens ansvar for rettleiing og kvalitetssikring, og at yrkesopplæringsnemnda skal stå sentralt i planlegginga av kvalitetssystemet og utforminga av prinsipp og rammer når det gjeld rettleiing for/oppfølging av bedrifter og skolar.

*Arbeids- og inkluderingsdepartementet* uttaler m.a.:

«Det er behov for lovgrunnlag som understøtter dette samarbeidet ved å regulere ansvar, roller og oppgaver mellom aktørene og samtidig gir rom for fleksible lokale løysingar. Departementet oppfatter at lovarbeidsgruppen har kommet med forslag som bidrar til å oppnå dette. Arbeidet som er utført i lovarbeidsgruppen er, etter departementets menig, et viktig skritt i retning av å sikre at flere lykkes med å fullføre fagbrev og færre faller ut og blir arbeidsledige.»

Vidare heiter det m.a.:

«Etter departementets oppfatning, innebærer forslagene til endringar i opplæringsloven:

- tydeliggjøring av fylkeskommunens ansvar for sammenheng og helhet i vidaregåande opplæring, herunder fag- og yrkesopplæring
- klargjøring av ansvars-, rolle- og oppgavefordeling mellom fylkeskommunene og yrkesopplæringsnemndene, der deler av vedtaksmyndighet foreslås flyttet fra nemnd til fylkeskommune.
- styrking av arbeidet med kvalitet i fagopplæringa, herunder systemer for kvalitetssikring, kvalitetsutvikling i den enkelte skole og bedrift, samhandling mellom skole og lærebedrift/opplæringskontor- og ringer, dokumentasjon av bedriftens evner

og planer for opplæring i bedrift, samt kompetanseutvikling.»

*Møre og Romsdal fylkeskommune* uttaler:

«Fylkesutdanningsdirektøren er og samd i at yrkesopplæringsnemnda skal ha ei sentral rolle i planlegging og utvikling av kvalitetssystem for heile fag- og yrkesopplæringa. Det er viktig å streke under samanhengen mellom opplæring i skole og bedrift i yrkesfaga, og at dette også kjem fram i opplæringslova. Ein er og samd i at kvalitet, dimensjonering rådgjeving/rettleiing og regionalt utviklingsarbeid er viktige samarbeidsområde for skole–arbeidsliv, og at yrkesopplæringsnemnda skal ha uttalerett i saker som skal handsamast politisk på desse felte. Vidare er det viktig å presisere at det er fylkeskommunen som skal sjå til at lærebedrifta har eit internt system som kvalitetssikring, og at fylkeskommunen skal ha kontakt med fagleg leiari i bedrifta.»

*Skolenes landsforbund* uttaler:

«Siden R-94 har Yrkesopplæringsnemndenes forvaltningsoppgaver blitt redusert, både direkte som følge av lov- og forskriftsendringer, og indirekte som følge av en praksis der stadig flere forvaltningsoppgaver er blitt delegert til Y-nemndenes sekretariat (fylkeskommunen). Lovgruppens forslag har som intensjon å fullføre denne utviklingen ved å legge kompetansen til å fatte forvaltningsvedtak til fylkeskommunen, mens Y-nemnda rendyrkes som rådgivende organ. Skolenes landsforbund støtter den oppgavefordelingen det legges opp til i forslaget.»

*Fylkesmannen i Nord-Trøndelag* uttaler:

«Vi mener som Lovarbeidsgruppen, at ansvaret for veiledning og oppfølging ovenfor lærebedriftene bør ligge hos fylkeskommunen, og ikke hos yrkesopplæringsnemndene. Fylkeskommunen bør ha ansvar for et helhetlig kvalitetssystem som omfatter hele fag- og yrkesopplæringen, uansett om opplæringen skjer i skole eller bedrift. Vi ser også dette i sammenheng med vår rolle som tilsynsmyndighet – begrepet tilsyn bør slik det anbefales, brukes om den lovlighetskontrollen som fylkesmannen utfører for å kontrollere at fylkeskommunens virksomhet er i tråd med lover og forskrifter.»

*Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)* uttaler:

«Vi gir tilsutning til at fylkeskommunen overtar de forvaltningsoppgaver som i dag er tillagt yrkesopplæringsnemnda og at lovbestemmelsene endres i tråd med dette. YS slutter seg til forslaget om at yrkesopplæringsnemnda fort-

satt skal være det sentrale forum for samarbeid om fagopplæring på regionalt nivå, og at alle saker som behandles med betydning for fag- og yrkesopplæringen forelegges nemnda. Yrkesopplæringsnemndas viktigste ansvarsområde vil bli kvalitet i fag- og yrkesopplæringen, dimensjonering, rådgivning/veiledning og regionalt utviklingsarbeid.»

*Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV)* uttaler m.a.:

«Etter Arbeids- og velferdsdirektoratets oppfatning innebærer forslagene til endringer i opplæringsloven:

- tydeliggjøring av fylkeskommunens ansvar for sammenheng og helhet i videregående opplæring, herunder fag- og yrkesopplæring
- styrking gjennom loven av arbeid med kvalitet i fagopplæringen, herunder systemer for kvalitetssikring, kvalitetsutvikling i den enkelte skole og bedrift, samhandling mellom skole og lærebedrift/opplæringskontor- og ringer, dokumentasjon av bedriftens evne- og planer for opplæring i bedrift, samt kompetanseutvikling.»

*Kommunenes sentralforbund (KS)* uttaler:

«KS ser det som fordelaktig både at yrkesopplæringsnemnda får utvidet sin rolle i fagopplæringen i forhold til i dag, og at det blir trukket et klarere skille mellom henholdsvis fylkeskommunens og nemndas oppgaver. I denne sammenhengen er det naturlig at en rekke forvaltningsmessige oppgaver tas bort fra yrkesopplæringsnemnda og legges til fylkeskommunen. Dette er oppgaver som allerede i dag i stor grad utføres av fylkeskommunenes administrasjon, og endringen vil derfor ikke påføre fylkeskommunen nye oppgaver av særlig omfang. KS mener det er spesielt viktig at yrkesopplæringsnemnda nå gjøres om til først og fremst å være et aktivt rådgivende organ for fylkeskommunen – og at hovedvekten legges på kvalitet, dimensjonering, rådgivning og regional utvikling.»

*Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Hordaland fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune*, meiner at fylkeskommunens ansvar for kontroll, rettleiing og oppfølging av bedrifter bør lovfestast.

Høringsinstansane uttaler generell støtte til forslaget om at tilsynsorganet skal reserverast for det statlege tilsynet med at kommunen, fylkeskommunen og andre skoleeigarar oppfyller opplæringslova med forskrifter. *Buskerud fylkeskommune, Skolenes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Østfold, og NHO*

understrekar at Fylkesmannen som tilsynsmyndighet på området må vere kompetent og godt rusta for tilsyn på området, og at den statlege tilsynsetaten bør tilførast kompetanse for bedriftsbasert tilsyn. Enkelte av høringsinstansane understrekar betydninga av at fylkesmannsembeta må ha einsarta praksis, og at departementet bør vurdere å gi klare retningslinjer for tilsynsarbeidet på dette området. Fleire instansar påpeiker dessutan at dei eventuelle endringane må følgjast opp med eit reelt statleg tilsynsarbeid på fag- og yrkesopplæringsområdet.

Eit fåtal av høringsinstansane uttaler seg konkret til forslaget frå lovarbeidsgruppa om at fylkeskommunen skal sjå til at lærebedrifta har eit internt system for kvalitetssikring, og at lærebedrifta skal rapportere til fylkeskommunen. Dei som omtaler forslaget, støttar det. Utdjupande merknader er derimot få. Høringsinstansane gir brei støtte til forslaget om at fylkeskommunen skal ha kontakt med fagleg leiar i bedrifta.

#### 6.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet sluttar seg til forslaget frå arbeidsgruppa om å reservere omgrepet tilsyn for det statlege tilsynet på utdanningssektoren. Ein slik omgrepsbruk er i samsvar med stortingsbehandlingen av Ot.prp. nr. 97 (2005–2006) Om lov om endringar i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (statleg tilsyn med kommunesektoren), som byggjer på NOU 2004:17 *Statlig tilsyn med kommunesektoren*. Også i lys av dei andre endringsforslaga i denne proposisjonen er ei slik endring i omgrepsbruken formålstenleg.

Departementet støttar arbeidsgruppa i synet på at den kontrollen med bedrifter som blir gjort frå fylkeskommunen si side, ikkje skal ha nemninga *tilsyn*, men *oppfølging og rettleiing*. Dette arbeidet vil vere ein naturleg del av fylkeskommunens ansvar for og arbeid med kvalitetssystem, godkjenning av lærebedrifter og lærekontraktar, og oppfølging av retten til vidaregåande opplæring. Å gi denne verksemda nemninga *tilsyn* vil av den grunn vere uheldig. Heller ikkje det arbeidet lærebedriftene skal gjere for å sikre at dei oppfyller lov og forskrift, bør tilsynsombegrepet omfatte. Denne verksemda er etter departementet si meining i realiteten kvalitetssikring og ikkje tilsyn.

Departementet støttar forslaget om at fylkeskommunen får ansvar for å rettleie om og følge opp korleis lærebedrifter og bedrifter som er ein del av eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, organiserer og gjennomfører opplæringa. På

denne måten blir det presisert at fylkeskommunen har eit heilskapleg ansvar for at retten til vidaregåande opplæring blir oppfylt, og at fylkeskommunen har ansvaret for det overordna kvalitetsarbeidet. Endringa vil samtidig klargjere at fylkeskommunen kan bli gjort ansvarleg dersom kvaliteten av opplæringa ikkje er god nok. Styringsmessig er dette også det mest praktiske, sidan fylkeskommunen har ansvaret for dei vidaregåande skolane og dermed vil få ansvaret for eit heilskapleg kvalitetssystem som omfattar heile fag- og yrkesopplæringa, uavhengig av om opplæringa skjer i skole eller i bedrift. I sum blir dette eit enklare system å halde seg til for brukarane (elevar, lærlingar, lære-kandidatar og bedrifter), sidan ansvaret er plassert i ein og same instans. Der det kjem fram at lærebedrifter ikkje oppfyller krava i opplæringslova eller forskrifta, vil fylkeskommunen ha høve til å trekkje tilbake godkjenninga av lærebedrifta som sank-sjon.

Departementet meiner samtidig at det er svært viktig at yrkesopplæringsnemnda er med i planlegginga av kvalitetssystemet og arbeidet med å forme ut prinsipp og rammer for rettleiinga og oppfølginga av bedriftene og skolane. Departementet støttar derfor forslaget om å gi yrkesopplæringsnemnda ei slik rolle. Informasjon som kjem fram av det arbeidet fylkeskommunen gjer med kvalitetssikring, vil yrkesopplæringsnemnda kunne bruke som grunnlag for arbeid med strategiar for betra kvalitet innan fag- og yrkesopplæringa.

Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at fylkeskommunen skal sjå til at lærebedrifta har eit internt system for kvalitetssikring, og at lærebedrifta rapporterer til fylkeskommunen. Generelt er det viktig at lærebedrifter har interne kvalitetssystem, for å sikre at rettane til lærlingen og lære-kandidaten etter lov og forskrift blir oppfylte, og at opplæringa er av høg kvalitet, inkludert der opplæringa blir gitt av andre. Etter gjeldande forskrift § 2–1 skal lærebedrifta jamleg vurdere i «kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.» Den same føreseigna andre ledd fastset at fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderingane blir gjennomførte etter lova. Dette prinsippet bør lyftast fram og gjerast tydelegare i lova. Ei ny føresegn om det ansvar lærebedrifta har for å ha eit internt kvalitetssystem og plikt til årleg rapportering til fylkeskommunen, vil sørge for nettopp dette.

Departementet har merkt seg at enkelte høringsinstansar meiner at fylkeskommunens ansvar for kontroll, rettleiing og oppfølging av

bedrifter bør gå fram av eigen lovheimel. Etter departementet si vurdering er det ikkje nødvendig å ha eigen heimel som lovfestar ansvaret. Med det lovfesta ansvaret fylkeskommunen har etter § 13–10, i tillegg til ei ny føresegn med krav om kvalitets-sikring i lærebedriftene og årleg rapporterings-plikt, vil det vere unødvendig å lovfeste ein ekspli-sitt heimel for fylkeskommunen for å kontrollere lærebedriftene, til erstatning for den tilsynsheime-len yrkesopplæringsnemnda har i § 12–4. Fylkes-kommunen vil uansett ha heimel for å kontrollere, rettleie og følgje opp både bedriftene i tilknytning til godkjenninga av lærebedrifter og bedrifter som er knytte til eit opplæringskontor eller ein opplæ-ringsring.

Departementet støttar, sameleis som hørings-instansane, forslaget om at fagleg leiar skal vere kontaktpunktet for fylkeskommunen i bedrifta

## 6.2 Område for samarbeid mellom arbeidslivet og fylkeskommunen

### 6.2.1 Gjeldande rett

#### 6.2.1.1 Samansetninga av og funksjonstida for yrkesopplæringsnemnda

Etter opplæringslova § 12–3 første ledd skal fylkes-kommunen nemne opp ei yrkesopplæringsnemnd. Nemnda skal ha 7 medlemmer med personlege varamedlemmer og skal vere breitt samansett, jf. andre ledd i føresegna. Nærmare bestemt skal nemnda ha to medlemmer som er oppnemnde etter framlegg frå arbeidstakarorganisasjonane, to etter framlegg frå arbeidsgivarorganisasjonane, ein lærling eller ein lærekandidat, ein medlem med spesiell innsikt i nærings- og sysselsetjingsspørsmål og ein medlem med spesiell innsikt i skole-spørsmål. Fylkeskommunen og fylkesarbeidskon-toret har rett til å stille med ein representant kvar på møta i nemnda, og dei har rett til å tale og å få meininga si protokollert, sjå § 12–3 tredje ledd.

Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget, sjå § 12–3 andre ledd. Det vil seie at medlemmene i nemnda blir oppnemnde kvart fjerde år, sjå kommunelova § 7. Lærlingrepresen-tanten blir oppnemnd annakvart år. Fylkeskommu-nen peiker ut leiar og nestleiar i yrkesopplærings-nemnda for to år om gongen.

#### 6.2.1.2 Oppgåvene til nemnda

Oppgåvene til nemnda er gitt i lova i §§ 4–3, 4–5, 4–6 og 12–4. I tillegg kan departementet gi nær-mare reglar i forskrift om arbeidet i nemnda, sjå § 12–3 sjettemte ledd. Dette er gjort i forskrifta kapittel

11. Det er også gitt enkelte føresegner om oppgå-vene til yrkesopplæringsnemnda i forskrifta kapit-tel 4 og 6. Både fylkeskommunen og departemen-tet kan påleggje nemnda andre oppgåver enn dei lov- og forskriftfesta oppgåvene i tilknytning til fag-opplæringa, sjå § 12–4 sjuande og åttande ledd. Fylkeskommunen er klageinstans for enkeltvedtak i yrkesopplæringsnemnda. Dette kjem fram av lova § 15–2 fjerde ledd. Fylkeskommunen har instruksjonsmynde i dei sakene av ikkje-fagleg karakter som nemnda behandlar, sjå lova § 12–3 fjerde ledd.

Etter forskrifta § 11–8 fastset yrkesopplærings-nemnda sjølv sine arbeidsoppgåver og arbeidsruti-nar innanfor dei rammene lov og forskrift set. Etter lova § 12–3 femte ledd skal fylkeskommunen stille eit sekretariat med leiar til disposisjon for nemnda. Nemnda kan sjølv etter forskrifta § 11–9 opprette eit arbeidsutval for to år om gongen. Medlemmene i arbeidsutvalet må takast frå medlemmene i yrkes-opplæringsnemnda, og leiaren og nestleiaren i nemnda må vere to av medlemmene i utvalet. Vidare må både arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgivarorganisasjonane vere representerte. Nemnda kan delegere enkelte oppgåver til sekreta-riatet, jf. § 12–3 sjettemte ledd, ev. til eit arbeidsutval. Det er gitt nærmare føresegner om delegering i forskrifta §§ 11–10 og 11–11. Nemnda fastset ret-ningslinjene for kva saker arbeidsutvalet eller sekretariatet kan behandle, sjå forskrifta § 11–11 første ledd.

Sekretariatet utfører dei daglege arbeidsoppgå-vene til yrkesopplæringsnemnda, sjå forskrifta § 11–10, jf. lova § 12–3 sjettemte ledd. Men det er enkelte saker som skal behandlast og avgjerast i nemnda og som dermed ikkje kan delegerast til sekretariatet eller til eit arbeidsutval. Etter for-skrifta § 11–11 andre ledd gjeld dette for det første «planar og retningslinjer for nemnda si verksemd i budsjettåret, og retningslinjer for arbeidet i sekre-tariatet», for det andre «spørsmål om å ta frå ei bedrift retten til å ha lærling/lærekandidat», for det tredje «spørsmål om å ta frå ein lærling/lære-kandidat opplæringsretten, jf. opplæringslova § 4–6», og for det fjerde «spørsmål om å heve lærekon-trakten/opplæringskontrakten når ein av partane i medhald av forvaltningslova har klaga på eit ved-tak».

Yrkesopplæringsnemnda skal nemne opp og administrere prøvenemnd(er) for dei fag det er prøve-kandidatar i, jf. § 12–4 tredje ledd og for-skrifta § 4–61. Etter lova er det høve til å samar-beide med andre fylkeskommunar om oppretta-vinga av slike prøvenemnder. Samansetninga av og opp-gåvene til prøvenemnda er regulerte i forskrifta § 4–61. Det er fylkeskommunen ved yrkesopplæ-

ringsnemnda som vel ut medlemmene etter forslag frå partane i arbeidslivet. Ei prøvenemnd «skal ha minst to medlemmer som har formell fagleg kompetanse innanfor fagområdet, og så langt det er mogleg, arbeidslivserfaring i faget», sjå forskrifta § 4–61 første ledd.

Vidare skal yrkesopplæringsnemnda nemne opp eit rådgivande yrkesutval for kvart av faga eller fagområda. Alternativt kan prøvenemnda verke som yrkesutval. Departementet kan gi forskrifter om samansetninga av og verksemda til yrkesutvala, sjå § 12–3 sjuande ledd. Dette er ikkje gjort.

Etter lova § 12–4 andre ledd skal yrkesopplæringsnemnda formidle elevar til dei lærebedriftene ho har gjort avtale om lære plassar med. I lova er det gitt høve for departementet til å gi nærmare føresegner om framgangsmåten. Dette er gjort i forskrifta §§ 6–37 til 6–39. Etter lova § 4–6 åttande ledd har yrkesopplæringsnemnda ansvar for å skaffe lærlingen eller lære kandidaten ny lære plass eller opplæringsplass der lære bedrifta stansar eller ikkje lenger fyller vilkåra etter § 4–3.

Bedrifter som skal ha lærlingar eller lære kandidatar, må etter lova § 4–3 vere godkjende. Det er fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda som står for denne godkjenninga. Vilkåra for godkjenning er gitt i lova § 4–3 og i forskrifta § 11–1 og dei følgjande. Yrkesopplæringsnemnda har også kompetanse til på visse vilkår å trekkje tilbake ei godkjenning etter forskrifta § 11–4. Det er fylkeskommunen som gir tilskot til lære bedrifter etter lova § 4–4 femte ledd, jf. forskrifta § 11–6. Men det er yrkesopplæringsnemnda som på vegner av fylkeskommunen gjer vedtak om fordelinga av tilskota til bedriftene der lærlingen eller lære kandidaten skifter lære bedrift undervegs, sjå forskrifta § 11–6 tredje ledd.

Det skal opprettast ein skriftleg lære kontrakt eller opplæringskontrakt mellom bedrifta og lærlingen, høvesvis lære kandidaten. For å vere gyldig må denne kontrakten godkjennast av yrkesopplæringsnemnda, sjå lova § 4–5. Vidare har nemnda ansvar i samband med endring eller heving av lære kontraktar, jf. § 4–6. Dersom partane er samde om å heve kontrakten, held det med ei skriftleg orientering til yrkesopplæringsnemnda, elles krevst det samtykke frå nemnda for at ei endring eller heving av kontrakten skal vere gyldig. Det er yrkesopplæringsnemnda som avgjer når lære forholdet tek slutt, sjå § 4–6 fjerde ledd. Vidare krevst det samtykke frå nemnda for å få permisjon, sjå same føresegn sjuande ledd. Lærlingen eller lære kandidaten mister retten til vidaregåande

opplæring etter § 3–1 dersom han eller ho frivillig hevar kontrakten, føreset at yrkesopplæringsnemnda ikkje vedtek noko anna, sjå § 4–6 femte ledd. Yrkesopplæringsnemnda skal på vegner av fylkeskommunen ta imot oppmelding til prøve etter forskrifta §§ 4–47 og 4–50. Vidare har yrkesopplæringsnemnda plikt til å tilretteleggje fag- og sveineprøva og kompetanseprøva når ein lærling, elev eller praksiskandidat har behov for det, sjå forskrifta § 4–58. Yrkesopplæringsnemnda har kompetanse til i særlege tilfelle å oppheve den plikta ei lære bedrift har til å sørge for ei ny gjennomføring av fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva der den første ikkje blir bestått, sjå forskrifta § 4–56. Der eleven ikkje får bestått på prøvearbeidet, kan han eller ho sende klage over den faglege vurderinga til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda, sjå forskrifta § 5–14.

Før den praktiske delen av fag- og sveineprøva blir gjennomført, må lærlingen, eleven eller praksiskandidaten ha bestått yrkesteori, jf. forskrifta § 4–49. Yrkesopplæringsnemnda gjer vedtak om yrkesteorikravet, sjå fjerde ledd i føresegna. Yrkesopplæringsnemnda gjer også vedtak på vegner av fylkeskommunen om unntak frå krav om felles allmenne fag, sjå forskrifta § 4–66 sjette ledd. Det er nemnda si plikt å gi informasjon til bedrifter ved kontraktteikning om høvet til unntak frå teorikrav, sjå forskrifta § 4–48. Etter lova § 12–4 femte ledd er det yrkesopplæringsnemnda si oppgave å vurdere om ho kan godkjenne praksis for kandidatar som melder seg til fag- eller sveineprøve utan læretid, jf. § 3–5. I dei tilfella der den praktiske delen av prøva ikkje er bestått, skal prøvenemnda i samråd med fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda sørge for oppbevaring av prøvearbeidet, ev. sikre ei nøyaktig beskriving av arbeidet, sjå forskrifta § 4–54. Vidare har nemnda som oppgave å skrive ut fagbrev, sveinebrev og dokumentasjon for kompetanse for lære kandidatar, jf. § 12–4 fjerde ledd. Dette er det gitt nærmare reglar om i forskrifta §§ 4–64 andre ledd og 4–65 tredje ledd.

Nemnda har også nokre overordna og meir generelle oppgaver. Etter lova § 12–4 første ledd og forskrifta § 11–5 skal nemnda for det første føre tilsyn med opplæringa i bedrifter etter opplæringslova. For det andre har nemnda etter § 12–4 første ledd vidare eit utviklingsansvar, og for det tredje skal ho ta initiativ til å fremje fagopplæringa i arbeidslivet. Det er vidare nemnda si oppgave å gi rapport til fylkeskommunen og departementet om verksemda og om tiltak som er viktige for fagopplæringa, jf. § 12–4 sjette ledd.

## 6.2.2 Forslag frå lovarbeidsgruppa

### 6.2.2.1 Samansetninga av yrkesopplæringsnemnda

Lovarbeidsgruppa er delt i synet på samansetninga av yrkesopplæringsnemnda. Usemja gjeld spørsmålet om det skal lovfestast at organisasjonane for det pedagogiske personalet skal ha ein representant i nemnda eller ikkje. Fleirtalet meiner dette ikkje skal vere eit krav i lova, mindretalet meiner at eit slikt krav må lovfestast.

Mindretalet uttaler at så lenge fag- og yrkesopplæringa i hovudsak gjekk føre seg i bedrift, var det naturleg å tolke ILO-konvensjon nr. 142 om yrkesrettlegg og yrkesopplæring slik at det berre var arbeidsgivar- og arbeidstakarpartane i bedrifta som vart tolka som partar, men at interesseorganisasjonane for det pedagogiske personalet burde bli inkluderte i dette samarbeidet etter at fag- og yrkesopplæringa er utvikla til ei integrert opplæring i skole og bedrift. Mindretalet uttaler vidare at det både er rasjonelt og fornuftig at alle legitime interessepartar i fag- og yrkesopplæringa gir fylkeskommunen råd etter drøftingar i eit felles organ, og viser til at det ikkje blir lagt eit spesielt godt grunnlag for samarbeidet mellom skole og bedrift så lenge ein ikkje anerkjenner organisasjonane for det pedagogiske personalet som legitime og likeverdige partar i yrkesopplæringsnemnda. Omsynet til at den samla kompetansen i nemnda skal dekkje heile opplæringsløpet i skole og bedrift blir også trekt fram som ein grunn til at minst éin representant for det pedagogiske personalet bør oppnemnast etter forslag frå desse interesseorganisasjonane.

Fleirtalet i arbeidsgruppa foreslår at samansetninga av yrkesopplæringsnemnda blir som etter gjeldande rett, og legg til grunn at partane med lovfesta representasjon framleis skal vere arbeidsgivar- og arbeidstakarpartane. Det blir vist til at fylkeskommunen er nærmast til å vite kven som best kan medverke i nemnda, og at det ikkje bør leggjast for sterke føringar for samansetninga utover dagens ordning. Fleirtalet meiner at behovet for breiast mogleg kompetanse i nemnda blir tilfredsstillt ved dei andre forslaga frå gruppa til endringer i krava til samansetninga av nemnda, mellom desse forslaget om at det ikkje lenger skal vere lovfesta eit absolutt tal på medlemmer slik som i dag. Fleirtalet foreslår at partsrepresentantane blir oppnemnde etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgivarorganisasjonane tilsvarende ordninga i dag. Elles blir det generelt vist til at nemnda fram til no har vore organisert på ein god og formålstenleg måte. Det blir uttalt at nye endrin-

gar berre bør gjerast i dei tilfella der dei gir uttrykk for organisatoriske behov, og samtidig på ein måte som held fast ved det positive ved lova i dag. Ved revisjon av reglane er det etter gruppa sitt syn viktig at dei nye lovføresegnene gir rom for vidare utvikling innan fag- og yrkesopplæringa.

Lovarbeidsgruppa foreslår samrøystes at lova skal opne for ein representant for elevane i staden for eller i tillegg til lærling- eller lære kandidatrepresentanten. Representanten(ane) skal oppnemnast etter forslag frå organisasjonar for elevar, lærlingar og lære kandidatatar der slike finst.

### 6.2.2.2 Samarbeidet mellom yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen – oppgåvene for nemnda

Når det gjeld samarbeidet mellom yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen, legg gruppa forslaga fram samrøystes. Det er lagt fram to alternative formuleringar av lovregelen som omtaler oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda.

Lovarbeidsgruppa foreslår at nemnda generelt skal arbeide for betre kvalitet i fag- og yrkesopplæringa, og at nemnda skal fremje arbeidslivet sine behov og synspunkt overfor fylkeskommunen. Det blir vist til at ein av dei viktigaste føresetnadene for å få til eit kvalitetsløft i fag- og yrkesopplæringa, er at samarbeidet regionalt mellom arbeidslivet og fylkeskommunen fungerer godt. Dette samarbeidet må etter gruppa si oppfatning omfatte alle forhold som har innverknad på kvaliteten av opplæringa gjennom heile løpet, både i skole og i bedrift.

Vidare foreslår arbeidsgruppa at dei oppgåvene for nemnda som er knytte til kvalitet, dimensjonering, rådgiving og regionalt utviklingsarbeid, får sentral plass og blir utvida og konkretiserte i opplæringslova. Gruppa viser til at gjeldande rett i svært liten grad legg opp til at yrkesopplæringsnemnda skal arbeide med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, og at nemnda i større grad må rette merksemda mot dette for å få til eit kvalitetsløft innanfor fag- og yrkesopplæringa.

Med tilvising til mellom anna at det er fylkeskommunen som er juridisk og økonomisk ansvarleg for godkjenning av lærebedrifter og lærekontraktar som blir innvilga av yrkesopplæringsnemnda, foreslår arbeidsgruppa at myndet til å gjere endelege vedtak om godkjenningar og andre enkeltvedtak som gjeld fag- og yrkesopplæringa, blir lagt til fylkeskommunen.

Lovarbeidsgruppa foreslår at yrkesopplæringsnemnda skal gi ei fagleg vurdering både ved godkjenning av lærebedrift og tilbaketrekking av god-

kjenning, før fylkeskommunen gjer vedtak. For å understreke betydninga av den faglege vurderinga frå nemnda foreslår gruppa at det i lovføresegna om vilkår for godkjenning av lærebedrift skal vere eit krav om at yrkesopplæringsnemnda har gjort eit positivt vedtak etter vurdering av bedrifta. For å sikre arbeidslivet innverknad på andre saker enn dei som omhandlar godkjenningsgrunnlaget for bedriftene, foreslår lovarbeidsgruppa vidare å innføre ei lovfesta plikt for fylkeskommunen til å leggje alle saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, fram for yrkesopplæringsnemnda, også dette før fylkeskommunen gjer vedtak i saka.

Lovarbeidsgruppa foreslår at fylkeskommunen skal overta dei forvaltningsoppgåvene som etter gjeldande rett ligg til yrkesopplæringsnemnda. Det blir mellom anna vist til at fleire av oppgåvene i praksis allereie er lagde til fylkeskommunen ved sekretariatet for yrkesopplæringsnemnda.

Lovarbeidsgruppa foreslår at kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a om *valgbarhet*, som etter ordninga i dag gjeld ved oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda, ikkje lenger skal nyttast ved slik oppnemning. Det blir vist til at denne føresegna i kommunelova ikkje er formålstenleg for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.

### 6.2.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Når det gjeld samansetninga av yrkesopplæringsnemnda støttar eit stort fleirtal av høringsinstansane forslaget frå fleirtalet, dei fleste utan særlege konkrete merknader.

*Buskerud fylkeskommune* uttaler:

«Dissensen fra Solstad og Grøtveik støttes ikke. Fagopplæringsstyret vil imidlertid påpeke at det er vesentlig å få representanter med pedagogisk kompetanse og kompetanse på skolebasert opplæring i nemnda. Fagopplæringsstyret mener at det kan sikres tilfredsstillende innenfor lovarbeidsgruppens forslag.»

*Vestfold fylkeskommune* uttaler:

«Yrkesopplæringsnemnda i Vestfold anbefaler flertallets fremstilling til ny § 12–3. Yrkesopplæringsnemnda i Vestfold anbefaler flertallets forslag til ny § 12–4 tredje ledd tredje strekpunkt.»

*Vitenskapsakademiet, Unio, Fylkesmannen i Østfold, Skolenes landsforbund og Utdanningsforbundet* støttar derimot forslaget frå mindretallet, og *Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Aust-Agder* uttaler at forslaget frå mindretallet bør vurderast.

*Skolenes landsforbund* uttaler:

«Dessuten registrerer vi at nemndas arbeidsfelt skal være hele fag- og yrkesopplæringen, også den delen som foregår i skole. Dette er nytt. Dermed er det ikke lenger noen argumenter for å unnlate å ta med representanter for det pedagogiske personalet i den videregående skolen. Tvert om er det vanskelig å se for seg at målsetningen om et policy-organ som skal kunne gi mest mulig kvalifisert råd vedr. alle de viktigste forhold for fag- og yrkesopplæringen i fylket kan nås, uten at representanter for det pedagogiske personalet i den videregående skolen blir representert i nemnda.»

*Utdanningsforbundet* uttaler:

«Skal yrkesopplæringsnemndene lykkes i sitt arbeid og føre til at vi får et mer helhetlig perspektiv på det 4-årige opplæringsløpet, må en naturlig – og selvfølgelig – konsekvens være at representanter for det pedagogiske personalet i skolen er inkludert i yrkesopplæringsnemndene. Dette på lik linje med elever/lærlinger og andre som arbeidsgruppen foreslår skal ha fast representasjon der. Ved å la det pedagogiske personalet bli representert i nemndene, viser en i praksis at fagkompetanse i skole og bedrift er like viktig for eksempel i arbeidet med å utarbeide bedre system for kvalitetssikring av opplæringen.»

*Unio* uttaler:

«Lovarbeidsgruppen understreker i hele rapporten at et velfungerende samarbeid mellom skole og bedrift er viktig, slik at det kan skje en gjensidig utvikling både når det gjelder undervisningsmetoder i skolen og den faglige opplæringa i bedriften. Unio mener at dette må gjenspeiles i lovverket og ber om at det i loven nedfelles følgende tilføyelse: »..minst ein representant for det pedagogiske personalet etter framlegg frå lærarorganisasjonen.»»

Endringsforslaga frå arbeidsgruppa som gjeld det konkrete samarbeidet mellom yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen, får generelt brei støtte frå høringsinstansane. Somme instansar har likevel konkrete, enkeltstående merknader.

*Nordland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Telemark fylkeskommune* er usamde i forslaget om at lærebedrifta skal vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan gi godkjenning, og forslaget om at fylkeskommunen skal nemne opp prøvenemnder etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda. Det blir frå desse høringsinstansane vist til at dei konkrete forslaga medfører at det framleis vil liggje forvaltningsoppgåver hos yrkesopplæ-

ringsnemnda, noko som ikkje samsvarer med intensjonen bak dei andre forslaga frå lovarbeidsgruppa.

*Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)* er også kritisk til forslaget om at lærebedrifta skal vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan gi godkjenning, og uttaler:

«YS stiller spørsmål til arbeidsgruppens forslag om at lærebedriften må vere faglig godkjent av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen godkjenner bedriften. Rask saksbehandling ved godkjenning av nye lærebedrifter er spesielt viktig ved formidling av søkere til læreplass. Etter YS' vurderinger vil den foreslåtte prosedyre forsinke saksbehandlingen uten å medføre noen gevinst. Der fylkeskommunen er usikker på om bedriften bør godkjennes brukes yrkesutvalget/prøvenemnda som rådgivende instans. YS mener at en slik praksis vil fungere tilfredsstillende da yrkesutvalget/prøvenemnda har de faglige kunnskapene som er nødvendige for å yte råd til administrasjonen i slike saker.»

Desse instansane er som sagt i mindretal. Det er eit klart fleirtal som støttar forslaga om samarbeidet mellom fylkeskommunen, inkludert forslaget om at nemnda skal gjere ei fagleg vurdering før fylkeskommunen gir godkjenning, og dei andre endringsforslaga om oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda.

*Maskinentreprenørenes* forbund uttaler:

«Vi støtter forslaget om at fylkeskommunen skal stå for godkjenningen av lærebedrifter, men at disse på forhånd skal vere fagleg vurdert av y-nemnda.»

*Fylkesmannen i Østfold* uttaler m.a.:

«Forslaget til endring av ansvar for godkjenning av lærebedrift følger naturleg av de endringer arbeidsgruppa for øvrig legger fram. Fylkeskommunen overtar et helhetlig ansvar for å fatte vedtak i spørsmål knyttet til fag- og yrkesopplæringen i stedet for yrkesopplæringsnemnda. Endringsforslaget vil videre tydeliggjøre ansvaret til den eller de lærebedriftene som har ansvar for lærlingen og lære kandidaten. En tydeliggjøring av ansvar og krav om faglig leder og instruktør ved hver bedrift er viktige skritt for å sikre kvaliteten på opplæringen. Fylkesmannen støtter forslaget.»

*Skolenes landsforbund* uttaler om det konkrete endringsforslaget (§ 4–3):

«Lovgruppens forslag til endring av første ledd følger av oppgavefordelingen mellom fylkeskommunen og yrkesopplæringsnemnda. For-

utsetningen om at nemnda skal foreta en faglig vurdering av den enkelte bedrift, og at nemndas vurdering tillegges avgjørende vekt, er et viktig premiss for vår støtte til den foreslåtte oppgavefordelingen. Forslaget til nytt annet ledd og dokumentasjonskravene i tredje ledd vil etter forbundets oppfatning bidra til en viktig klargjøring av forholdet mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommune.»

#### 6.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Innleiingsvis vil departementet seie seg samd med lovarbeidsgruppa i at det er ein føresetnad for å få god kvalitet i fag- og yrkesopplæringa at arbeidslivet og fylkeskommunen lykkast med samarbeid. Fylkeskommunen og arbeidslivet har ei felles interesse i å lykkast med dette, og det er svært viktig at samarbeidet fungerer bra. Reglane i opplæringslova skal leggje utgangspunktet for eit godt samarbeid mellom arbeidslivet og fylkeskommunen.

##### 6.2.4.1 Samansetninga av yrkesopplæringsnemnda

Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at medlemmene i nemnda til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa. Ved å halde oppe gjeldande krav om representasjon i nemnda, bortsett frå det absolutte kravet om sju representantar, vil lova fastsetje eit godt utgangspunkt for ei nemnd med slik brei innsikt. Samansetninga av nemnda skal dekkje både behovet for skolekompetanse og kompetanse innanfor opplæring i bedrift. Samstundes skal nemnda vere ein møteplass der representantane frå arbeidslivet kan kome i dialog med og gi råd til fylkeskommunen. Derfor sluttar departementet seg til forslaget frå fleirtalet om at det skal vere fylkeskommunen som vurderer oppnemninga av andre representantar enn partsrepresentantane i nemnda, og at dette skal vere representantar som blir oppnemnde på bakgrunn av sin kompetanse og ikkje på grunn av tilknytning til ein arbeidstakarorganisasjon. På denne måten blir merksemda retta mot den samla kompetansen i nemnda. Det bør likevel presiserast i lova at fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om konkrete forslag til medlemmer i yrkesopplæringsnemnda. På denne måten blir det eksplisitt uttrykt at det ikkje er noko i vegen for at organisasjonane for det pedagogiske personalet blir kontakta av fylkeskommunen ved vurderinga av den heilskaplege samansetninga av nemnda.

Kravet om at kompetansen i nemnda så godt som mogleg skal dekkje heile det fireårige opplæringsløpet i både skole og bedrift, bør først vidare i lova, saman med kravet om kompetanse innan nærings- og sysselsetjingsspørsmål.

Brukarane av fag- og yrkesopplæringa: lærlingane og lære kandidatane, bør også i framtida vere representerte i yrkesopplæringsnemnda. Dei vil gi viktige bidrag til diskusjonane om dei fire hovudoppgåvene til nemnda som framover er foreslått å vere kvalitet, dimensjonering, rådgiving og regionalt utviklingsarbeid. Lærlingane og lære kandidatane vil dessutan ha nyttige innspel når det gjeld å sjå heilskapen i fag- og yrkesopplæringa, med opplæring både i skole og i bedrift. Lova bør derfor framleis klart fastsetje at nemnda skal ha ein lærling- eller lære kandidatrepresentant. I samsvar med forslaget frå gruppa bør det opnast for at nemnda kan ha med ein representant frå elevane i staden for eller i tillegg til lærling- eller lære kandidatrepresentanten. Dette vil føre til at ein får med elevar frå vidaregåande trinn 1 og vidaregåande trinn 2, elevar som både er i skole og i bedrift under opplæringa, og elevar som er i skole gjennom heile opplæringa fordi dei ikkje har læreplass. Sida det blir opna for at nemnda kan ha fleire medlemmer enn det som er lovfesta i dag, blir det foreslått berre å lovfeste at nemnda skal ha minst ein elev-, lærling- eller lære kandidatrepresentant, utan å bestemme eit fast tal. Denne «utvidinga» av brukargruppa harmoniserer godt med at elevar i den vidaregåande skolen har omfattande rettar til medverknad som brukarar, jf. lova § 11–5 og dei følgjande. I § 11–8 blir det dessutan uttalt at «representantar for elevane i vidaregåande opplæring har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder etter tilsvarende reglar som gjeld for tilsette, jf. § 26 i kommunelova.»

#### 6.2.4.2 Samarbeidet mellom yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen – oppgåvene for nemnda

Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at nemnda skal arbeide for betra kvalitet innan fag- og yrkesopplæringa, og at nemnda skal fremje behov og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunen. Gjeldande regelverk gir ikkje i tilstrekkeleg grad partane i arbeidslivet innverknad i saker det er viktig at dei engasjerer seg i, og opnar i liten grad for innverknad i saker som nemnda sjølv ville vurdere som viktige. Det er behov for innverknaden frå partane på kvalitetsarbeidet, dimensjoneringa og rådgivinga, og på det regio-

nale utviklingsarbeidet. Arbeidslivet vil kunne sjå problemstillingane i samanheng, slik at fag- og yrkesopplæringa blir betre, og det vil kunne medverke i drøftingane om dei overordna perspektiva, setje standardar og lage strategiplanar. Det regionale samarbeidet er avhengig av aktive og engasjerte partar som får arbeide med område som dei kan påverke ved å medverke med kompetanse og bakgrunn. Denne innverknaden kan skje gjennom eit godt tilrettelagt arbeid i yrkesopplæringsnemnda.

For å sikre god kvalitet i opplæringa er det viktig at det blir etablert rutinar og ordningar både i skolen og i det store mangfaldet av bedrifter som finst. Dette bør mellom anna omfatte samarbeid mellom skolane og bedriftene, tilbod om kompetanseutvikling og godkjenning av nye bedrifter, og oppfølging. På bakgrunn av dette er det viktig at arbeidslivet blir trekt inn i kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen ved samarbeid i yrkesopplæringsnemnda, slik at partane i arbeidslivet kan medverke med den kompetansen dei har i kvalitetsarbeidet og også kan vere med på å skape medvit om kvalitetsarbeidet i dei enkelte bedriftene og i skolane.

Når det gjeld dimensjoneringa av tilbodet i fag- og yrkesopplæringa, er det fylkeskommunen som har det overordna ansvaret. I dimensjoneringsarbeidet er fylkeskommunen samtidig avhengig av vurderingane frå arbeidslivet. Bedriftene har i hovudsak si interesse knytt til å få tilgang på kvalifisert arbeidskraft og ønskjer å sikre seg ein viss stabilitet i arbeidskrafta og kompetansen. Ved at dei gjennom å vere lærebedrifter får tilgang på arbeidskraft og etter kvart relevant kompetanse, blir bedriftene stimulerte til å stille med læreplassar. Bedriftene sitt samfunnsansvar og tilskotet per lærling og lære kandidat vil sjølv sagt også vere motivasjonsfaktorar. Innanfor fag- og yrkesopplæringa vil bedriftene vere ein del av det offentlege opplæringssystemet, og fylkeskommunen er avhengig av at bedriftene tek imot flest mogleg av lærlingane og lære kandidatane. Dette føreset at dimensjoneringa i størst mogleg grad samsvarer med næringsgrunnlaget både i regionen og på nasjonalt plan. For at fylkeskommunane lettare skal kunne ta rette avgjerder om kva tilbod dei skal ha, må arbeidslivet derfor aktivt med i dimensjoneringsarbeidet. Samtidig er også grunn til å tru at arbeidslivet i større grad vil kjenne seg forplikta der det har fått vere med i planlegginga, enn om det ikkje har høve til å påverke dimensjoneringsarbeidet i regionen. Analysar og vurderingar frå arbeidslivet vil kunne danne grunnlag for fylkeskommunen si vurdering av kva fag- og yrkesopplæ-

ringar som skal tilbydast. Dette føreset at fylkeskommunen stiller seg fleksibelt til spørsmål om å endre tilbodet ved dei enkelte skolane etter som etterspørselen endrar seg. Det er svært mange omsyn som spelar inn i dimensjoneringsarbeidet i fylkeskommunen, og av den grunn er det viktig at det er nært samarbeid med arbeidslivet. Yrkesopplæringsnemnda er sentral i dette samarbeidet.

I arbeidet med rådgivingstenesta for fag- og yrkesopplæringa er fylkeskommunen avhengig av tett samarbeid med partane i arbeidslivet. Det er arbeidslivet sjølv som har best kunnskap om eigenarten til yrka, høva til lære-plass, jobbsjansar og høve til karriereløp og etterutdanning. Av den grunn er det også arbeidslivet som best kan gi informasjon til fylkeskommunen om faga innanfor eigen bransje, samtidig som det er bransjen sjølv som har størst interesse av at rådgivinga om eit fag er god. Bedriftene kan hjelpe med fleire typar informasjon. Dette gjeld for eksempel korleis opplæringa går føre seg i bedrift, kva slags kompetanse det er viktig at lærlingen og lærekandidaten får, og kva bedriftene legg vekt på når dei vel lærlingar. I dette gjensidig avhengige forholdet mellom fylkeskommunen og arbeidslivet vil yrkesopplæringsnemnda med sitt systematiske samarbeid mellom partane i arbeidslivet og fylkeskommunen vere ein viktig arena for å vidareutvikle rådgivingstenesta. Yrkesopplæringsnemnda kan også sjå rådgiving i samanheng med kvalitetsarbeidet, dimensjoneringa og dei regionale utviklingsoppgåvene.

Fylkeskommunen har regionalt utviklingsansvar, og næringslivet i regionen er i denne samanheng ein viktig samarbeidspartnar. Næringslivet kan vere ein viktig bidragsytar til det regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunen, spesielt i tilknytning til arbeid med nyskaping, innovasjon og entreprenørskap. På denne måten vil også arbeidsplassar kunne etablerast og sikrast. Yrkesopplæringsnemnda si rolle vil vere å medverke til å halde oppe og vidareutvikle arbeidsplassar gjennom sitt langsiktige og systematiske arbeid med fag- og yrkesopplæring. Både i skole og i bedrift er fag- og yrkesopplæringa ein ressurs som kan integrerast og utnyttast i arbeidet med regional utvikling, og yrkesopplæringsnemnda kan for eksempel spele ei viktig rolle ved å få i stand samarbeid om kompetanseutvikling og kompetanseutveksling mellom skole og lokalt arbeidsliv.

Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at oppgåvene for nemnda knytte til kvalitet, dimensjonering, rådgiving og regionalt utviklingsarbeid får sentral plass og blir utvida og konkretiserte. Reglane om fag- og yrkesopplæringa har i stor grad stått uendra sidan 1980 da lova om

fagopplæring i arbeidslivet vart gitt. Føresegnene om fagopplæringa vart tekne inn nærmast uendra i opplæringslova i 1998, og berre nødvendige endringar vart gjorde da fag- og yrkesopplæringa vart ei integrert opplæring med ein del i skole og ein del i bedrift i 1994. Samtidig har det i perioden frå 1980 til i dag skjedd ei omfattande utvikling innan fag- og yrkesopplæringa i Noreg. Det er berre eit fåtal av reglane i lov og forskrift om oppgåvene for yrkesopplæringsnemnda som eksplisitt uttrykkjer at nemnda skal arbeide med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling. Reglane knyter seg i større grad direkte til utøving av forvaltningsmynde. Det finst eit unntak i lova § 12–4 første ledd, der yrkesopplæringsnemnda er pålagt «utviklingsansvar og skal ta initiativ for å fremje fagopplæringa i arbeidslivet». For at kvalitetsutvikling og kvalitetssikring i fylkeskommunen skal komme i fokus i framtida, og for å framheve betydninga av dette arbeidet, er det sentralt at måla om kvalitetsheving må avspeglast i konkrete oppgåver for yrkesopplæringsnemnda, som i praksis er forumet for samarbeid mellom arbeidslivet og fylkeskommunen. Dette vil synleggjere prioriteringsområda for dei involverte partane og medverke til å sikre kvalitetsløftet.

Departementet støttar forslaget om at yrkesopplæringsnemnda skal gi fagleg vurdering ved godkjenning og tilbaketrekking av godkjenning av ei lærebedrift før fylkeskommunen gjer vedtak. Yrkesopplæringsnemnda si faglege vurdering bør vere avgjerande for om fylkeskommunen skal godkjenne lærebedrifta. Samtidig skal det vere eit ansvar og ei oppgave for fylkeskommunen å vurdere bedrifta mot dei ytterlegare vilkåra i lova. Dette medfører i praksis at saka må leggjast fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen eventuelt vurderer bedrifta mot desse ytterlegare vilkåra. Den same prosedyren vil vere nødvendig i saker om tilbaketrekking av godkjenning. Ei slik lovregulering vil vere i samsvar med det ansvaret fylkeskommunen har for dei same godkjenningsane. Enkelte høringsinstansar er imot å gi yrkesopplæringsnemnda denne oppgåva før fylkeskommunen gjer vedtak. Departementets held fast ved at ei slik fagleg vurdering før vedtaket er så viktig for å sikre kvaliteten av opplæringa at ho bør vere avgjerande for om godkjenning blir gitt, eventuelt trekt tilbake. Som ein del av forvaltninga vil fylkeskommunen ha kompetanse til å undersøkje om dei vilkår lova stiller for godkjenning, er oppfylte, og om saksbehandlingsreglane er følgde. Fylkeskommunen vil i liten grad ha kompetanse til fagleg vurdering av bedriftene. På bakgrunn av den breie samansetninga vil derimot yrkesopplæringsnemnda vere godt rusta til å gjere slike faglege vur-

deringar, og oppgåva bør derfor leggjast dit. Nemnda vil også ha kunnskap om arbeidslivet og den enkelte bedrifta som kan komme til nytte i samband med slike faglege vurderingar av bedrifta.

Yrkesopplæringsnemnda kan sjølvstøtt, dersom ho ønskjer det, delegerer den faglege vurderinga av lærebedrifter til fylkeskommunen. I denne samanheng vil det vere naturleg at yrkesopplæringsnemnda utarbeider retningslinjer og legg føringar for korleis fylkeskommunen skal arbeide med den faglege vurderinga av bedrifter.

I tillegg til avgjerder om godkjenning av bedrifter og tilbaketrekking av slike godkjenningar, er fleire typar oppgåver som gjeld å gjere enkeltvedtak etter forvaltningslova i dag lagde til yrkesopplæringsnemnda. Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at desse oppgåvene bør leggjast til fylkeskommunen. Fylkeskommunen er innretta for å gjere nettopp denne typen forvaltningsrettslege vedtak, også innanfor fag- og yrkesopplæringa.

Departementet støttar forslaget om å innføre plikt for fylkeskommunen til å leggje alle saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, også dei som ikkje gjeld godkjenning og tilbaketrekking av godkjenning, fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen gjer vedtak. Partane vil på denne måten kunne komme inn i og påverke utviklinga av fag- og yrkesopplæringa i fylkeskommunen på eit mykje breiare felt enn i dag. Yrkesopplæringsnemnda vil med dette kunne følgje med på og påverke korleis fylkeskommunen utfører dei oppgåvene som er knytte til fag- og yrkesopplæringa på ein betre måte enn gjeldande rett opnar for. Nemnda kan følgje med både i korleis fylkeskommunen handhevar lova, i utviklinga i fylkeskommunen og i enkeltsaker dersom ho ønskjer det. Yrkesopplæringsnemnda vil kunne gjere vedtak i den enkelte saka, der ho gir uttrykk for arbeidslivet sine vurderingar. Dette vedtaket skal vere ein av premissane i saka når fylkeskommunen gjer sitt endelege vedtak. Vurderinga frå partane vil ha stor vekt når fylkeskommunen gjer vedtak, spesielt når saka gjeld hovudområda kvalitet, dimensjonering, rådgiving og regionalt utviklingsarbeid.

I lys av dei forslaga som er drøfta ovanfor, er det i det følgjande ein gjennomgang av dei konkrete arbeidsoppgåvene som etter gjeldande rett ligg til yrkesopplæringsnemnda. Departementet sluttar seg i all hovudsak til forslaga frå arbeidsgruppa.

Reint administrative oppgåver som å skrive ut fag- og sveinebrev og dokumentasjon for kompetanse, sjå lova § 12–4 fjerde ledd jf. forskrifta §§ 4–

64 og 4–65, bør liggje til fylkeskommunen, ikkje til yrkesopplæringsnemnda. Det same bør gjelde for godkjenning av praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveineprøve utan læretid, jf. lova § 12–4 femte ledd, formidling av lærlingar til lærebedriftene, sjå § 12–4 andre ledd jf. forskrifta §§ 6–37 til 6–39, og vedtak om fordeling av tilskot til bedriftene der lærlingen eller lære kandidaten skifter lærebedrift, jf. forskrifta § 11–6 tredje ledd. Departementet meiner også at fylkeskommunen skal godkjenne praksis for praksiskandidatar etter lova § 3–5, ikkje fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda.

Når det gjeld å godkjenne lærekontraktar og opplæringskontraktar, er dette etter lova § 4–5 andre ledd ei oppgåve for yrkesopplæringsnemnda, og ein kontrakt må vere godkjend for å vere gyldig. Departementet meiner at fylkeskommunen bør utføre dette arbeidet, da fylkeskommunen både er økonomisk og juridisk bunden av ei slik godkjenning. Nemnda vil kunne uttale seg i vedtaksform om saka før fylkeskommunen gjer vedtak, sjå forslag omtalt ovanfor. Lærekontrakten vil framleis vere eit standard kontraktskjema fastsett av departementet, jf. lova § 4–5 andre ledd og forskrifta § 11–7.

Departementet meiner at dei oppgåvene som er lagde til nemnda i tilknytning til gjennomføringa av fag- og sveineprøver, bør liggje til fylkeskommunen, sjå forskrifta §§ 4–47 om mottak av oppmelding til prøve, 5–14 om mottak av klage på faglege vurderingar der prøvearbeidet ikkje er bestått, 4–58 om særleg tilrettelegging av fag- og sveineprøver og kompetanseprøver, og 4–54 om oppbevaring av prøvearbeid.

I lova § 4–6 femte ledd er yrkesopplæringsnemnda gitt kompetanse til å gjere vedtak om ein lærling eller ein lære kandidat skal få tilbake retten til vidaregåande opplæring etter lova § 3–1 der personen frivillig har heva lærekontrakten. Det er fylkeskommunen sitt ansvar å oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter lova § 13–3, og av den grunn vil det skape eit meir heilskapleg ansvarsforhold om også denne kompetansen låg til fylkeskommunen. I forskrifta er det med heimel i lova også gitt nemnda kompetanse til å gjere vedtak i saker som departementet meiner er mest formålstenleg lagde til fylkeskommunen. Dette gjeld vedtak om yrkesteorikravet, sjå forskrifta § 4–49 og vedtak om unntak frå krav om felles allmenne fag, sjå forskrifta § 4–66. Plikta for yrkesopplæringsnemnda til å gi informasjon til bedrifter ved kontrakteikning om høve til unntak frå krav om bestått i felles allmenne fag, sjå forskrifta § 4–48, bør også liggje til fylkeskommunen.

I lova § 12–4 sjette ledd er yrkesopplæringsnemnda pålagt å gi rapport til fylkeskommunen og departementet om verksemda si og om tiltak som er viktige for fagopplæringa. Som det går fram av omtalen framanfor, blir det foreslått at fylkeskommunen skal påleggjast å leggje enkelte saker fram for yrkesopplæringsnemnda. I tillegg er det fleire område der nemnda skal medverke når det gjeld utvikling av strategiar og arbeidsformer. I desse sakene vil fylkeskommunen, som sekretariat, leggje fram fakta og dokument for yrkesopplæringsnemnda. Nemnda vil på si side fremje synspunkt, forslag og råd for fylkeskommunen. På denne bakgrunn vil det ikkje lenger vere behov for å lovfeste ei slik rapporteringsplikt, verken for yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen eller for fylkeskommunen til yrkesopplæringsnemnda.

Det er vidare yrkesopplæringsnemnda si oppgåve å nemne opp prøvenemnder, sjå lova § 12–4 tredje ledd. Departementet meiner det vil vere ei betre ordning at prøvenemndene blir oppnemnde av fylkeskommunen. Enkelte høyringsinstansar har uttalt seg imot det, men departementet held fast på at dette bør skje etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda skal også nemne opp rådgivande yrkesutval, eller la prøvenemndene verke også som yrkesutval, sjå lova § 12–3 sjuande ledd. Yrkesutvala er meint å vere fagleg rådgivande organ som kan hjelpe yrkesopplæringsnemnda eller administrasjonen i fylkeskommunen. Yrkesutval kan framleis ha ein funksjon sidan det er behov for lokale miljø, også på bransjenivå, som kan medverke med kunnskap og innsikt for å få best mogleg organisering av for eksempel prosjekt til fordjuping. Departementet meiner derfor at det framleis skal nemnast opp yrkesutval eller at prøvenemndene verkar som yrkesutval.

Etter lova § 4–3 første ledd er det yrkesopplæringsnemnda som godkjenner bedrifter som lærebedrifter. Det blir foreslått at før fylkeskommunen gjer vedtak om godkjenning av ei lærebedrift, skal yrkesopplæringsnemnda gi ei fagleg vurdering av godkjenninga som fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på. Sjå nærmare drøfting ovanfor.

Departementet meiner vidare at fylkeskommunen, som følgje av den foreslåtte arbeidsfordelinga mellom yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen, skal utføre arbeidet med godkjenning av vedtektene for og avtalane med opplæringskontor og opplæringsringar.

Etter forskrifta § 11–4 skal fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda trekkje tilbake godkjenninga av ei lærebedrift dersom vilkåra i føresegna er oppfylte. Departementet meiner at yrkes-

opplæringsnemnda si rolle i slike saker bør tilsvare den rolla det blir foreslått at nemnda skal ha ved godkjenningar, og det blir dermed foreslått at nemnda skal få saka lagd fram til fråsegn før fylkeskommunen gjer vedtak. Sjå nærmare drøfting ovanfor.

Yrkesopplæringsnemnda har etter lova § 12–4 første ledd som oppgåve å føre tilsyn med opplæringa i bedrifter. Departementet sine vurderingar om nemnda si rolle når det gjeld tilsyn etter opplæringslova, er beskrivne i punkt 6.1.4.

Når det gjeld den interne organiseringa av nemnda og arbeidsfordelinga, sjå forskrifta §§ 11–8 til 11–11 jf. lova § 12–3 sjette ledd, vil departementet ikkje foreslå endringar. Departementet vil behalde heimelen i § 12–4 sjuande ledd om at fylkeskommunen kan påleggje nemnda andre oppgåver i tilknytning til fagopplæringa. Heimelen for departementet til i forskrift å kunne gi nemnda andre oppgåver «i tilknytning til fagopplæringa enn dei oppgåvene som følgjer av denne paragrafen [§ 12–4] og av kapittel 4 i lova», blir derimot foreslått oppheva. Denne styringa bør departementet utføre gjennom lov.

Departementet støttar forslaget om at kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a om *valgbarhet* ikkje skal gjelde ved oppnemning av medlemmer i yrkesopplæringsnemnder. Den aktuelle føresegna i kommunelova gir ein regel om at ved val til «kommunale eller fylkeskommunale nemnder opprettet i medhold av andre lover» gjeld følgjande: «Valgbar og pliktig til å ta imot valg er den som har stemmerett ved valg til kommunestyre og fylkesting, og som på valgdagen står innført i folkeregisteret som bosatt i vedkommende kommune eller i en av kommunene i fylket.» Dette inneber at nemndsmedlemmene må bu i det fylket dei er oppnemnde i, og at to fylke ikkje kan ha felles yrkesopplæringsnemnd ved å nemne opp dei same medlemmene i begge fylka. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at føresegna i kommunelova ikkje er formålstenleg for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda, og sluttar seg til forslaget om at det i opplæringslova bør lovfestast eit unntak frå føresegna om oppnemning av medlemmer i yrkesopplæringsnemnder.

## 6.3 Lærebedriftene, inkludert opplæringskontora og opplæringsringane

### 6.3.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 4–3 første ledd kan enkeltbedrifter, offentlege etatar eller institusjonar og

opplæringskontor eller opplæringsringar godkjennast som lærebedrifter. Eit opplæringskontor er eit organ for bedrifter som samarbeider om opplæringsringa for lærlingane og lærekandidatane, og ein opplæringsring er eit avtalebasert samarbeid mellom to eller fleire bedrifter som saman står for opplæringa, sjå lova § 4–3 første ledd jf. forskrifta §§ 11–2 og 11–3.

#### 6.3.1.1 Godkjenning av lærebedrifter

Bedriftene må vere godkjende av ei yrkesopplæringsnemnd for å kunne verke som lærebedrifter for lærlingar eller lærekandidatar, jf. § 4–3 første ledd. I forskrifta er det gitt nærmare føresegnar om godkjenning av lærebedrifter, sjå §§ 11–1 til 11–6, jf. lova § 4–3 andre ledd siste punktum. Det krevst ny godkjenning der det er meir enn to år sidan det sist vart avslutta ein lærekontrakt eller ein opplæringskontrakt. Dette går fram av forskrifta § 11–4.

For at bedriftene skal bli godkjende, må dei anten aleine eller saman med andre bedrifter kunne tilby opplæring som samsvarer med læreplanane, sjå lova § 4–3 andre ledd og § 4–4 første ledd. I forskrifta § 11–1 tredje ledd er det presisert at bedrifta både må ha ei verksemd og eit utstyr som gjer at ho kan gi opplæring etter læreplanen. Opplæringskontora må ha vedtekter som fastset pliktene til samarbeidande bedrifter, medan opplæringsringane må ha ein avtale som fastset pliktene til samarbeidande bedrifter. Vedtektene og avtalen må godkjennast av fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda, sjå forskrifta §§ 11–2 tredje ledd og 11–3 tredje ledd.

Bedriftene må vidare ha ein «intern plan for opplæringa for å sikre at lærlingen eller lærekandidaten får opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen for lærekandidaten», sjå forskrifta § 11–1 tredje ledd. For opplæringskontor og opplæringsringar skal slike rutinar fastsetjast i vedtektene, høvesvis avtalane. Der lærekandidaten har rett til spesialundervisning etter kapittel 5 i lova, skal bedrifta utarbeide ein individuell opplæringsplan, jf. lova § 4–4 første ledd.

Det er vidare eit vilkår for godkjenning at bedriftene har ein fagleg kvalifisert person (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa og fører tilsyn, sjå § 4–3 andre ledd. Den faglege leiaren skal saman med ein eller to andre representantar for bedrifta føre tilsyn. I lova er det oppgitt fire konkrete oppgåver i tilknytning til tilsynet. For det første skal det førast tilsyn med at opplæringsverksemda ved bedrifta er tilfredsstillande. For det andre skal det førast tilsyn med at det blir oppretta

lærekontraktar og opplæringskontraktar. For det tredje skal det førast tilsyn med at læreplanar og opplæringsplanar blir følgde. Til slutt skal det førast tilsyn med at lærlingane og lærekandidatane får den teoriopplæringa dei har krav på, sjå lova § 4–7.

#### 6.3.1.2 Lærebedriftene sine rettar og plikter

Lærebedrifter har ei generell plikt til å gi informasjon til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda som gjeld vilkår for godkjenning og bakgrunn for fastsetjing og utbetaling av tilskot, så forskrifta § 11–5 andre ledd. I lova § 4–4 fjerde ledd er det presisert at lærebedrifta skal melde frå til yrkesopplæringsnemnda dersom «lærebedrifta stansar eller utviklar seg på ein slik måte at ho ikkje lenger finn det mogleg å gi lærlingen eller lærekandidaten tilfredsstillande opplæring». For opplæringskontor gjeld det vidare ei generell meldeplikt til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda om endringar i ei av bedriftene som er knytte til kontoret, sjå forskrifta § 11–2 fjerde ledd.

Lærebedriftene får tilskot per lærling og lærekandidat frå den fylkeskommunen der lærlingen eller lærekandidaten er busett, sjå lova § 4–4 femte ledd jf. forskrifta § 11–5 og § 11–6. Dette er kompensasjon for økonomiske utgifter bedrifta har ved å vere lærebedrift. Lærebedriftene får tilskot frå fylkeskommunen etter retningslinjer og satsar som er fastsette av departementet. Det følgjer av lova at det er opplæringskontoret som er rekna som lærebedrift, ikkje kvar enkelt underliggjande bedrift. Tilskotet blir utbetalt til opplæringskontoret, ikkje til dei enkelte bedriftene som gir opplæring til lærlingen eller lærekandidaten.

Lærebedrifter pliktar å inngå ein skriftleg lærekontrakt eller opplæringskontrakt med lærlingen eller lærekandidaten, jf. § 4–5 første ledd. Bedrifta står likevel fritt i om ho vil inngå kontrakt med den personen ho får formidla frå fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda, sjå forskrifta § 6–39. Bedrifta har høve til å stille spesielle krav til lærlingen eller lærekandidaten i den enkelte avtalen. Desse krava må godkjennast av yrkesopplæringsnemnda og må vere grunnleggjande i «bedrifta si verksemd, under dette i hennar produksjon, utstyr, kundebehandling», sjå forskrifta § 6–38 andre ledd. Det kan i denne samanheng nemnast at arbeidsavtalen fell bort automatisk når læretida etter kontrakten er over, sjå lova § 4–2 andre ledd. Kor lang læretida skal vere, er bestemt av læreplanverket. Eleven er normalt eitt eller to år i bedrift (hovudmodellen), sjå lova § 3–3 tredje ledd, men det kan avtalast at større delar av opplæringa

skal skje i bedrift. Dette går fram av den same føresegna og er utdjupa i forskrifta § 6–40. Der det er teorikrav utover vidaregåande trinn 1 og vidaregåande trinn 2, er det bedrifta som skal dekkje kostnadene som er knytte til dette, sjå lova § 4–4 første ledd.

Det er bedrifta sitt ansvar å leggje fram lærekontrakten eller opplæringskontrakten for godkjenning i yrkesopplæringsnemnda, sjå lova § 4–5. Bedrifta har også ansvaret for å melde frå til yrkesopplæringsnemnda der det er ønske om endring eller heving av kontrakten frå bedrifta, lærlingen eller lærekandidaten si side, eller frå begge partane si side, sjå lova § 4–6 første og andre ledd. Bedriftene har altså ein viss rett til å endre eller å heve kontraktar med lærlingar og lærekandidatar. Dette er det gitt uttømmende reglar om i lova § 4–6, sjå siste ledd i paragrafen. I denne samanheng kan det nemnast at der det ikkje er gitt eigne reglar i opplæringslova, regulerer arbeidsmiljølova, arbeidsavtalen og tariffavtalar forholdet mellom lærlingen eller lærekandidaten og lærebedrifta, sjå lova § 4–2 første ledd. Sjå også lova § 4–5 tredje ledd, som bestemmer prøvetid for lærlingar som har fylt 21 år og som skal ha full opplæring i bedrift.

Lærebedrifta pliktar å arbeide for å gi lærlingen godt arbeidsmiljø og læremiljø. Arbeids- og skoletida skal til saman ikkje vere lenger enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget, sjå lova § 4–4 andre ledd.

Lærebedrifta pliktar å melde opp lærlingen til fagprøve eller sveineprøve til rett tid, og har ansvaret for å gjennomføre prøvene ved å stille lokale, materiale, reiskapar og assistenthjelp til disposisjon for prøva. For lærekandidatar pliktar bedrifta å gi høve til å gå opp til ei kompetanseprøve som viser det nivå opplæringa har ført kandidaten fram til. Dersom prøva blir utført i lærebedrifta, får bedrifta eigedomsretten til det produktet lærlingen og lærekandidaten lagar, og dersom prøva blir utført på skolen, får skolen eigedomsretten, sjå lova § 4–4 tredje ledd. Etter forskrifta § 4–56 har lærebedrifta ansvar for å gjennomføre ny fag- eller sveineprøve eller kompetanseprøve der den første prøva ikkje blir bestått. Fylkeskommunen dekkjer utgiftene for lærebedrifta med gjennomføringa av prøva. Læretida kan eventuelt bli forlengd ved frivillig avtale mellom lærebedrifta og lærlingen eller lærekandidaten.

Bedrifta skal gi lærlingen og lærekandidaten vurdering utan karakter og ha ein samtale med han eller henne minst ein gong kvart halvår, sjå forskrifta § 4–5. Det er fylkeskommunen som utferdar dokumentasjon til lærlingen eller lærekandidaten, sjå forskrifta §§ 4–64 og 4–65.

I lova er det gitt heimel for å straffe med bøter «den som grovt forsømmer sitt opplæringsansvar eller tilset lærling utan å inngå skriftleg lærekontrakt eller unnlet å leggje lærekontrakten fram for yrkesopplæringsnemnda for godkjenning», sjå lova § 4–8.

### 6.3.1.3 *Nærmare om hovudmodellen og avvik frå denne*

Lova oppgir normalordninga for fag- og yrkesopplæringa som «to års opplæring i skole og eitt års opplæring i bedrift. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år», sjå lova § 3–3 tredje ledd. Fylkeskommunen kan «i det enkelte tilfellet godkjenne lærekontrakt/opplæringskontrakt som fastset at heile opplæringa, eller ein større del av opplæringa enn det som følgjer av opplæringsordninga fastsett i læreplanen, skal skje i bedrift», sjå same føresegn. Vedtak som fylkeskommunen gjer i slike saker, vil vere enkeltvedtak etter forvaltningslova, og føresegnene i forvaltningslova om saksbehandling og høve til klage vil gjelde for vedtaka.

Formålet med å gi fylkeskommunen eit generelt høve til i det enkelte tilfellet å godkjenne alternative opplæringsløp etter lova § 3–3 tredje ledd, var å opne for at større delar av opplæringa kunne gjennomførast i bedrift i staden for i skole, og at opplæringa kan veksle mellom periodar i skole og bedrift. Men føresegna gir ikkje høve til å gjere unntak frå målkrava i læreplanverket, eller frå tida til opplæring eller verdiskaping. Dette vil seie at ein lærekontrakt som gjeld full opplæring i bedrift, også vil omfatte all opplæring som normalt skal skje i skole og vil strekkje seg over fire år, inkludert eitt år med verdiskaping i bedrifta. Unnateke frå dette er nokre få fag som har lengre opplæringstid. Bedrifta får tilskot frå fylkeskommunen for kvart år med opplæring. Fylkeskommunen kan ta ansvar for delar av opplæringa og halde tilbake ein forholdsmessig del av tilskotet.

Departementet viser også til forskrifta til opplæringslova § 6–40 om organiseringa av opplæringa for lærlingar og lærekandidatar, § 11–12 om avvik frå opplæringsordninga og § 11–13 og dei følgjande om godskriving av opplæring og praksis. I § 11–12 siste ledd går det fram at lærekontrakt med full opplæring i bedrift ikkje kan «godkjennast for ein som fyller kravet til praksis for å framstille seg til prøve med heimel i opplæringslova § 3–5» (praksiskandidatordninga).

I forskrifta § 6–40 er det nærmare angitt kva slags avvik frå læreplanverket fylkeskommunen

kan godkjenne i den enkelte lærekontrakten eller opplæringskontrakten. Avviket frå den opplæringsordninga som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, kan vere «at lærebedrifta tek ansvar for ein større del av opplæringa enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, eller at opplæringa i skole og bedrift skjer i ei anna rekkjefølgje enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet». For at lærekontrakten eller opplæringskontrakten skal kunne godkjennast av fylkeskommunen, må det «gå fram av lærekontrakten/opplæringskontrakten kva opplæringsansvar bedrifta har for lærlingen/lærekandidaten». Det er i denne samanheng eit krav om at det skal «vere samsvar mellom opplæringsansvaret og den tida bedrifta har ansvar for lærlingen/lærekandidaten». Vidare går det fram av føresegna at «dersom opplæringa i skole og bedrift skal skje i ei anna rekkjefølgje enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, skal organiseringa gå klart fram av kontrakten».

Etter forskrifta § 6–40 andre ledd skal ein «vaksen lærling eller lærekandidat som inngår lærekontrakt eller opplæringskontrakt som fastset ei anna opplæringsordning enn den som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, «... normalt få den delen av opplæringa som ikkje skjer i bedrifta, som opplæring organisert for vaksne». Dette skal sjåast i samanheng med kapittel 4A i lova.

Føresegna i lova § 3–3 tredje ledd inneber at fylkeskommunen kan gi aksept til ein avtale som ein lærling og ei lærebedrift er samde om, men fylkeskommunen kan ikkje påleggje verken lærebedrifta eller lærlingen å teikne ein slik kontrakt mot deira vilje. Regelen i tredje ledd påverkar ikkje retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1 for den enkelte, eller fylkeskommunen sitt ansvar for at retten blir oppfylt. Føresegna inneber med andre ord ikkje nokon rett til å teikne lærekontrakt etter hovudmodellen, og heller ikkje nokon rett til å teikne lærekontrakt med heile opplæringa i bedrift. Lærebedrifta har heller inga plikt til å teikne lærekontrakt.

I tillegg til at fylkeskommunen kan godkjenne at det i enkelte tilfelle blir gjort unntak frå hovudmodellen som beskrive i lova § 3–3 tredje ledd, kan departementet gi forskrifter om avvik frå hovudmodellen for «særskilde, små fag, for fag med særskilt store krav til teori, for fag med særskilde sertifiseringskrav, for lærlingar og lærekandidatar som ikkje fell inn under § 3–1 og for lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov», sjå lova § 3–3 sjetle ledd. I forskrifta § 11–12 første ledd er

det presisert kva som er meint med «særskilde behov». Etter føresegna er fylkeskommunen gitt kompetanse til å «samtykkje i at det blir fastsett avvik frå dei vanlege kontraktvilkåra for personar som har avgrensa arbeidsevne på grunn av fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar. Krava til dei allmennteoretiske måla kan ikkje bli senka utover det som følgjer av forskrifta § 4–66». Denne føresegna kan gå på andre avvik frå hovudmodellen enn dei det er gitt høve til etter lova § 3–3 tredje ledd.

Etter forskrifta § 11–12 andre ledd kan lærlingar eller lærekandidatar som har teikna lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter reglane i forskrifta § 11–12 første ledd eller etter lova § 3–3 tredje ledd, «få godskrive eventuell tidlegare skole eller praksis etter forskrifta § 11–13 flg.».

### 6.3.2 Forslag frå lovarbeidsgruppa

Ei tydeleggjering i lova av både krava for å få godkjenning som lærebedrift og krava til arbeidet i lærebedrifta med opplæring av lærlingane og lærekandidatane, vil etter lovarbeidsgruppa si meining føre til betre kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Med sikte på å få til ei slik tydeleggjering legg gruppa fram fleire forslag til endringar i lova.

I rapporten sin foreslår arbeidsgruppa at for at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjend, må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret eller ringen godkjennast av fylkeskommunen. Gruppa viser til at fylkeskommunen på denne måten får høve til å sjå om dei enkelte bedriftene oppfyller krava for å få godkjenning, og betre kan sikre at lærlingane og lærekandidatane får god opplæring. Gruppa foreslår dessutan at der samansetninga av opplæringskontoret eller opplæringsringen endrar seg, skal kontoret eller ringen melde frå til fylkeskommunen, som skal gjere ei ny vurdering av godkjenninga.

Lovarbeidsgruppa foreslår at kravet om føresegner om dei samarbeidande medlemsbedriftene og om opplæringskontoret og medlemsbedriftene blir lyfta fram i lova. Ved å lovfeste krav om at opplæringskontor må ha føresegner om samarbeidet mellom kontoret og medlemsbedriftene, og krav om at opplæringsringar må ha føresegner om samarbeidet mellom medlemsbedriftene, meiner gruppa at pliktene som er knytte til arbeidet med opplæringa, blir klarare. Det blir foreslått å lovfeste at desse føresegnene skal vise kva den enkelte bedrifta skal gi av opplæring og innehalde føresegner om fordelinga av tilskotet.

Lovarbeidsgruppa foreslår at det blir presisert i lova at lærebedriftene får tilskot til opplæringa av

lærlingar og lærekandidatar. Gruppa viser til at det er viktig at tilskotet heilt ut går til å finansiere dei utgiftene bedriftene har med å ha lærlingar eller lærekandidatar.

Lovarbeidsgruppa foreslår at det blir synleggjort i lova at ei lærebedrift kan ha meir enn éin fagleg leiar, og at det blir lovfesta eit krav om instruktør ved kvar bedrift som driv opplæring. Gruppa viser til at både fagleg leiar og instruktør er viktige føresetnader for ei god fag- og yrkesopplæring, og at reglane bør vere klarare enn i dag.

Lovarbeidsgruppa foreslår at straffeføresegna i § 4–8 blir oppheva. Gruppa har ikkje kjennskap til at ho har vore brukt, og meiner at ho ikkje lenger har nokon reell praktisk funksjon.

Lovarbeidsgruppa foreslår at opplæringslova § 3–3 blir forenkla i forma. Gruppa oppfattar dei gjeldande føresegnene i lova om avvik frå normalmodellen som ei unødvendig avgrensing av heimen for å fastsetje læreplanar, og meiner at det er tilstrekkeleg at det i forskrifter til opplæringslova går fram kva for fag som har læretid i bedrift. Vidare foreslår gruppa at fylkeskommunen, i staden for dei enkelte skolane, får ansvar for å gi tilbod om fag- og yrkesopplæring som lærlingar og lærekandidatar ikkje kan få i bedrifta.

Lovarbeidsgruppa foreslår at omgrepet *teoriopplæring* blir erstatta med *opplæring* i samsvar med omgrepsbruken i læreplanane. På denne måten meiner gruppa at det blir klarare kva lærlingen og lærekandidaten har rett til i opplæringa i bedrift.

Lovarbeidsgruppa foreslår å lovfeste at lærebedrifta skal ha eit internt system for kvalitetssikring av opplæringa og rapportere til fylkeskommunen årleg. Den faglege leiaren/dei faglege leiarane skal ha ansvar for å sjå til at lærebedrifta oppfyller dei pliktene som følgjer av lova og forskrifter gitt i medhald av lova. Gruppa viser til at dette vil gjere lærebedriftene tydelegare merksame på den plikta dei alt har etter forskrifta § 2–1.

### 6.3.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Dei endringsforslaga frå lovarbeidsgruppa som er knytte til lærebedrifter, opplæringskontor og opplæringsringar, under dette godkjenning og lærebedriftene sine rettar og plikter, får brei tilslutning frå høringsinstansane. I merknadene gir instansane for det meste generell støtte til forslaga. Fleire uttaler at forslaga understrekar og presiserer pliktene for dei ulike aktørane, og gir nødvendige ansvars- og rolleavklaringsar. Enkeltståande høringsinstansar har merknader til formuleringa av konkrete lovforslag.

*Fylkesmannen i Østfold* uttaler:

«Endringene vil tydeliggjøre at bedriftenes plikter for opplæringen er bundet til gjeldende læreplanverk, og at tilskuddet til bedriftene er knyttet til ansvaret bedriftene har for opplæringen i motsetning til verdiskapningen. Samtidig understrekes fylkeskommunens ansvar for å oppfylle elevens rett.»

*Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)* uttaler:

«Bedriftenes plikter tydeliggjøres i arbeidsgruppens forslag ved at det nå fremgår at produksjonen og opplæringen skal tilrettelegges slik at lærekandidaten kan nå målene i læreplanen. YS støtter forslaget om at lærlingetilskuddet skal være et tilskudd til opplæringen av lærlinger og lærekandidater og at dette tas inn i lovbestemmelsen.»

*Telemark fylkeskommune* uttaler:

«Telemark fylkeskommune er samd i at dei enkelte bedrifter som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring må godkjennast av fylkeskommunen for at kontoret eller ringen kan godkjennast.»

*Rogaland fylkeskommune* uttaler:

«Fylkesutvalget i Rogaland slutter seg i hovedsak til Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endringer i opplæringslovens bestemmelser om fag- og yrkesopplæringen. Fylkesutvalget vil likevel påpeke følgende: Fylkesutvalget foreslår at § 4–7, 2. ledd, 1. setning endres til: Fylkeskommunen gis anledning til årlig å innhente rapport fra lærebedrifter om opplæring av lærlinger og lærekandidater.»

*Maskinentreprenørenes forbund (MEF)* uttaler:

«Vi støtter forslaget om at fylkeskommunen skal stå for godkjenningen av lærebedrifter, men at disse på forhånd skal være faglig vurdert av y-nemnda. Imidlertid er MEF sterkt imot at bedrifter innenfor et opplæringskontor skal godkjennes av fylkeskommunen. MEF vil presisere viktigheten av å styrke opplæringskontorenes posisjon i fag- og yrkesopplæringen. MEF mener det heller må legges sterkere føringer/rammer med hensyn på opplæringskontorenes vedtekter og KS-system for å ivareta at deres arbeid og drift er best mulig.»

Vidare heiter det frå *MEF*:

«Det å operere med to forskjellige nivåer på godkjenninger vil bare medføre uklarheter i ansvarsfordelingen i fag- og yrkesopplæringen. Godkjenning av lærebedrifter krever dokumentasjon på at man kan gi opplæring innenfor hele

læreplanen, samt at bedriften kan vise til en intern opplæringsplan. For bedrifter innenfor et opplæringskontor, så vil godkjenningen kun være i henhold til det siste for noen.»

Fleire uttaler seg konkret til forslaget om å lovfeste krav om instruktør ved kvar enkelt bedrift som driv opplæring.

*Landsorganisasjonen (LO)* uttaler:

«Instruktøren må ha faglig relevant yrkesutdanning.»

*Skolenes landsforbund* uttaler:

«Viktig er det også at kravet til instruktør lovfestes. Skolenes landsforbund forutsetter at det enten presiseres i selve lovteksten eller i forskrift at instruktøren må ha relevant faglig bakgrunn.»

*Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY)* uttaler:

«I § 4–3, nytt 3. ledd foreslås instruktøren lovfestet. Dette representerer en langt bedre ordning enn i dag da han har hovedansvaret for oppfølgingen av lærlingen. Instruktørens kompetanse vil være avgjørende for opplæringens kvalitet i den enkelte bedrift. SRY forutsetter at forskriften klargjør at instruktøren må ha relevant faglig bakgrunn.»

*Faglig råd for design og håndverksfag* uttaler:

«Rådet er fornøyd med at instruktørens rolle blir lovfesta. Tilbud om, og organisering av etterutdanning for bedrifter/instruktører må gis på en slik måte at bedriften får reell mulighet til etterutdanning. For små bedrifter kan en slik instruktør opplæring være vanskelig å få til. For disse bedriftene må det særskilt legges til rette slik at ikke viktige opplæringsplasser går tapt. Absolutt krav om instruktør opplæring vil der være vanskelig.»

*Utdanningsforbundet* uttaler:

«I § 4–3, nytt 3. ledd foreslås instruktøren lovfestet. Instruktørens kompetanse vil være helt avgjørende for den opplæringen lærlingen får og for kvalitet i den enkelte bedrift. Utdanningsforbundet forutsetter at forskriften klargjør at instruktøren må ha relevant faglig og pedagogisk kompetanse.»

*Faglig råd for Elektrofag* uttaler:

«Det fremgår flere steder i arbeidsgruppens rapport at «Opplæringskontoret må ha forskrifter som fastset...». Faglig råd finner denne form for formulering uheldig. Det er bedre å bruke formuleringer som bestemmelser eller

vedtekter fordi forskrifter i vanlig betydning er noe som utferdiges av offentlige myndigheter.

Videre heter det:

«Faglig råd slutter seg til forslaget om at en lærebedrift kan ha flere faglige ledere og at det lovfestes at bedriftene skal ha instruktører som forestår opplæringen.»

### 6.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Opplæringa i lærebedrifter er generelt god, og bedriftene følgjer i stor grad opp det lovfesta ansvaret for opplæringa av lærlingar og lære kandidatane. Det er likevel mogleg å stimulere ytterlegare til god kvalitet i opplæringa, og samtidig skape system for å sikre at alle lærebedrifter gir ei opplæring av høg kvalitet til lærlingane og lære kandidatane. Departementet sluttar seg til arbeidsgruppa i synet på at dette kan oppnåast ved at krava til lærebedrifter kjem tydelegare til uttrykk i lova, både krava for å bli godkjend og krava til opplæringa, og at det blir lovfesta krav om rutinar i fylkeskommunen og i bedrifta med tanke på å sjå til at krava blir etterlevde.

Departementet støttar forslaget om at dei enkelte bedriftene som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, må godkjennast for at kontoret eller ringen skal bli godkjend. Dette vil presisere at lærebedrifta, for å få godkjenning, tydeleg må vise at ho anten aleine eller ved hjelp av andre vil oppfylle alle delane av læreplanverket for faget slik § 4–3 andre ledd jf. § 3–4 krev. Etter gjeldande rett må eit opplæringskontor eller ein opplæringsring ha høvesvis vedtekter eller avtale som fastset pliktene for dei samarbeidande bedriftene for å få godkjenning, sjå forskrifta §§ 11–2 og 11–3. For at fylkeskommunen enklare skal ha oversikt over om ei lærebedrift, der ho er organisert i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, oppfyller krava i lova, vil det innebere ein klar fordel at fylkeskommunen godkjenner kvar enkelt bedrift som er ein del av opplæringskontoret eller opplæringsringen. Dette vil gi fylkeskommunen høve til å sjå om dei enkelte bedriftene oppfyller krava i lova.

Godkjenning gir ikkje bedrifta status som lærebedrift, men vil medføre at bedrifta kan vere ei av fleire samarbeidande bedrifter i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring. Det blir ikkje stilt andre krav til dei bedriftene som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring enn til bedrifter som blir godkjende som lærebedrifter aleine. (Bedrifter som samarbeider om opplæring, må der-

imot ha føresegner som klargjer ansvarsforholdet dei imellom, sjå omtale nedanfor).

Blant høringsinstansane er det enkelte som meiner at godkjenning av den enkelte bedrifta ikkje er nødvendig. Med særleg vekt på at det er den enkelte bedrifta som faktisk gir opplæringa til lærlingen og lære kandidaten, held departementet fast ved at det vil vere viktig at også den enkelte bedrifta blir godkjend. På denne måten sikrar ein at lærlingane og lære kandidatane får opplæring i tråd med krava i lova. Rettleiing og informasjon frå fylkeskommunen til lærebedriftene gir etter departementet si vurdering ikkje tilstrekkeleg garanti for høg kvalitet i den opplæringa som blir gitt i den enkelte bedrifta.

Departementet støttar også forslaget frå arbeidsgruppa om å lovfeste meldeplikt for opplæringskontoret og opplæringsringa der det skjer endringar i samansetninga av opplæringskontoret eller ringen. På grunn av at slike endringar kan få innverknad på kvaliteten av opplæringa, bør det for slike tilfelle vere lovfesta at det skal gjerast ei ny vurdering av om krava for godkjenning er til stades. Sidan det er fylkeskommunen som etter departementet sitt forslag skal godkjenne kvar enkelt bedrift, følgjer det av dette at ei slik melding bør givast direkte til fylkeskommunen, som så kan gjere ei ny vurdering. Same løysingsforslaget har departementet elles når det gjeld den meldeplikta lærebedrifta har etter § 4–4 fjerde ledd. Dersom lærebedrifta «stansar eller utviklar seg på ein slik måte at ho ikkje lenger finn det mogleg å gi lærlingen eller lære kandidaten tilfredsstillande opplæring», bør meldinga etter departementet si mening givast til fylkeskommunen, ikkje til yrkesopplæringsnemnda slik tilfellet er i dag.

Etter gjeldande rett er det i forskrifta § 11–4 krav om at bedrifter som har vore utan lærekontraktar eller opplæringskontraktar i to år, må ha ny godkjenning før dei kan ta imot nye lærlingar eller lære kandidatar. Dei forslaga som er omtalte ovanfor, inneber ikkje ei utviding av denne føresegna slik at alle lærebedrifter skal godkjennast på nytt med jamne mellomrom. Ei slik utviding er unødvendig sidan det blir foreslått andre lovendringar som gjeld fylkeskommunens arbeid med å kontrollere at opplæringa i lærebedriftene er god. Dette gjeld for det første forslaget om at krava til lærebedriftene blir tydeleggjorde i lova, for det andre forslaget om at yrkesopplæringsnemnda i samarbeid med fylkeskommunen skal arbeide med kvalitetsutvikling og kvalitetssikring, og vidare forslaget om at alle bedrifter, også dei som er i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, skal godkjennast. Som ein del av det overordna ansvaret fylkes-

kommunen har for den vidaregåande opplæringa, bør fylkeskommunen jamleg kontrollere at den opplæringa som blir gitt ved lærebedriftene, er god og med dette hindre bedrifter i å ha ein uheldig praksis i lengre tid. Rettleiing og oppfølging overfor bedriftene er viktig i dette arbeidet. Der det kan bli aktuelt å trekkje tilbake ei godkjenning av ei lærebedrift, skal yrkesopplæringsnemnda få uttale seg før fylkeskommunen gjer vedtak i saka, sjå omtalen ovanfor i punkt 6.2.4.

Dersom ei bedrift anten aleine eller som del av eit opplæringskontor eller ein opplæringsring fyller krava i lova for å få godkjenning, skal bedrifta få den godkjenninga ho har krav på etter lova. Fylkeskommunen kan ikkje stille andre krav til bedriftene for godkjenning enn dei som går fram av lova.

I lova § 4–4 første ledd er det stilt krav om at opplæringa i bedrift skal skje «i samsvar med den fastsette læreplanen». I dette ligg eit underforstått krav om at lærlingen og lære kandidaten deltek i produksjonen i lærebedrifta i eit slikt omfang og med ein slik variasjon at han eller ho får opplæring etter alle målkrava i det fastsette læreplanverket. Dette kravet kan innfriast i ei enkelt bedrift, eller bedrifter kan samarbeide gjennom eit opplæringskontor eller opplæringsring. Der fleire bedrifter samarbeider om opplæringa, følgjer det av forskrifta §§ 11–2 og 11–3 at det skal gå fram av vedtekter eller ein avtale korleis fordelinga av pliktene er mellom bedriftene. Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at kravet om føresegner for dei samarbeidande bedriftene og for opplæringskontoret og medlemsbedriftene bør lyftast fram i lova. Ved å gjere dette vil det klart gå fram av føresegnene kva den enkelte bedrifta skal gi av opplæring. Det vil vere viktig å sjå dette i samanheng med kravet i forskrifta § 11–1 tredje ledd om at lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa for å sikre at lærlingen eller lære kandidaten får opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. Den interne planen eller den individuelle opplæringsplanen skal sikre at lærlingen eller lære kandidaten får opplæring som samsvarer med læreplanverket for faget. Lovkravet om slike føresegner i vedtektene eller avtalen vil også gjere det lettare for fylkeskommunen å drive rettleiing og oppfølging av den enkelte bedrifta som driv opplæring, og å informere bedriftene om dei rettane og pliktene dei har etter opplæringslova.

Enkelte høringsinstansar viser til at lovarbeidsgruppa fleire stader i rapporten bruker nemninga *forskrifter* på dei føresegnene som opplæringskontor og opplæringsringar skal vere lovpålagde å ha i vedtekter og avtalar, og uttaler at dette er uheldig

fordi forskrifter i vanleg betydning er noko som er utferda av offentleg myndigheit. Denne merkna- den sluttar departementet seg til, og foreslår der- for at opplæringslova i omtalen av dette kravet skal nytte omgrepet *føresegner*.

Departementet er samd i at tilskotet heilt ut bør gå til å finansiere dei utgiftene bedriftene har med lærlingar og lære kandidat, og støttar forslaget om at lova bør presisere at lærebedriftene får tilskot til opplæringa av lærlingar og lære kandidat. Tilskotet bør følgje lærekontrakten og opplæringskontrakten. Der medlemsbedrifter er organiserte i eit opplæringskontor, er det kontoret som teiknar kontrakten, og tilskotet bør utbetalast til kontoret. Samtidig er det viktig at dei enkelte bedriftene som eig opplæringskontoret, er aktive i sin eigarskap og er medvitne om tilskotsordninga og fordelinga av midlane mellom opplæringskontoret og eigarbedriftene. Departementet støttar derfor også forslaget om at føresegnene i vedtektene til opplæringskontoret og avtalen mellom bedriftene i ein opplæringsring skal innehalde føresegner om fordelinga av tilskotet. Det skal ikkje være noko lovkrav om korleis fordelinga av tilskotet skal vere, berre at føresegnene klart fastset fordelinga.

Departementet støttar forslaget om å synleggjere i lova at ei lærebedrift kan ha meir enn ein fagleg leiar og forslaget om å lovfeste instruktørrolla. Det er ikkje krav om at kvar enkelt bedrift har ein fagleg leiar der bedrifta er organisert i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring. Dette følgjer av at opplæringskontoret og opplæringsringen i lova er definerte som lærebedrifter, og krava om fagleg leiar er retta mot lærebedriftene.

Da det vart lovfesta krav om fagleg leiar, var formålet for det første at lærlingen og lære kandidaten skulle ha ein person å halde seg til, for det andre at bedrifta skulle ha ein tilsett som tok hand om rettane til lærlingen og lære kandidaten og såg til at bedrifta oppfylte krava i lova om opplæring av lærlingen og lære kandidaten, med mellom anna å utvikle ein intern plan for opplæringa. Det var føreset at den faglege leiaren skulle ha ein viss nærleik til lærlingane og lære kandidatane. Enkelte opplæringskontor er svært store og har bedrifter spreidde rundt i landet. For somme lærlingar og lære kandidat vil dette medverke til stor distanse til den opplæringsansvarlege, ei problemstilling som kan vere relevant også for store bedrifter som er lærebedrifter. Dei fleste bedriftene har derfor i dag også ein instruktør som står føre opplæringa av lærlingane og lære kandidatane. Det er ikkje lovfesta noko krav om instruktør i gjeldande rett, og det er heller ikkje i lov eller forskrift fastsett arbeidsoppgåver for instruktøren. Ved fleire

bedrifter vil instruktøren og den faglege leiaren vere ein og same person.

Departementet meiner at instruktørrolla bør lovfestast, sidan denne personen spelar ei viktig rolle i opplæringa. Vidare bør lova presisere tilhøvet mellom fagleg leiar og instruktør, og i større grad enn i dag presisere det ansvaret lærebedrifta har for å gi opplæring i samsvar med krava i lova. Målet om nærleik til lærlingane og lære kandidatane talar for at kravet om instruktør blir stilt til kvar enkelt bedrift som driv opplæring, uavhengig av om bedrifta er sjølvstendig lærebedrift, eller er organisert i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring. Lova er ikkje til hinder for at instruktør og fagleg leiar kan vere ein og same person. Departementet vurderer det som ikkje formålstenleg å lovfeste arbeidsoppgåver og ansvar for instruktøren, utover at han skal stå føre den daglege opplæringa av lærlingen og lære kandidaten. Departementet vurderer det heller ikkje som riktig å lovre- gulere krav til kompetanse hos instruktøren, slik enkelte høringsinstansar etterlyser. Føresegner om dette bør eventuelt fastsetjast i forskrift. Departementet meiner at den faglege leiaren bør ha god og oppdatert kompetanse. I dag er kravet i lova at den faglege leiaren er fagleg kvalifisert, eit krav som kan oppfyllest både gjennom formell utdanning og gjennom praksis innanfor faget. Det blir ikkje foreslått å lovfeste ytterlegare krav om formell utdanning for den faglege leiaren, sidan behovet for kompetanse stadig vil endre seg. Strategiar for kompetanseutvikling bør arbeidslivet og fylkeskommunen samarbeide om. I dette arbeidet er det viktig å sjå etter- og vidareutdanning av lærarar og instruktørar i samanheng.

Etter endringsforslaget vil det framleis vere eit krav til lærebedrifta om å ha ein fagleg leiar som har ansvaret for opplæringa, og som fører kontroll med at krava i lova til lærebedriftene blir oppfylte. Samtidig meiner departementet at det bør komme klart fram i lova at det er lærebedrifta, ikkje den enkelte faglege leiaren, som har det overordna ansvaret for opplæringa og for at lovfesta plikter blir etterlevde. Lovforslaget synleggjer at ei lærebedrift kan ha fleire faglege leiarar.

Departementet støttar forslaget frå gruppa om å oppheve straffeføresegna i § 4–8. Føresegna kan ha hatt ein funksjon i den tida da det var vanskeleg å få bedrifter til å teikne lærekontraktar etter den dagjeldande lærlinglova, og dei heller heldt lærlingar utanfor ordninga etter lova, men departementet ser ikkje dette som noko problem i dag. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at det mest effektive verkemiddelet mot lærebedrifter som ikkje oppfyller sine plikter etter opplæringslova

med forskrifter, er å ta godkjenninga frå bedrifta. Det er lite som tilseier at straffeføresegner vil verke ytterlegare preventivt i så måte.

Departementet støttar forslaget om å forenkle opplæringslova § 3–3, og sluttar seg i stor grad til grunngevinga for endringsforslaget frå gruppa. Det som er viktig, er at det er eit krav i lova om at det må gå klart fram av lærekontrakten eller opplæringskontrakten kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa av lærlingen og lære-kandidaten, for å sikre at det ikkje oppstår noko uklart om kven som har ansvaret for opplæringa i dei ulike delane av læreplanverket. Føresegnene i dag nemner dei tilfella der det kan gjerast avvik frå hovedmodellen, noko som er ei unødvendig avgrensing av heimelen for å fastsetje læreplanar. Departementet meiner sameleis som arbeidsgruppa at det er tilstrekkeleg at det går fram av forskrifta kva for fag som har læretid i bedrift. Opplæringsmodellane for dei enkelte faga vil gå fram av læreplanverket for faget, ikkje av lova. Læreplanverket blir gitt som forskrift i medhald av opplæringslova § 3–4 første ledd. I denne samanheng kan det nemnast at departementet etter framlegg frå partane i arbeidslivet fastset kva for fag som har opplæring i bedrift, sjå lova § 3–3 sjette ledd jf. forskrifta § 1–3. Det vil framleis vere lovheimel for fylkeskommunen til å godkjenne lærekontraktar eller opplæringskontraktar som inneber unntak frå den fastsette opplæringsordninga for dei enkelte faga i konkrete tilfelle. Dette høvet til å godkjenne unntak frå opplæringsordninga gjeld fordelinga av opplæringa mellom skole og bedrift og høve til ei anna deling av måla mellom år, men gir ikkje heimel for å gjere unntak frå dei målkrava som er fastsette for faget i læreplanverket. Departementet meiner at omgrepet i lova bør vere «unntak» og ikkje «avvik», slik arbeidsgruppa foreslår. Dette inneber inga realitetsendring samanlikna med gjeldande rett.

Departementet støttar vidare forslaget frå lov-arbeidsgruppa om at fylkeskommunen, i staden for dei enkelte skolane, skal ha ansvaret for å gi tilbod om fag- og yrkesopplæring som lærlingar og lære-kandidatar ikkje kan få i bedrift, sjå lova § 3–3 femte ledd.

Departementet støttar forslaget om at omgrepet *teoriopplæring* blir erstatta med *opplæring* i samsvar med omgrepsbruken i læreplanverket. Ved å gjere dette omgrepet tydeleg blir dessutan innhaldet i det lærlingen og lære-kandidaten har rett til i opplæringa i bedrift, klarare.

Departementet støttar forslaget om at lærebedrifta skal ha eit internt system for kvalitetssikring av opplæringa og rapportere til fylkeskommunen

kvart år. Lova bør klart uttrykkje det ansvar lærebedrifta har for eit kvalitetssystem og årleg rapporteringsplikt, og at dette ansvaret ligg hos lærebedrifta, ikkje hos den faglege leiaren. Ved å lovfeste ei slik plikt vil det prinsippet som er forskriffsfesta i § 2–1, bli lyfta fram i lova og på denne måten gjere det ansvaret lærebedriftene har, tydeleg. Den faglege leiaren/dei faglege leiarane i lærebedrifta skal som i dag ha ansvar for å sjå til at lærebedrifta oppfyller dei pliktene som er gitt i opplæringslova med forskrifter

## 6.4 Rettane og pliktene for lærlingen og lære-kandidaten

### 6.4.1 Gjeldande rett

I opplæringslova § 4–1 er det definert kven som etter lova er rekna som lærling og lære-kandidat. Lærling er «den som har skrive ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har læretid etter forskrifter gitt med heimel i § 3–4». Ein lære-kandidat er «den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve». Dei same definisjonane er gitt i forskrifta, sjå forskrifta § 4–3.

Lærlingar og lære-kandidatar har rett til opplæring i samsvar med opplæringslova og forskrifter gitt med heimel i denne lova. Dette er slått fast i opplæringslova § 3–1 andre ledd.

Etter opplæringslova § 3–1 har unge som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. I fag «der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen», sjå lova § 3–1 første ledd. Etter lova § 3–1 sjette ledd har søkjarane rett til inntak til «eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet». Denne ungdomsretten varer til den unge har fylt 24 år og betyr at heile retten må vere teken ut innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Utdanninga må dessutan takast i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, sjå lova § 3–1 tredje ledd.

Vaksne som er fødte før 1. januar 1978 og har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, men ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad ein tilsvarande rett som unge, men her gjeld det ingen tidsavgrensingar, jf. § 4A–3 første ledd. Vaksne som tek vidaregåande utdanning, har rett til realkompetansevurdering og til å få

kompetansebevis for den teoretiske og praktiske kunnskapen dei sit med på vidaregåande opplæringsnivå, sjå § 4A–3 femte ledd jf. siste ledd. Dette inneber at den vaksne ikkje skal trenge å få opplæring i det vedkommande allereie har kunnskap om. Det er i denne samanheng ikkje stilt kvantitative krav i lova om kor langt tidsrom vedkommande har vore i bedrift, men om kva personen faktisk har av kunnskap når realkompetansen skal vurderast. Det blir altså stilt reint kvalitative krav i samband med utarbeiding av kompetansebevis. Vaksne har rett til å fullføre opplæringsløpet slik det er fastlagt i læreplanen, jf. § 4A–3 tredje ledd. Sjå også første ledd i føresegna, som seier at opplæringa skal «tilpassast behovet til den enkelte». Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å gi kompetansebevis på grunnlag av ei realkompetansevurdering på vidaregåande nivå. I forskrifta § 4–65 er det nærmare angitt kven som skal skrive ut kompetansebevis. Det er gitt særskilde reglar om opplæring organisert for vaksne i forskrifta § 4–36 og dei følgjande.

Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring har der kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten ber om det, rett til realkompetansevurdering, sjå lova § 4A–3 femte ledd. Eit alternativ for vaksne som arbeider i bedrift, er å melde seg opp til fag- eller sveineprøve etter praksiskandidatordninga. Denne ordninga er regulert i lova § 3–5 og gir rett til å få fag- eller sveineprøve utan at ein har vore i læreforhold og skole. Kravet er i utgangspunktet reint kvantitativt ved at ein skal ha hatt ein «allsidig praksis i faget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida». Det er gitt nærmare reglar om fag- og sveineprøve for praksiskandidatar i forskrifta § 4–50.

Etter opplæringslova § 3–1 niande ledd jf. andre ledd har lærlingar og lære kandidatatar rett til gratis vidaregåande opplæring, også for den delen av opplæringa som skjer i bedrift. Det gjeld nokre avgrensingar i denne retten, da fylkeskommunen kan «påleggje elevane, lærlingane og lære kandidatane å halde seg med undervisningsmateriell og utstyr til eige bruk som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha», og fylkeskommunen kan også innanfor visse rammer krevje ei kopiavgift av elevane. Opplæringa skal, med dei same avgrensingane som gjeld for unge, også vere gratis for vaksne, sjå lova § 4A–3 fjerde ledd.

Fagopplæringa omfattar normalt to års opplæring i skole og eitt år års opplæring i bedrift, sjå lova § 3–3 tredje ledd. Det er fastsett i føresegna at «når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år». Vidare kan fylkeskommunen «i det

enkelte tilfellet godkjenne lærekontrakt/opplæringskontrakt som fastset at heile opplæringa, eller ein større del av opplæringa enn det som følgjer av læreplanen, skal skje i bedrift».

Etter lova er det ikkje rett til læreplass eller opplæringsplass i bedrift, men der det ikkje kan formidlast opplæring i bedrift, skal fylkeskommunen sørge for at også bedriftsdelen blir gitt i skole, sjå opplæringslova § 3–3 fjerde ledd. Det er gitt nærmare føresegner om formidling av elevar til bedrift i forskrifta § 6–37 og dei følgjande.

Det er lovfesta rett til skriftleg lærekontrakt eller opplæringskontrakt, sjå lova § 4–5. Etter forskrifta § 11–7 skal det ved teikning av lærekontrakt nyttast eit kontrakt skjema fastsett av departementet. Lærlingar som teiknar lærekontrakt etter desse føresegnene, har rett til å få godskrive eventuell tidlegare skole eller praksis etter forskrifta § 11–13 og dei følgjande.

Dei rettane og pliktene lærlingane og lære kandidatane elles har, er regulerte i lova § 4–2. Når lærlingane og lære kandidatane er i bedrift, er dei rekna som arbeidstakarar, og arbeidsmiljølova regulerer rettane og pliktene deira, likevel slik at endring og heving av lærekontrakten og opplæringskontrakten følgjer av opplæringslova § 4–6, sjå § 4–2 første ledd jf. § 4–6 siste ledd. Lærlingar og lære kandidatatar har altså i hovudsak ikkje det stillingsvernet som følgjer av arbeidsmiljølova. Lærlingar som er eldre enn 21 år, og som inngår lærekontrakt med full opplæring i bedrift, har likevel rett til prøvetid etter § 4–5 tredje ledd jf. § 4–6 siste ledd. Lærlingar og lære kandidatatar har høve til permisjon frå opplæring i bedrift der yrkesopplæringsnemnda godkjenner det, sjå lova § 4–6 sjuande ledd. Der lærlingen eller lære kandidaten frivillig hevar kontrakten, fell retten til vidaregåande opplæring bort, såframt yrkesopplæringsnemnda ikkje vedtek noko anna, sjå opplæringslova § 4–6 femte ledd. Før yrkesopplæringsnemnda gjer vedtak om heving eller tap av rettar, har lærlingen eller lære kandidaten rett til å gi ei munnleg forklaring, sjå § 4–6 sjette ledd. I lova § 4–2 andre ledd er det presisert at arbeidsavtalen normalt fell bort når læretida etter kontrakten er over.

Lærlingar og lære kandidatatar har rett til pedagogisk-psykologisk teneste på lik linje med elevar i vidaregåande skole, sjå lova § 4–2 tredje ledd jf. § 5–6. Vidare har dei rett til skyss og innlosjering der vilkåra i lova er oppfylte, sjå lova § 7–2 jf. forskrifta kapittel 10. Der personar har rett til vidaregåande opplæring, men ikkje er i opplæring eller i arbeid, har dei rett til oppfølging av oppfølgingstenesta i fylkeskommunen. Dette går fram av lova § 3–6.

Lærlingar og lærekandidatar har rett til opplæring etter det fastsette læreplanverket, sjå lova § 4–4 første ledd jf. § 4–2 fjerde ledd og forskrifta § 1–3. Lærekandidatar har rett til spesialundervisning etter kapittel 5 i lova om dei ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Da skal det utarbeidast individuelle opplæringsplanar for dei, sjå lova § 4–4 første ledd jf. § 5–5 første ledd.

Etter opplæringslova § 3–3 femte ledd har lærlingane og lærekandidatane rett til teoriopplæring og kortare kurs frå sin vidaregåande skole. Dei har også rett til fri for å gjennomføre teoriopplæringa utanfor lærebedrifta, sjå lova § 4–4 første ledd. Arbeidstida og skoletida skal samla ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget, sjå andre ledd i føresegna.

Etter lova § 3–4 andre ledd skal undervisningspersonalet «tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar» gitt etter opplæringslova. Vidare skal rektor «organisere skolen i samsvar med forskrifter etter første leddet og i samsvar med §§ 1–2 og 3–3 og forskrifter etter § 1–3». Lærebedriftene har etter forskrifta § 11–1 tredje ledd plikt til å utvikle ein «intern plan for opplæringa for å sikre at lærlingen eller lærekandidaten får opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen for lærekandidaten». Lærlingane og lærekandidatane har etter § 3–4 andre ledd plikt til å vere aktivt med i opplæringa.

Etter avslutta læretid skal lærlingen få ta fagprøve eller sveineprøve, og lærekandidaten skal få høve til å ta ei kompetanseprøve, sjå lova § 4–4 tredje ledd. Det er gitt nærmare føresegner om prøvene i forskrifta § 4–51 og dei følgjande. Ved uro kan lærlingen bli bortvist frå fag- og sveineprøva dersom visse vilkår etter forskrifta § 4–60 er oppfylte. For å kunne gå opp til fag- eller sveineprøve må lærlingen ha bestått teorikrava som er stilte i forskrifta §§ 4–48 og 4–49. Vaksne med rett til vidaregåande opplæring kan få realkompetansen vurdert etter § 4A–3 femte ledd. Sjå også forskrifta § 11–13 og dei følgjande. Alle vaksne, uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring, kan få gå opp til fag- eller sveineprøve etter praksiskandidatordninga om dei oppfyller kravet om allsidig praksis som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida, sjå lova § 3–5 jf. forskrifta § 11–13 og dei følgjande.

Lærlingar og lærekandidatar har rett til vurdering etter forskrifta § 4–1 og dei følgjande. Av forskrifta § 4–5 går det fram at lærlingen og lærekandidaten skal få løpande individuell rettleiing og vur-

dering knytt til målkrava i læreplanverket for faget eller opplæringsplanen.

I forskrifta §§ 4–64 og 4–65 jf. §§ 4–30 og 4–33 går det fram kva slags dokumentasjon lærlingen og lærekandidaten skal få ved avslutta opplæring. Lærlingar og lærekandidatar har rett til å klage på standpunktkarakterar, eksamenskarakterar, karakterar til fag- og sveineprøve og kompetanseprøve, og realkompetansevurdering, sjå forskrifta § 5–1 og dei følgjande jf. lova § 3–4 første ledd. Føresegner om klage over bedømminga av den praktiske delen av fag- og sveineprøva er gitt i forskrifta § 5–14.

#### 6.4.2 Forslag frå lovarbeidsgruppa

Lovarbeidsgruppa foreslår at retten til opplæring for lærlingen og lærekandidaten blir synleggjort i lova. Gruppa viser til at dette vil spegle den plikta lærebedrifta har til å gi opplæring i samsvar med læreplanverket etter lova § 4–4.

Lovarbeidsgruppa foreslår at § 4–2 første ledd blir endra slik at det går eksplisitt fram at lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakarar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i. Arbeidsgruppa viser til at dette vil gjere opplæringslova tydelegare på kven som har arbeidsgivaransvaret for lærlingen og lærekandidaten.

Arbeidsgruppa foreslår at den standardkontrakten som departementet fastset, blir endra slik at kontrakten viser til den arbeidsavtalen eller dei arbeidsavtalane som skal teiknast.

Vidare viser gruppa til nærleiken mellom arbeidsforholdet og læreforholdet og foreslår at § 4–2 andre ledd blir endra slik at det går eksplisitt fram at arbeidsavtalen fell bort ved heving av lærekontrakten etter § 4–6.

Arbeidsgruppa foreslår at det skal gå fram av standardkontrakten departementet fastset både at arbeidsavtalar fell bort ved heving av lærekontrakten eller opplæringskontrakten etter § 4–6, og når læretida som er fastsett i kontrakten, er over.

Arbeidsgruppa omtaler vidare spørsmålet om kva for regelsett arbeidsavtalen skal kunne hevast etter, og har forslag til presiseringar i lova. Gruppa foreslår at det blir presisert at der det er same kontraktpartar for lærekontrakten eller opplæringskontrakten og arbeidsavtalen, kan arbeidsavtalen ikkje seiast opp utan at lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast etter §§ 4–5 tredje ledd eller 4–6. For dei tilfella der det er ulike kontraktpartar for lærekontrakten eller opplæringskontrakten og arbeidsavtalen, foreslår gruppa at lova skal presisere at lærekontrakten eller opplæringskontrakten framleis vil gjelde om arbeidsavta-

len blir sagt opp i medhald av arbeidsmiljølova. Begge desse presiseringane i lova bør også etter lovarbeidsgruppa si meining gå tydelegare fram av standardavtalen.

Arbeidsgruppa foreslår at der lærlingen eller lærekandidaten får opplæring ved fleire bedrifter eller det på annan måte er fleire aktørar som skal stå for opplæringa, skal ansvarsdelinga gå klart fram av lærekontrakten eller opplæringskontrakten.

Arbeidsgruppa har fire forslag som spesielt knyter seg til ordninga for lærekandidatar. For det første foreslår gruppa at det blir innarbeidd i forskrifta ein eksplisitt rett til klage på vurdering, for det andre at § 4–6 første ledd blir endra slik at det på visse vilkår blir mogleg å endre ein lærekontrakt til opplæringskontrakt, for det tredje at det blir utarbeidd ein eigen standardkontrakt for lærekandidatar, og for det fjerde at det ikkje skal vere nødvendig med samtykke frå verje når det blir skrivne opplæringskontrakt.

### 6.4.3 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av høringsinstansane sluttar seg til forslaget frå arbeidsgruppa om endringar som gjeld rettane og pliktene for lærlingen og lærekandidaten. Mange viser til at endringane vil gjere lovforesegnene klarare enn dei reglane som gjeld i dag.

Forslaga om synleggjering av lærekandidaten og høvet til å endre lærekontrakt til opplæringskontrakt blir konkret omtalte av fleire høringsinstansar.

*Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)* uttaler:

«Vi støtter synleggjoringen av lærekandidater i opplæringslovens tekst». Videre heter det: «De endringer det her legges opp til vil tydeligere klargjøre rettighetene til lærlinger og lærekandidater. Dette vil også medføre en klarere forventning til de bedrifter som tar inn lærlinger og lærekandidater på kontrakter.»

Til forslaget om endringer i § 4–6 blir vidare uttalt:

«MEF er meget positiv til muligheter for at man nå kan endre de enkelte kontrakter ut fra hvordan selve opplæringsløpet i bedrift utvikler seg uten å måtte heve den allerede etablerte kontrakt. Vi tror dette kan gi en bedre motivasjon for de lærlinger og lærekandidater som er i et opplæringsløp og som måtte ønske endringer av sitt opplæringsløp i stedet for å heve kontrakten.»

*Skolenes landsforbund* uttaler dette til forslaget om endringer i § 4–6:

«Vi støtter synleggjoringen av lærekandidaten gjennom forslaget til tilføyelse i overskriften. Forbundet deler også lovgruppens syn om at det bør lovfestes en adgang til å endre lærekontrakt til opplæringskontrakt i løpet av kontrakt-tiden.»

*Barne- og likestillingsdepartementet* uttaler:

«Vi støtter lovarbeidsgruppens forslag om utvikling og etablering av standardkontrakter for lærekandidater. Departementet støtter også forslaget om en ryddigere konverteringsmulighet for endring av inngåtte lærekontrakter til opplæringskontrakter og andre veien. I dag heves lærekontrakten formelt dersom lærlingen ikke oppfyller målene i læreplanen eller av andre grunner ikke oppfyller de krav som en lærekontrakt stiller til lærlingen. Et læreforhold som ender med heving av lærekontrakt er et formelt avbrudd i opplæringsløpet. Dersom lærekontrakten lettere kunne konverteres til opplæringskontrakt, før heving er eneste utvei, vil dette være en ivaretaende tilrettelegging for de mest frafallsutsatte ungdommer som er under videregående opplæring i bedrift (lærling/lærekandidat).»

*Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)* uttaler:

«YS støtter forslaget om at det skal fremgå av kontrakten hvem som har ansvar for de ulike deler av opplæringen der det er flere involvert og at lærekontrakten skal vise til den eller de arbeidsavtalene lærlingen har. Dette må innebære, etter vår vurdering, at det innføres en plikt til at det skal foreligge egne arbeidsavtaler og at lærekontrakten ikke lenger er å anse som en arbeidsavtale.»

*Utdanningsforbundet* uttaler:

«Utdanningsforbundet ser det som viktig at lærekandidatordningen synleggjøres bedre i opplæringsloven. Mye av kritikken mot denne ordningen ligger i at det er en «skjult mulighet» som ikke benyttes i tilstrekkelig grad. Ved å synleggjøre lærekandidaten i overskriften, kan dette føre til at ordningen «sideslites» som mulighet for enkelte elever.» Videre uttales følgende: «Utdanningsforbundet støtter forslaget om at det skal fremgå av kontrakten hvem som har ansvaret for de ulike deler av opplæringen der det er flere involvert og at lærekontrakten skal vise til den eller de arbeidsavtalene kandidaten har. Det er etter Utdanningsforbundets vurdering nødvendig å ha et mer fullstendig

regelverk om opplæringskontorenes/-ringenes totale virksomhet enn det vi har i dag.»

#### 6.4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet støttar forslaget frå arbeidsgruppa om at retten til opplæring for lærlingen og lære-kandidaten skal synleggjerast betre i lova. Lær-lingen og lære-kandidaten har rettar og plikter både etter opplæringslova med forskrifter og som arbeidstakarar i bedrifta etter m.a. arbeidsmiljølova. Det går eksplisitt fram i opplæringslova § 4–2 første ledd at lærlingar og lære-kandidatar er arbeidstakarar med dei rettar og plikter som følgjer av dette. Retten til opplæring for lærlingen og lære-kandidaten i samsvar med lærekontrakten og opplæringskontrakten bør komme like tydeleg fram av den same føresegna. Som arbeidsgruppa viser til i forslaget, vil føresegna om rettar for lærlingen og lære-kandidaten i § 4–2 da spegle føresegna om den plikt lære-bedrifta har til å gi opplæring i samsvar med lære-planen etter lova § 4–4.

Av gjeldande § 4–2 første ledd går det fram at «lær-lingen og lære-kandidaten er arbeidstakarar i lære-bedrifta». Dette kan medføre uklarleik i dei tilfella der lære-bedrifta er eit opplæringskontor. Etter arbeidsmiljølova § 14–5 skal det teiknast skriftleg arbeidsavtale mellom arbeidstakar og arbeidsgivar. Av forarbeida til opplæringslova går det fram at arbeidsgivar for lærlingen og lære-kandidaten er den bedrifta der lærlingen eller lære-kandidaten er plassert, ikkje opplæringskontoret. Dette bør gå klart fram direkte av opplæringslova, og departementet støttar av den grunn forslaget frå arbeidsgruppa om at § 4–2 første ledd blir endra slik at det står eksplisitt at lærlingen og lære-kandidaten er arbeidstakarar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i.

Lærekontrakten eller opplæringskontrakten blir teikna mellom lærlingen eller lære-kandidaten og lære-bedrifta, sjå lova § 4–5 første ledd. Ei lære-bedrift kan etter lova § 4–3 første ledd vere enkelt-bedrift, offentleg etat eller institusjon og organ for samarbeidande bedrifter (opplæringskontor eller opplæringsring). Der lære-bedrifta er eit opplæringskontor, blir lærekontrakten eller opplæringskontrakten teikna med kontoret. I tilfelle der lære-bedrifta er ein opplæringsring, blir kontrakten teikna med den bedrifta som skal ha hovudansvaret for opplæringa av lærlingen eller lære-kandidaten. Etter dette kan lærlingen eller lære-kandidaten ha lærekontrakt eller opplæringskontrakt med éin kontraktpart (opplæringskontoret) og arbeidsavtale med ein annan kontraktpart (der lærlingen

eller lære-kandidaten er plassert). Lærekontrakten regulerer rettane og pliktene for lærlingen og lære-kandidaten etter opplæringslova, medan arbeidsavtalen regulerer rettane og pliktene for lærlingen og lære-kandidaten som arbeidstakarar i bedrifta. Den lærekontrakten som skal brukast, er ein standardkontrakt som departementet har fastsett ved rundskriv, jf. forskrifta § 11–7. Arbeidsavtalen må tilfredsstillе krava i arbeidsmiljølova § 14–6. Lærekontrakten eller opplæringskontrakten heng nøye saman med arbeidsavtalen fordi lærlingordninga i Noreg føreset eit arbeidstakarforhold. Vidare regulerer lærekontrakten og opplæringskontrakten forholda for lærlingen eller lære-kandidaten i løpet av arbeidsdagen, der det kan vere umogleg å skilje læring og verdiskaping frå kvarandre. Samtidig regulerer dei forhold som er regulerte i både opplæringslova og arbeidsmiljølova. Av den grunn er det i praksis fleire lærebedrifter som nyttar lærekontrakten eller opplæringskontrakten også som arbeidsavtale, noko som er uheldig. Departementet meiner at lærekontrakten eller opplæringskontrakten og arbeidsavtalen bør vere to separate dokument, særleg fordi det ikkje er formålstenleg at standardkontrakten tek omsyn til dei til kvar tid gjeldande føresegnene i arbeidsmiljølova, og fordi det i opplæringskontor kan vere forskjellige kontraktpartar for læreforholdet og arbeidsforholdet. Ved å ha to separate dokument blir lærekontrakten og opplæringskontrakten reindyrka som kontraktar om opplæring etter opplæringslova, medan arbeidsavtalen regulerer rettane og pliktene som arbeidstakar, slikt som lønn og arbeidstid m.m. Samtidig vil det vere klargjerande dersom det blir synleggjort i lærekontrakten eller opplæringskontrakten at det også skal teiknast arbeidsavtale. Det vil da komme fram av standardkontrakten at lærlingen og lære-kandidaten også som arbeidstakarar har rettar og plikter som følgjer av lover og tariffavtalar. På denne bakgrunn støttar departementet forslaget frå arbeidsgruppa om at standardkontrakten bør endrast slik at han inneheld ei tilvising til den arbeidsavtalen/dei arbeidsavtalane som skal teiknast.

Departementet støttar forslaget om at lova § 4–2 andre ledd blir endra slik at det går eksplisitt fram at arbeidsavtalen fell bort ved heving av lærekontrakten etter § 4–6. Arbeidsavtalen er praktisk sett knytt til lærekontrakten eller opplæringskontrakten. Dette går fram av opplæringslova § 4–2 og 4–6. Etter gjeldande rett fell arbeidsavtalen bort når læretida etter lærekontrakten eller opplæringskontrakten er over, sjå lova § 4–2 andre ledd. Lærekontraktar og opplæringskontraktar kan hevast eller endrast etter lova § 4–6. Departementet er

samd i at også arbeidsavtalen bør falle bort der lærekontrakten eller opplæringskontrakten blir heva etter denne lovføresegna. Dei problemstillingane som blir reiste i samanheng med den rett lærlingen og lære kandidaten har til oppseiing, vil på denne måten bli tydelegare regulerte i lova. Denne tydeleggjinga i lova bør dei involverte partane også bli gjorde merksame på direkte gjennom standardavtalen. Departementet støttar derfor forslaget om at standardavtalen bør endrast for å få dette tydelegare fram. Standardavtalen bør også vere tydeleg på at ein arbeidsavtale fell bort når læretida som er fastsett i kontrakten, er over.

Når det gjeld kva for eit regelsett arbeidsavtalar kan hevast etter, er det behov for presiseringar i lova. Dette gjeld både for tilfellet med same kontraktpartar i lærekontrakten eller opplæringskontrakten og arbeidsavtalen, og for tilfellet med forskjellige kontraktpartar. Opplæringslova § 4–2 første ledd jf. § 4–6 siste ledd gir uttrykk for at lærlingen og lære kandidaten har rettar som arbeidstakarar, men at opplæringslova regulerer hevinga av lærekontraktar og opplæringskontraktar. Der det er same kontraktpartar i lærekontrakten eller opplæringskontrakten og arbeidsavtalen, heng kontraktane så nøye saman at arbeidsavtalen ikkje vil kunne hevast utan at lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast i samsvar med § 4–6, sjå § 4–6 siste ledd og § 4–5 tredje ledd. Der det er forskjellige kontraktpartar, slik det er der lærlingen eller lære kandidaten har ein lærekontrakt eller opplæringskontrakt med eit opplæringskontor, medan arbeidsavtalen er teikna med den bedrifta dei er plasserte i, er løysinga i lova ei anna. I desse tilfella vil arbeidsgivaren kunne seie opp arbeidsavtalen i medhald av arbeidsmiljølova, medan opplæringskontoret framleis vil vere bunde av lærekontrakten eller opplæringskontrakten og må prøve å finne ei anna bedrift der lærlingen eller lære kandidaten kan få den opplæringa han eller ho har krav på etter lova. Departementet meiner at det som her er omtalt om heving av arbeidsavtalen, bør komme tydelegare fram i både lova og standardkontrakten. Departementet støttar derfor forslaga om klargjering i lova når det gjeld dei aktuelle lovføresegnene og ei presisering av det same i standardavtalen. Ved å gjere opplæringslova og standardkontrakten tydeleg vil dei involverte partane bli gjorde medvitne om dei rettane og pliktene dei har. Koplinga mellom lærekontrakten eller opplæringskontrakten og arbeidsavtalen vil dessutan bli tydelegare enn i dag. Det blir også tydelegare at der arbeidsmiljølova skal stå tilbake for opplæringslova gjeld dette både dei materielle og prosessuelle reglane.

Departementet støttar lovarbeidsgruppa i forslaget om at der det er fleire bedrifter som samarbeider om opplæringa gjennom eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, eller der dei nyttar eksterne til delar av opplæringa, skal ansvarsdelinga gå tydeleg fram av lærekontrakten eller opplæringskontrakten. Dette er viktig mellom anna fordi fylkeskommunen ved vurderinga av om ein lærekontrakt eller opplæringskontrakt skal godkjennast, må ha tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om dei ulike aktørane som skal samarbeide om opplæringa kan gi lærlingen eller lære kandidaten tilfredsstillande opplæring med vurdering og dokumentasjon.

Når det gjeld forslaget om at det i forskrifta bør vere ein rett for lære kandidatar til å klage på vurdering, er det å seie at dette vart innarbeidd i forskrifta kort tid etter at arbeidsutvalet la fram forslaga sine. I forskrifta § 5–1 og dei følgjande er det fastsett reglar om slik klagerett for lære kandidatar, på lik linje med lærlingar, sjå omtalen av gjeldande rett i 6.4.1.

Departementet støttar forslaget frå lovarbeidsgruppa om at § 4–6 første ledd bør endrast slik at ein lærekontrakt kan gjerast om til ein opplæringskontrakt. Lova § 4–6 opnar i dag berre for at opplæringskontrakten for lære kandidaten kan endrast til lærekontrakt, og departementet meiner det bør vere tilsvarende høve til å endre lærekontrakten for ein lærling til ein opplæringskontrakt. Etter gjeldande føresegner kan dette berre skje gjennom heving av lærekontrakten etter vilkåra i lova § 4–6, og deretter inngåing av ein opplæringskontrakt. I dei tilfella da det i løpet av læretida viser seg at lærlingen ikkje vil kunne nå måla i læreplanverket, bør lova opne for at opplæringa kan bli gjennomført utan å måtte gå vegen om slik heving av lærekontrakten.

Departementet sluttar seg til forslaget om at det bør formast ut standardkontrakt for lære kandidatar på same måte som tilfellet er med kontrakt for lærlingar. Lære kandidatar og lærlingar har same behov for ein slik standardkontrakt.

Departementet støttar vidare forslaget om at det ikkje skal vere nødvendig med samtykke frå verje når det blir skrive opplæringskontrakt. Ved at siste ledd i lova § 4–5 blir endra slik at det berre står kontrakt, ikkje lærekontrakt, vil den same regelen gjelde for teikning av opplæringskontraktar som for teikning av lærekontraktar. Føresegna vil etter dette samsvare med hovudregelen om den mindreårige og den umyndiggjorde si handleevne til teikning av arbeidsavtalar, sjå verjemålslova §§ 32 og 34.

## 7 Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga

### *Lovregulering av reklame i skolen:*

Det er rekna med at dei foreslåtte lovforslaga vil å ha små økonomiske og administrative konsekvensar.

### *Lovregulering av skoleeigaren sitt ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring:*

Fylkeskommunane er kompenserte for dei større utgiftene til læremiddel og administrasjon som følge av ansvaret for å halde elevane i vidaregåande opplæring med nødvendige trykte og digitale læremiddel, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. Kompensasjon for administrative meirkostnader inkluderer også meirarbeid for fylkeskommunane knytt til ny stipendordning gjennom Lånekassa.

Frittstående vidaregåande skolar med parallelar i den offentlege vidaregåande skolen og med rett til statstilskot, vil få same kompensasjon per elev som fylkeskommunane, dvs. 100 prosent i gjennomsnitt. Departementet vil komme tilbake til dei meir tekniske detaljane når det gjeld fordelinga mellom dei frittstående skolane.

Elevane i vidaregåande skole får eit ikkje-behovsprøvd stipend på mellom 800 og 2 600 kroner per år, avhengig av utdanningsprogram, gjennom Statens lånekasse for utdanning. Dette stipendet skal vere med på å dekkje utgifter til andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr – for eksempel idrettsutstyr, kalkulator, kladdebøker, påkledning i samband med yrkesfag o.l. Delar av stipendet kan også dekkje eigendel for berbar pc.

Gitt at det er 60 000 elevar på Vg2 skoleåret 2007–08, vil ein eigendel til berbar pc på 500 koner frå kvar utgjere 30 mill. kroner.

### *Innføring av føresegn i opplæringslova om godkjenning av vidaregåande skolar basert på bilaterale mellomstatlege avtalar:*

Forslaget om høve til godkjenning har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar. I tillegg det vil bli inngått bilaterale mellomstatlege avtalar om norsk tilskot til slike skolar, må økonomiske og administrative konsekvensar av avtalane vurderast. Departementet tar sikte på at elevane skal omfattast av trekk- og korreksjonsordninga for frittstående og statlege skoler i inntektssystemet.

### *Innføring av føresegn i opplæringslova om kollektiv ulykkesforsikring:*

Åttifem prosent av kommunane og alle fylkeskommunane har allereie ulykkesforsikra elevane. Ein kjenner ikkje det eksakte talet på elevar som i dag er utan slik forsikringsdekning. Dei økonomiske konsekvensane for den einskilde skoleeigar av å innføre eit krav om ulykkesforsikring vil avhenge av kva for krav forskrifta set til dekningsnivået. Departementet føresett at eventuelle meirkostnader blir dekte av skoleeigar. Departementet tar sikte på at forskriftsarbeidet skal gjerast i samarbeid med KS.

### *Endringar i føresegnene i opplæringslova om fag- og yrkesopplæringa:*

Forslaga går i hovudsak ut på å flytte mynde, presisere samansetnaden av yrkesopplæringsnemnder og å presisere og utdjupe eksisterande rettar og plikter. Mange av forslaga inneber tilpassing til gjeldande praksis i fylkeskommunar og lærebedrifter i dag. Departementet antek derfor at forslaga til endringar i føresegnene i opplæringslova om fag- og yrkesopplæringa ikkje medfører auka økonomiske kostnader. Det er foreslått at fylkeskommunane skal gjere endeleg vedtak i ein del saker som tidlegare låg til yrkesopplæringsnemnda.

## 8 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### 8.1 Endringar i opplæringslova

#### *Til § 2–12 tredje ledd*

Regelen er supplert med tilvisingar til §§ 9–6 og 13–3b for at dei nye reglane om reklame og plikta til å sørje for ulykkesforsikring også skal gjelde for private skolar godkjende etter opplæringslova § 2–12.

#### *Til § 3–1 niande ledd*

Føresegna gjeld for alle som blir tekne inn i til offentlig vidaregåande opplæring, også personar som retten til vidaregåande opplæring etter § 3–1 eller § 4A–3 ikkje omfattar.

Når vidaregåande skolar blir drivne av staten eller av kommunar, har desse eit tilsvarande ansvar som fylkeskommunen.

Med «andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr» er meint for eksempel kladdebøker, lommekalkulator, påkledning i yrkesfag o.l.

Departementet gir forskrift om innføringstakt og om eigendel for berbare pc-ar.

Departementet viser elles til kapittel 3.4.

#### *Til § 3–3*

Endringane i *tredje og fjerde ledd* i føresegna er hovudsakleg av lovteknisk art for å forenkle lovbruken etter paragrafen.

*Tredje ledd* andre punktum er delvis ei vidareføring av tidlegare sjette ledd. Det er presisert at departementet kan gi forskrifter om kva for fag som skal ha læretid i bedrift, og om opplæringsordninga for dei ulike faga. Det følgjer av referansen til § 3–4 at forskrifter om unntak frå læreplanverket og målkrava i læreplanane må ha heimel i § 3–4 og ikkje lenger kan fastsettast med heimel i § 3–3.

I *fjerde ledd* er det klargjort at fylkeskommunen i det enkelte tilfellet kan godkjenne lærekontraktar og opplæringskontraktar som fastset unntak frå den fastsette opplæringsordninga. Dette gjeld fordelinga av opplæringa mellom skole og bedrift og ei anna fordeling mellom år av måla i læreplanen. Heimelen opnar ikkje for å gjere unntak frå dei måla som er fastsette for faget i læreplanen. Slike

unntak må ha heimel i § 3–4. Dei unntak fylkeskommunen gjer i den enkelte lærekontrakten og opplæringskontrakten, vil vere forvaltningsvedtak.

Presiseringa av heimelen for departementet til å gi nærmare forskrifter om avvik frå opplæringsordninga i fjerde ledd, omfattar både § 6–40 og §11–12 i gjeldande forskrift. Det inneber inga realitetsendring samanlikna med gjeldande rett.

*Sjette ledd* tilsvarer tidlegare femte ledd, men pliktsubjektet er endra frå vidaregåande skolar til fylkeskommunen. Det er fylkeskommunens ansvar å tilby vidaregåande opplæring. I tillegg er omgrepet teoriopplæring ikkje lenger i lova, sidan omgrepet ikkje lenger blir nytta. Fylkeskommunen vil ikkje med dette vere pliktig til å tilby alle moglege fag til kvar tid, men bør vere merksam på denne konkrete plikta ved godkjenning av lærekontraktar og godkjenning av opplæringskontraktar, og der lærebedrifta synleggjer at andre enn bedrifta skal stå for delar av opplæringa. I dei tilfella da fylkeskommunen godkjenner ein slik kontrakt, vil fylkeskommunen ha plikt til å tilby den opplæringa som lærebedrifta har oppgitt at andre enn lærebedrifta skal gi lærlingen eller lære kandidaten.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

#### *Til § 3–5*

*Andre ledd* inneber at ansvaret for å godkjenne praksis for praksiskandidatar etter § 3–5 blir flytt frå fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen.

#### *Til ny § 3–11*

Første punktum gir departementet heimel for å godkjenne private vidaregåande skolar der det ligg føre ein mellomstatleg avtale mellom Noreg og ein annan stat om opprettinga av tilbodet.

Etter andre punktum har departementet høve til å gjere unntak frå opplæringslova og forskrifta til opplæringslova i samband med godkjenninga. Dette inneber at føresegnene i opplæringslova og forskrifta til opplæringslova gjeld i den utstrekning dei ikkje er eksplisitt unnatekne.

*Til overskrifta i § 4–1*

Overskrifta er endra slik at lærekandidat også blir nemnd, for på denne måten å synleggjere lærekandidaten i opplæringslova og for at overskrifta betre skal dekkje innhaldet i føresegna.

*Til § 4–2*

Overskrifta er endra slik at lærekandidat også blir nemnd, for på denne måten å synleggjere lærekandidaten i opplæringslova og for at overskrifta betre skal dekkje innhaldet i føresegna.

Føresegna får eit nytt *første ledd* som uttrykkjer den rett lærlingen og lærekandidaten har til å få opplæring i samsvar med lærekontrakten og opplæringskontrakten. Av standardkontrakten, fastsett av departementet, følgjer at bedrifta pliktar å gi den opplæring som er fastsett i læreplanen. Endringa gjer det tydeleg kva lærlingen og lærekandidaten har rett til når det gjeld opplæring i bedrift.

*Andre ledd* er ei vidareføring av det tidlegare første ledd, men presiserer fleire forhold som tidlegare ikkje var klart uttalte i lova. Kven som har arbeidsgivaransvaret for lærlingen og lærekandidaten blir presisert i første punktum. Omgrepet *lærebedrift*, som er brukt i gjeldande rett, er for upresist, sidan lærebedrifta etter opplæringslova også kan vere fleire samarbeidande bedrifter. Endringa gjer det enda tydelegare i lova at arbeidsavtalen er knytt til ein lærekontrakt eller ein opplæringskontrakt, og at der arbeidsavtalen og lærekontrakten eller opplæringskontrakten er teikna med dei same partane, kan arbeidsavtalen derfor ikkje hevast utan at lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast etter § 4–5 tredje ledd eller etter § 4–6. Der det er ulike kontraktspartar, vil lærekontrakten eller opplæringskontrakten framleis gjelde sjølv om arbeidsavtalen blir heva i medhald av arbeidsmiljølova. Dette vil særleg gjelde der lærlingen eller lærekandidaten har ein lærekontrakt eller ein opplæringskontrakt med eit opplæringskontor.

*Tredje ledd* er ei vidareføring og presisering av tidlegare andre ledd. Endringa gjer det klart at arbeidsavtalen også fell bort der lærekontrakten eller opplæringskontrakten blir heva etter § 4–6.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

*Til § 4–3*

I *første ledd* er ansvaret flytta frå yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen. Yrkesopplæringsnemnda skal likevel gi ei fagleg vurdering av

bedrifta før godkjenning. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på vurderinga frå nemnda før han vurderer bedrifta mot dei andre vilkåra i føresegna. Samtidig blir definisjonen av lærebedrift forenkla for å synleggjere utviklinga i offentlig og privat sektor. Definisjonen inneber inga realitetsendring.

*Andre ledd* er nytt. Det blir lovfesta at kvar enkelt bedrift som driv opplæring av lærlingar og lærekandidatar, treng godkjenning frå fylkeskommunen. Dette inneber at dei bedriftene som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, treng godkjenning for den delen av opplæringa som dei står føre. Det betyr vidare at der eit opplæringskontor eller ein opplæringsring tek opp ein ny medlem eller mister ein medlem, må dette meldast til fylkeskommunen, så han kan vurdere den nye samansetnaden av kontoret eller ringen mot krava til godkjenning gitt i opplæringslova med forskrifter.

*Tredje ledd* er ei vidareføring og presisering av det tidlegare andre ledd. Første punktum klargjer at lærebedrifta må vere ei slik verksemd og ha slikt utstyr at ho kan gi ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen. Andre punktum presiserer at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring som skal bli godkjend etter første ledd, må kunne dokumentere at medlemsbedriftene til saman vil oppfylle krava om innhald i opplæringa gitt i forskrift i medhald av § 3–4. Dette må lesast i samanheng med nytt andre ledd, der det er krav om at kvar enkelt bedrift skal godkjennast av fylkeskommunen. Vidare blir det presisert at opplæringskontoret og opplæringsringane må ha føresegner som regulerer forholdet mellom dei og bedriftene, kva den enkelte bedrifta skal gi av opplæring, og fordelinga av tilskotet mellom dei samarbeidande bedriftene. Dette inneber ikkje noko krav om korleis fordelinga av tilskotet skal vere, berre at føresegnene skal innehalde føresegner om fordelinga. I forskrifta §§ 11–2 og 11–3 er det krav om vedtekter eller avtale mellom bedriftene, og det er ikkje meint som ei realitetsendring i forhold til dette kravet, utover innhaldskrava til føresegnene. Der opplæringskontoret er organisert som eit AS, kan dei føresegnene det er krav om etter opplæringslova, skrivast inn i dei vedtektene bedrifta skal ha etter lov om aksjeselskap av 13. juni 1997 nr. 44 §§ 2–1, jf. 2–2.

Det er vidare gjort klart at lærebedrifta kan ha fleire faglege leiarar, og det blir lovfesta krav om ein eller fleire instruktør(ar). Lovkravet gjeld for kvar enkelt bedrift, også dei som er medlemmer i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring. Fag-

leg leiar og instruktør ved bedrifta kan vere ein og same person.

*I fjerde ledd* er departementet framleis gitt kompetanse til å fastsetje nærmare forskrifter om vilkår for godkjenning av lærebedrifter. Nytt er presiseringa av at kompetansen også gjeld nærmare forskrifter om tap av godkjenning. Dette inneber inga realitetsendring samanlikna med gjeldande rett.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

#### Til § 4–4

*Første ledd* er endra slik at plikter for lærebedrifta når det gjeld opplæringa av lærlingen og lære kandidaten kjem tydelegare fram av lova. Omgrepet teoriopplæring blir teke ut av lova og erstatta med ei meir generell formulering. Plikta til å ha ein intern plan for opplæringa, som etter gjeldande rett står i forskrifta § 11–1, følgjer etter endringa direkte av lova. Tidlegare siste punktum i første ledd går ut av lova sidan det ikkje var i samsvar med hovudprinsippet om utbetaling av tilskot til bedriftene. Der fylkeskommunen står føre delar av opplæringa, har han høve til å halde tilbake ein forholdsmessig del av tilskotet, sjå forskrifta § 11–6 siste ledd.

*I andre ledd* er det gjort enkelte endringar i ordlyden for å gjere det ansvar for lærebedrifta har når det gjeld arbeids- og læringsmiljø, tydelegare. Omgrepet skoletid blir erstatta med opplæringstid, for å harmonisere omgrepsbruken med læreplanane.

*Fjerde ledd* er endra slik at melding ikkje lenger skal givast til yrkesopplæringsnemnda, men til fylkeskommunen.

*Femte ledd* er endra for å synleggjere formålet med tilskotsordninga for bedrifter som har lærlingar og lære kandidatar. Tilskotet skal heilt ut gå til å finansiere dei utgiftene bedriftene har med å ha lærlingar eller lære kandidatar.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

#### Til § 4–5

Overskrifta er endra slik at opplæringskontrakt også blir nemnd, for å synleggjere lære kandidaten i opplæringslova og for at overskrifta betre skal dekkje innhaldet i føresegna.

*Første ledd* nytt tredje punktum slår fast at det skal gå fram av lærekontrakten og opplæringskontrakten kven som har ansvaret for dei ulike delane

av opplæringa etter læreplanen for faget. I vurderinga av om ein lærekontrakt eller ein opplæringskontrakt skal godkjennast, må fylkeskommunen vurdere om dei ulike aktørane som skal samarbeide om opplæringa av lærlingen eller lære kandidaten, kan gi tilfredsstillande opplæring.

*I andre ledd* er ansvaret for å godkjenne kontraktar, som tidlegare låg til yrkesopplæringsnemnda, lagt til fylkeskommunen. Vidare er det presisert at lærekontrakten eller opplæringskontrakten skal vise til arbeidsavtalen(ane).

Tidlegare særføresegn i *tredje ledd* om når lærekontrakt skal teiknast for lærlingar som har fylt 21 år med full opplæring i bedrift, er teke ut av lova. Etter dette vil hovudregelen etter første ledd i føresegna gjelde også for desse lærlingane. Tredje ledd andre punktum er endra for å gjere tydeleg føresegna sitt forhold til hovudregelen om heving av lærekontrakt og opplæringskontrakt i § 4–6.

*Fjerde ledd* er endra slik at det berre står kontrakt, ikkje lærekontrakt. Med denne endringa vil den same regelen gjelde for teikning av opplæringskontraktar som ved teikning av lærekontraktar. Departementet viser i denne samanheng til verjemålslova §§ 32 og 34 om handleevna til den mindreårige og den umyndiggjorde når det gjeld teikning av arbeidsavtalar.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

#### Til § 4–6

Overskrifta er endra slik at opplæringskontrakt også er nemnd, for å synleggjere lære kandidaten i opplæringslova, og for at overskrifta betre skal dekkje innhaldet i føresegna.

*Første ledd* har fått eit nytt andre punktum som opnar for at ein lærekontrakt kan endrast til ein opplæringskontrakt. Vilkåra er dei same som etter første punktum, som opnar for at ein opplæringskontrakt under visse vilkår kan endrast til lærekontrakt.

Alle oppgåvene etter denne paragrafen, som har lege til yrkesopplæringsnemnda i tilknytning til endring av opplæringskontraktar eller heving av lærekontraktar, er flytta til fylkeskommunen. Der fylkeskommunen ikkje klarer å skaffe ein lærling ny lære plass, sjå åttande ledd i føresegna, vil fylkeskommunen ha ansvar etter lova § 3–3 femte ledd.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

*Til § 4–7*

Det er fleire grunnar til at føresegna er kommen inn i lova. Bruken av tilsynsombegrepet i opplæringslova skal reserverast for statens tilsyn med at lov og forskrifter blir etterlevde. Omgrepet kvalitets-sikring er betre å bruke om det arbeidet lærebedriftene skal gjere for å sikre at dei oppfyller lov og forskrifter. Vidare er det viktig at opplæringslova presiserer at det er lærebedrifta som har det overordna ansvaret for at bedrifta oppfyller krava i lova. Samtidig vil det vere praktisk at ein fagleg leiar har ansvaret for ein del av dei praktiske oppgåvene knytte til kvalitetssikringa, og at den faglege leiarer er ein person som fylkeskommunen, lærlingane og lærekandidatane kan halde seg til.

*Første ledd* slår fast at den enkelte lærebedrifta skal arbeide med kvalitetssikring, og at ho har ansvaret for å ha internkontroll for å sikre at lærlingen og lærekandidaten får opplæring i samsvar med opplæringslova og forskrifter gitt i medhald av lova. Den eller dei faglege leiarane i bedrifta skal samen med representant(ar) for arbeidstakarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer dei pliktene som følgjer av lova og aktuelle forskrifter.

*Andre ledd* første punktum pålegg lærebedrifta å gi ein årleg rapport til fylkeskommunen om opplæringsverksemda. Dette vil danne grunnlag for det vidare arbeidet i fylkeskommunen med å utvikle fag- og yrkesopplæringa i fylket. Fylkeskommunen kan leggje rapportane fram for yrkesopplæringsnemndene til diskusjon. Etter andre punktum har departementet heimel for å gi forskrifter om rapporteringsplikta for lærebedriftene.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

*Til § 4–8*

Det følgjer av føresegna at dei praktiske oppgåvene knytte til fag- og yrkesopplæringa, som lova tidlegare la til yrkesopplæringsnemnda, etter endringa er lagde til fylkeskommunen. Yrkesopplæringsnemnda hadde tidlegare oppgåver knytte til formidling. Både denne regelen og heimelen for at departementet kan gi nærmare forskrifter om formidling, er fjerna. Bakgrunnen er at desse var vanskelege å gjennomføre, og at det er ei betre ordning at fylkeskommunen finn ein måte å gjere dette på der det kan takast omsyn til dei lokale utfordringane. Formidling av læringar og lærekandidatar er ikkje eigna for sentralt fastsette reglar.

*Andre ledd* gjer tydeleg fylkeskommunens plikt til å leggje enkelte saker fram for yrkesopplærings-

nemnda før dei blir avgjorde i fylkeskommunen. Det er forventa at fylkeskommunen skal leggje fram fleire saker for nemnda enn det er plikt til, da det er fleire saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunen får vidare plikt til å leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga yrkesopplæringsnemnda gir av ei bedrift, i saker om godkjenning av lærebedrift og tap av godkjenning. Fylkeskommunen må leggje saka fram for yrkesopplæringsnemnda før han eventuelt vurderer bedrifta mot dei ytterlegare vilkåra i lova.

*I femte ledd* er oppgåva med å nemne opp prøvenemnder lagd til fylkeskommunen. Det følgjer av føresegna at oppnemninga skal gjerast etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

*Til § 4A–3 fjerde ledd*

Departementet viser til merknader til § 3–1 niande ledd.

*Til ny § 9–6*

Føresegna pålegg skoleeigaren plikt til å sørgje for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar. I ordlyden blir det spesielt peikt på skolen sitt område, lærebøker og læremiddel. Bakgrunnen er at dette er sentrale delar av skolekvardagen for elevane. Det er ikkje meint å vere ei uttømmende opp-listing.

Føresegna vil i praksis bety at det ikkje vil vere tillate med noka form for reklame som skolen meiner vil kunne ha uheldig påverknad på elevane, samtidig som ho opnar for at reklame m.m. som ikkje er skadeleg, framleis kan nyttast. Føresegna er fleksibel ved at vurderinga av kva som er uønskt eller uheldig påverknad, vil variere, avhengig av alder og modnad hos elevane.

Føresegna er ikkje meint å ramme bruk av Internett, TV, aviser, blad m.m. som ledd i undervisninga. Bedriftsbesøk og partnerskap mellom skole og lokalt arbeids- og næringsliv vil også falle utanom føresegna.

Med «skolens område» er meint bygningsmassen innvendig og utvendig, skolegarden og eventuelt anna uteareal. Somme skolar bruker eksterne bygningar til undervisningslokale og symjeundervisning, eller eksterne trenings- og sportshallar som gymsal. Eventuell reklame i desse bygningane vil ikkje vere ramma av lovføresegna.

Føresegna gjeld for alle skolar som driv verksemda etter opplæringslova, både grunnskolar og vidaregåande skolar. Det er skoleeigaren som har det formelle ansvaret for å vurdere kva for reklameformer som er akseptable eller ikkje. Når det gjeld skolar som blir drivne etter friskolelova, er det tilsvarande ansvaret lagt til styret. Kommunar, fylkeskommunar og styra bør sjølv kunne avgjere kven som skal ha mynde til å gjere slike vurderingar.

#### Til § 12–3

Tilvisingane i *første ledd* er endra sidan alle oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda no med eitt unntak er samla i opplæringslova § 12–4. Nemnda har også ei oppgåve etter § 12–3 siste ledd.

I *andre ledd* er det overlate til fylkeskommunen å avgjere kor mange medlemmer det skal vere i yrkesopplæringsnemnda. Det gjeld likevel nokre avgrensingar her, da representantane frå arbeidslivet skal vere i fleirtal, og nemnda minst skal ha éin elev-, lærling- eller lære kandidatrepresentant. At det er opna for at det kan sitje ein elevrepresentant i nemnda, er nytt. Fylkeskommunen skal sørgje for at representantane til saman har breiast mogleg innsikt i fag- og yrkesopplæringa i skole og bedrift, og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det er føresett at fylkeskommunen vel medlemmer til nemnda som kan medverke til god fag- og yrkesopplæring i fylket, og som kan sjå heilskapen i det fireårige opplæringsløpet. Betydninga av at fylkeskommunen vurderer å ha medlemmer i nemnda frå det pedagogiske personalet, følgjer av femte punktum, som presiserer at fylkeskommunen har høve til å be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer.

*Tredje ledd* fører vidare delar av tidlegare andre ledd. Dette er gjort for å lette lovbruken. Yrkesopplæringsnemnda skal konstituere seg sjølv, og fylkeskommunen skal derfor ikkje peike ut leiar og nestleiar for nemnda.

Fylkeskommunen nemner opp nemnda og vil ofte sjølv vere representert i nemnda, og det står nemnda fritt å kalle inn dei ho meiner bør delta på møta.

I forslaget til ny § 4–8 skal yrkesopplæringsnemnda gi vedtak og fråsegner til fylkeskommunen, som skal ta med vedtaka og fråsegnene i vurderingsgrunnlaget før det blir gjort vedtak i sakene. Av den grunn er tidlegare regel om fylkeskommunens instruksjonskompetanse fjerna.

*Fjerde ledd* lovfestar fylkeskommunen sitt ansvar for å førebu sakene til yrkesopplærings-

nemnda. Å førebu saker som skal behandlast i yrkesopplæringsnemnda vil m.a. innebere å utføre dei praktiske oppgåvene i samheng med arbeidet i yrkesopplæringsnemnda og å innhente den informasjon nemnda ber om.

*Femte ledd* tilsvarer tidlegare sjettem ledd, men med den endring at departementet ikkje kan bestemme kva for oppgåver nemnda kan delegere til fylkeskommunen som saksførebuar. Yrkesopplæringsnemnda bestemmer sjølv arbeidsdelinga for dei oppgåvene nemnda er blitt gitt i lov og forskrift.

*Sjette ledd* fører vidare tidlegare sjuande ledd om yrkesutval.

*Sjuande ledd* er nytt og slår fast at kommune-lova § 14 nr. 1a ikkje skal gjelde for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda. Dette inneber at nemndsmedlemmene kan bu i eit anna fylke enn dei er oppnemnde i, og at to fylke kan ha felles yrkesopplæringsnemnd ved å nemne opp dei same medlemmene i begge fylka.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

#### Til § 12–4

Dei praktiske oppgåvene yrkesopplæringsnemnda tidlegare har hatt, er lagde til fylkeskommunen. Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda vil etter føresegna vere knytte til dei områda det er viktig at nemnda får auka innverknad på. Dette gjeld kvalitet, dimensjonering, rådgiving og regionalt utviklingsarbeid.

Etter *første ledd* skal saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, bli lagde fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen gjer vedtak. Nemnda skal i form av vedtak gi fråsegner til fylkeskommunen. Som det følgjer av forslaget til ny § 4–8, har fylkeskommunen plikt til å leggje frem enkelte saker for nemnda, og han skal ta med vedtak og fråsegner frå yrkesopplæringsnemnda i vurderingsgrunnlaget før vedtak blir gjorde. Endringa styrkjer innverknaden frå yrkesopplæringsnemnda på arbeidet med fag- og yrkesopplæring i fylkeskommunen.

*Sjuande ledd* lovfestar at yrkesopplæringsnemnda kan delegere oppgåver ho er blitt tillagd i lov og forskrift. Dette omfattar også den faglege vurderinga av bedrifter før fylkeskommunen gjer godkjenningvedtak.

Departementet viser til sine vurderingar og forslag i kapittel 6.

*Til ny § 13–3b*

Første punktum lovfestar den plikt kommunen og fylkeskommunen har til å sørgje for ulykkesforsikring for elevane. Ordlyden «sørgje for ulykkesforsikring for elevane,» inneber ein reell valfridom mellom anten å oppfylle plikta gjennom privat forsikring eller gjennom sjølvassurandørordning.

Andre punktum lovfestar heimel for departementet til å gi nærmare forskrifter om ulike sider av forsikringsordninga. Heimelen gir også høve til nærmare regulering av sjølvassuranse, under dette om det skal vere opning for eit slikt alternativ eller ikkje.

## 8.2 Endringar i friskolelova

---

*Til § 6–2 tredje ledd*

Føresegna omfattar ikkje elevar i skolar godkjende etter kapittel 6A.

Departementet viser elles til kapittel 3.4.

*Til § 6A-8 fjerde ledd*

Føresegna presiserer gjeldande rett.

*Til ny § 7–1a*

Føresegna er ny og inneber lovregulering av reklame i friskolelova. Det er styret som har det formelle ansvaret for å vurdere kva for reklameformer som er akseptable. Elles tilsvarear føresegna ny § 9–6 i opplæringslova, og departementet viser til omtalen av denne føresegna framanfor.

*Til ny § 7–1b*

Første punktum lovfestar plikt for friskolen til å sørgje for ulykkesforsikring for elevane. Elles tilsvarear føresegna ny § 13–3b i opplæringslova, og departementet viser til omtalen av denne føresegna framanfor

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova og friskolelova i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om endringer i opplæringslova og friskolelova

### I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 2–12 tredje ledd skal lyde:

For private grunnskolar gjeld også §§ 2–2, 2–5 første, andre, tredje og sjetle ledd, 2–9, 2–10, 2–11, 8–2, 9–1, 9–2, 9–3, 9–4, 9–5, 9–6, kapittel 9a, §§ 10–1, 10–6, 10–9, 11–1, 11–2, 11–3, 11–4, 11–7, 11–10, 13–3b, 13–10, 14–1, 15–3 og 15–4.

§ 3–1 niande ledd skal lyde:

*Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av ugiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.*

§ 3–3 skal lyde:

§ 3–3 Opplæringsordninga for den vidaregåande opplæringa

Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå.

Opplæringa i skole skal omfatte vidaregåande trinn 1, vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3. Kwart trinn skal normalt ha lengd som eitt skoleår.

Fagopplæringa omfattar normalt to års opplæring i skole og eitt års opplæring i bedrift. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år. Departementet gir forskrift i medhald av § 3–4 første leddet om kva for fag som skal ha læretid i bedrift, og nærmare føresegner om opplæringsordninga for dei ulike faga.

*Fylkeskommunen kan i det enkelte tilfellet godkjenne lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga. Departementet kan gi nærmare forskrifter.*

Dersom fylkeskommunen ikkje kan formidle opplæring i bedrift til dei som ønskjer slik opplæring, må også bedriftsdelen av opplæringa skje i skole.

*Fylkeskommunen skal gi tilbod om opplæring som lærlingar og lærekandidatar ikkje kan få i lærebedrifta.*

§ 3–5 skal lyde:

§ 3–5 Fag- og sveineprøve utan læreforhold og skole

Det er mogleg å ta fag- og sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis i faget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida. Fylkeskommunen avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast, og kan i særlege tilfelle godkjenne kortare praksis.

Ny § 3–11 skal lyde:

§ 3–11 Mellomstatleg avtale om privat vidaregåande skole

*Departementet kan godkjenne ein privat vidaregåande skole når det ligg føre ein mellomstatleg avtale om dette. I samband med godkjenninga kan departementet gjere unntak frå krava i opplæringslova og frå forskrift gitt i medhald av lova.*

§ 4–1 overskrifta skal lyde:

§ 4–1 Kven som er lærling og lærekandidat

§ 4–2 skal lyde:

§ 4–2 Særlege rettar og plikter for lærlingen og lærekandidaten

*Lærlingen og lærekandidaten har rett til opplæring i samsvar med lærekontrakten og opplæringskontrakten.*

Lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakarar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar. Der lærlingar og lærekandidatar har teikna både arbeidsavtale og lærekontrakt eller opplæringskontrakt med same part, kan arbeidsavtalen likevel ikkje hevast utan at lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast etter § 4–5 tredje leddet og § 4–6 siste leddet.

Når læretida etter kontrakten er over, eller når kontrakten blir heva etter § 4–6, fell også arbeids-

avtalen bort. Dersom lærlingen eller lærekandidaten skal halde fram i bedrifta, må ein ny arbeidsavtale inngåast.

Lærlingar og lærekandidatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevlar i vidaregåande skole.

Lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilbodet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5. For slik opplæring gjeld § 5–1, bortsett frå andre leddet siste setning, §§ 5–3, 5–4, 5–5 og 5–6 tilsvarande.

§ 4–3 skal lyde:

§ 4–3 Godkjenning av lærebedrift

Bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar eller lærekandidatar, må vere godkjende av fylkeskommunen. Som lærebedrift kan godkjennast *private og offentlege verksemder* og organ for samarbeid mellom bedrifter som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar (opplæringskontor eller opplæringsring). *Lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda før endeleg vedtak blir gjort.*

*For at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjend, må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret eller ringen, vere godkjende av fylkeskommunen. Der samansetjinga av opplæringskontoret eller opplæringsringen endrar seg, skal kontoret eller ringen melde frå til fylkeskommunen, som skal vurdere godkjenninga på ny.*

Ei lærebedrift må kunne gi ei opplæring som tilfredsstillar krava i forskrifter etter § 3–4 om innhaldet i opplæringa. *Der lærebedrifta er eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, skal dei samarbeidande bedriftene dokumentere at dei samla tilfredsstillar krava i forskriftene etter § 3–4 om innhaldet i opplæringa. Opplæringskontoret må ha føresegnar som fastset tilhøvet mellom kontoret og medlemsbedriftene. Opplæringsringen må ha føresegnar som fastset tilhøvet mellom dei samarbeidande bedriftene. Føresegnene skal fastsetje kva den enkelte bedrifta skal gi av opplæring, og delinga av tilskotet mellom bedriftene. Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiari) som har ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa av lærlingane og lærekandidatane.*

Departementet kan gi nærmare forskrifter om vilkår for godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning.

§ 4–4 skal lyde:

§ 4–4 Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.

*Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen og lærekandidaten kan nå måla i den fastsette læreplanen. Dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan, jf. § 5–5 første leddet. Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen eller lærekandidaten får ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. Ifall delar av opplæringa skal givast av andre enn lærebedrifta, skal lærebedrifta leggje til rette for dette.*

Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Arbeids- og opplæringstida til lærlingen og lærekandidaten skal til saman ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget.

Lærebedrifta melder lærlingen til den fagprøva eller sveineprøva som blir halden nærmast den tida da læretida er ute. Lærekandidaten skal ved slutten av kontrakttida få høve til å gå opp til ei kompetanseprøve som viser det nivået opplæringa har ført fram til. Lærebedrifta stiller nødvendig arbeidsplass, materiale, reiskapar og assistenthjelp til rådvelde under prøva. Lærebedrifta får eigedomsretten til produktet. Dersom fagprøva, sveineprøva eller kompetanseprøva blir teken på ein skole og skolen dekkjer materialutgiftene, får skolen eigedomsretten til produktet av prøva.

Dersom lærebedrifta stansar eller utviklar seg på ein slik måte at ho ikkje lenger finn det mogleg å gi lærlingen eller lærekandidaten tilfredsstillande opplæring, skal ho melde frå til fylkeskommunen.

Lærebedrifter får tilskot til opplæringa frå fylkeskommunen etter forskrifter gitt av departementet.

§ 4–5 skal lyde:

§ 4–5 Lærekontrakt og opplæringskontrakt

Det skal opprettast skriftleg lærekontrakt mellom lærebedrifta og lærlingen når læreforholdet tek til. Det skal opprettast skriftleg opplæringskontrakt mellom lærebedrifta og lærekandidaten når læreforholdet tek til. *Det skal gå fram av kontrakten kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa etter den fastsette læreplanen.*

For å bli gyldig må kontrakten godkjennast av fylkeskommunen, og han får da verknad frå den tida arbeidsforholdet tek til. *Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som lærlingen eller lærekandidaten har.* Departementet kan gi nærmare forskrifter om innhaldet i og forma på kontrakten.

Lærlingar som har fylt 21 år og som inngår lærekontrakt med full opplæring i bedrift, jf. § 3–3 sjette leddet, skal ha ei prøvetid på seks månader. I prøvetida kan både lærebedrifta og lærlingen seie opp læreforholdet *utan omsyn til § 4–6*. Reglane i arbeidsmiljøloven §§ 15–3 og 15–6 gjeld også når lærlingen ikkje er skriftleg tilsett på ei bestemt prøvetid.

Det er ikkje nødvendig med samtykke frå verje når det blir skrive *kontrakt*.

§ 4–6 skal lyde:

§ 4–6 Endring og heving av lærekontrakt *og opplæringskontrakt*

Etter samtykke frå *fylkeskommunen* kan opplæringskontrakten mellom lærekandidaten og lærebedrifta endrast i løpet av kontrakttida til ordinær lærekontrakt med fagbrev eller sveinebrev som mål. *Etter samtykke frå fylkeskommunen kan lærekontrakten mellom lærlingen og lærebedrifta i løpet av kontrakttida endrast til opplæringskontrakt med kompetanseprøve som mål.*

Lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast av partane dersom dei er samde om det og etter at lærebedrifta har orientert *fylkeskommunen* skriftleg om det.

Etter samtykke frå *fylkeskommunen* kan kontrakten hevast av både lærebedrifta og av lærlingen eller lærekandidaten dersom

- a) den andre parten gjer seg skyldig i vesentlege brott på pliktene sine i arbeidsforholdet,
- b) lærlingen, lærekandidaten eller lærebedrifta viser seg ute av stand til å halde fram i læreforholdet, eller
- c) lærlingen eller lærekandidaten skriftleg seier frå at det er ei urimeleg ulempe for han eller ho å halde fram ut kontrakttida.

*Fylkeskommunen* avgjer i tilfelle når læreforholdet skal ta slutt. Lærebedrifta skal skrive ut ein attest for den delen av kontrakttida som er gjennomført med ei fråsegn om denne delen av opplæringa.

Når lærlingen eller lærekandidaten frivillig hevar kontrakten, fell retten til vidaregåande opplæring etter § 3–1 bort dersom *fylkeskommunen* ikkje vedtek noko anna. Når det blir gjort vedtak om å heve ein kontrakt etter krav frå lærebedrifta, beheld lærlingen eller lærekandidaten retten til vidaregåande opplæring med mindre vedtaket fastset at retten fell bort.

Før det blir gjort vedtak om heving etter krav frå lærebedrifta eller før det blir gjort vedtak om tap av rettar, skal lærlingen eller lærekandidaten kunne forklare seg munnleg for den som skal gjere vedtaket.

Etter samtykke frå *fylkeskommunen* kan læretida avbrytast i samband med permisjon.

Dersom lærebedrifta stansar eller ikkje lenger fyller vilkåra for godkjenning etter § 4–3, eller dersom *fylkeskommunen* finn at opplæringa ikkje er tilfredsstillande, skal fylkeskommunen søkje å skaffe lærlingane eller lærekandidatane ny læreplass for resten av kontrakttida. Den nye lærebedrifta går inn i kontrakten i staden for den tidlegare lærebedrifta. Etter samtykke frå *fylkeskommunen* kan kontrakttida i den nye lærebedrifta gjerest inntil eitt år lengre dersom opplæringa har vore mangelfull.

Lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan ikkje endrast eller hevast på annan måte enn etter denne paragrafen. Unntak gjeld for lærlingar som har prøvetid etter § 4–5 tredje leddet.

§ 4–7 skal lyde:

§ 4–7 Internkontroll i den enkelte lærebedrifta

*Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring, slik at lærlingen eller lærekandidaten får opplæring i samsvar med lova her og forskrifta til denne. Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift.*

*Lærebedrifta skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar og lærekandidatar. Departementet kan gi nærmare forskrifter om rapporteringsplikta til lærebedrifta.*

§ 4–8 skal lyde:

§ 4–8 Oppgåvene til fylkeskommunen knytte til fag- og yrkesopplæringa

*Fylkeskommunen har også oppgåver etter §§ 4–3, 4–5 og 4–6, knytte til fag- og yrkesopplæringa. I samband med godkjenning av lærebedrifter skal fylkeskommunen rettleie og følgje opp bedriftene, i tillegg til å kontrollere at den enkelte bedrifta fyller krava for å få godkjenning.*

*Fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. Saker om godkjenning av lærebedrifter, tap av godkjenningar og kvalitetssystemet for fag- og yrkesopplæringa skal alltid leggjast fram for nemnda. Fylkeskommunen skal leggje vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt når han avgjer saker som gjeld fag- og yrkesopplæringa. I samband med godkjenning av lærebedrift eller vedtak om tap av godkjenning skal fylkeskommunen leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda, jf. § 4–3.*

*Fylkeskommunen skriv ut fagbrev og sveinebrev på grunnlag av greidd prøve, og kompetansebevis for opplæring som er gjennomført.*

*Fylkeskommunen godkjenner praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveineprøve utan læretid, jf. § 3–5.*

*Etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda nemner fylkeskommunen opp ei, eller om nødvendig fleire prøvenemnder for dei faga det er prøve-kandidatar i. Fylkeskommunen kan eventuelt nemne opp prøvenemnder i samarbeid med andre fylkeskommunar.*

§ 4A–3 fjerde ledd skal lyde:

*Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde vaksne som får vidaregåande opplæring, med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Vaksne som får vidaregåande opplæring, kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av ugiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje vaksne som får vidaregåande opplæring, å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.*

Ny § 9–6 skal lyde:

§ 9–6 Om reklame i skolen

*Skoleeigaren skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.*

§ 12–3 skal lyde:

§ 12–3 Yrkesopplæringsnemnder og yrkesutval

*Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4–3, 12–3 og 12–4.*

*Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst ein representant for elevar, lærlingar eller lære-kandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.*

*Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lære-kandidatane blir oppnemnde for to år om gongen.*

*Fylkeskommunen skal førebu dei sakene nemnda skal behandle.*

*Departementet kan gi nærmare forskrifter om arbeidet i nemnda.*

*Nemnda skal nemne opp eit rådgivande yrkesutval for kvart av faga eller fagområda, eller nytte prøvenemnda som yrkesutval. Departementet kan gi forskrifter om samansetjinga av og verksemda til yrkesutvala.*

*Kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a gjeld ikkje for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.*

§ 12–4 skal lyde:

§ 12–4 Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda

*Nemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.*

*Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter § 4–8 er pliktig til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunens kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.*

*Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal særleg*

- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
  - vurdere og uttale seg om rutinane i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
  - vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
  - vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
  - vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast
- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.*

*Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.*

*Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.*

*Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.*

Ny § 13–3b skal lyde:

*§ 13–3b Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørge for ulykkesforsikring*

*Kommunen og fylkeskommunen pliktar å sørge for ulykkesforsikring for elevane. Departementet kan gi nærmare forskrift om ulykkesforsikring.*

§ 15–2 noverande fjerde ledd blir oppheva.

## II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 6–2 tredje ledd skal lyde:

*Vidaregåande skolar kan ikkje krevje noka form for betaling for opplæringa frå elevar eller foreldre utover det som følgjer av denne føresegna. Skolen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av ugiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Skolen kan påleggje elevane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.*

§ 6A–8 fjerde ledd skal lyde:

*Skolane kan påleggje elevane å halde seg med undervisningsmateriell og utstyr til eige bruk som opplæ-*

*ringa til vanleg gjer det nødvendig å ha, og dei kan krevje betaling frå elevane for utgifter til å kopiere slikt materiell. Skolane kan ikkje krevje noka form for betaling for opplæringa frå elevar eller foreldre utover det som følgjer av denne føresegna.*

Ny § 7–1a skal lyde:

*§ 7–1a om reklame i skolen*

*Skolen skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker eller andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.*

Ny § 7–1b skal lyde:

*§ 7–1b Plikt for skolen til å sørge for ulykkesforsikring*

*Skolen pliktar å sørge for ulykkesforsikring for elevane. Departementet kan gi nærmare forskrift om ulykkesforsikring.*

## III

Lova gjeld frå det tidspunkt Kongen fastset. Dei enkelte føresegnene i lova kan setjast i verk til ulik tid.

## IV

Departementet kan i forskrift fastsetje overgangsreglar.